

### Møteinnkalling

<b>Utval:</b>	<b>Styret for Fagskulen Vestland</b>
<b>Møtestad:</b>	Grand Hotel Terminus: Zander Kaaes gate 6, 5015 Bergen
<b>Dato:</b>	07.12.2023
<b>Tid:</b>	Kl. 09:00

Oppmodar om at avklaring om habilitet vert meldt i forkant av møtet.

Dersom nokon av medlemmene i styret ikkje kan møte og må melda forfall, vert dei bedne om å gjere dette snarast til [Ingrid.Fagerheim.Settem@vlfk.no](mailto:Ingrid.Fagerheim.Settem@vlfk.no).

Innkallinga gjeld valde medlemmer i Styret for Fagskulen Vestland. Ved eventuelt forfall frå faste medlemmer vil varamedlemmer bli kalla inn særskilt.

- Kl. 09:00 Velkommen ved rektor
- Kl. 09:15 Orienteringar frå administrasjonen
- Kl. 10:15 Presentasjonar frå utdanningsleiarane
- Kl. 10:30 Kaffipause
- Kl. 10:45 Forts. presentasjonar frå utdanningsleiarane
- Kl. 12:00 Lunsj
- Kl. 13:00 Sakshandsaming
- Kl. 14:00 Kaffipause
- Kl. 15:00 Avslutning

**Oddmund Klakegg**

Styreleiar

## Sakliste

<b>Utvals- saknr</b>	<b>Innhald</b>	<b>Arkiv- saknr</b>	<b>U.Off</b>
--------------------------	----------------	-------------------------	--------------

GK 12/23	Godkjenning av møteinnkalling og sakliste	2022/486	
----------	---	----------	--

GK 13/23	Godkjenning av møteprotokoll frå 30.10.2023	2022/486	
----------	---	----------	--

### **Referatsaker**

RS 09/23	Merkevareplattform	2022/486	
----------	--------------------	----------	--

RS 10/23	Opptak 2023	2022/486	
----------	-------------	----------	--

### **Vedtaksaker**

VS 17/23	Kvalitetsmelding for skuleåret 2022-2023	2022/486	
----------	--	----------	--

VS 18/23	Mellombels tilbudsstruktur 2024/25	2022/486	
----------	------------------------------------	----------	--

VS 19/23	Søknad til styret om akkreditering av utdanninga «Grøn omstilling i byggebransjen» 60 stp.	2022/486	
----------	--	----------	--

VS 20/23	Møteplan for 2024	2022/486	
----------	-------------------	----------	--

VS 21/23	Endring av namn på utdanninga «Driftsinspeksjon innan isolering»	2022/486	
----------	--	----------	--

---

<b>Saksnr:</b>	2022/486-111
<b>Saksbehandlar</b>	Hege Aarethun
<b>Dato:</b>	01.12.2023

---

---

**Til:** Styret for Fagskulen Vestland

---

**Frå:** Rektor

---

## Merkevareplattform

8. desember 2022 vedtok fagskulestyret *VS 29/22 Strategi for Fagskulen Vestland 2023-2027*.

I vedtaket heiter det at «Fagskulen skal lage ein strategiplan for synlighet, marknadsføring og kommunikasjon». I strategien står det vidare at Fagskulen Vestland skal arbeide med synlegheit gjennom mellom anna å «utvikle ein strategi for marknadsføring og kommunikasjon» og «utvikle ein heilskapleg profil for Fagskulen Vestland».

*VS 11/23 Ny visuell profil* vart vedtatt i styremøte 1. september 2023. Profilen er utvikla av mediebyrået MediaPlus, som fylkeskommunen har rammeavtale med, saman med ei arbeidsgruppe frå Fagskulen Vestland.

Hausten 2023 fekk MediaPlus også i oppgåve å utvikle ein merkevareplattform. Denne skal ligge til grunn for korleis Fagskulen Vestland kommuniserer – og korleis vi skal måle resultat av kommunikasjonen vår.

Før arbeidet tok til hadde MediaPlus gjennomført ei kjennskapsundersøking. Der kom det fram at heile kategorien «fagskule» er svært lite kjent i samfunnet generelt. Det gjer at kjennskap til sektoren i seg sjølv bør vere eit kommunikasjonsmål, og underbygger behov for tiltak som bidreg til å gjere fagskoleutdanningane generelt meir kjent og Fagskulen Vestland spesielt.

### Prosjektorganisering

**Administrasjonsleiar** eig prosessen, medan **MediaPlus** legg til rette ved å sikre framdrift, faglege rammer, skriv oppsummeringar og utarbeider avgjerdsgrunnlag for kvar fase av prosjektet.

**Arbeidsgruppa** er sett saman av **utdanningsleiarane**. Denne gruppa blir brukt aktivt for dialog og involvering. Utdanningsleiarane har ansvar for å forankre prosessen i sine avdelingar.

**Styringsgruppa**, som består av **rektoratet**, blir orientert om framdrift, gjer strategiske val og godkjenner dei ulike fasane før arbeidet går vidare.

### Prosess

Arbeidet fekk ein god start i Bergen 4. oktober, der både arbeidsgruppa og styringsgruppa deltok på arbeidsverkstad. Her gav MediaPlus faglege innføringar, før vi løyste ei rekke oppgåver. Vi definerte mellom anna kvifor fagskulen er til, såg på styrkar og svakheiter, og kva vi ønsker at folk skal assosiere med Fagskulen Vestland. Vi sette oss også målbare mål for kommunikasjonen.

MediaPlus laga eit samandrag av det som kom fram i arbeidsverkstaden. Arbeidsgruppa kom med innspel til samandraget. Samandrag og innspel la grunnlag for eit første utkast til merkevareplattform. MediaPlus har no fått tilsendt tilbakemeldingar frå arbeidsgruppa på utkastet, og skal presentere ei justert merkevareplattform for styringsgruppa i starten veke 50.

Etter at styringsgruppa har godkjent sjølve merkevareplattforma, vil MediaPlus gå vidare med å utvikle eit kommunikasjonskonsept. Dette er planlagt å skje i januar, men arbeidet har hatt god framdrift og det er signalisert at ein del kan gjerast før jul.

---

<b>Saksnr:</b>	2022/486-112
<b>Saksbehandlar</b>	Hege Aarethun
<b>Dato:</b>	01.12.2023

---

---

**Til:** Styret ved Fagskulen Vestland

---

**Frå:** Rektor

---

## Opptak 2023

### Orienteringssak - Opptak 2023

Årleg lyser fagskulen ut studietilbod nasjonalt gjennom Samordna opptak, og kurs og kortare utdanningar lokalt via eigne system.

Skulen hadde behov for å auke kapasiteten og kvaliteten i opptaksprosessen vår, og tilsette ein opptaksansvarleg hausten 2022 for å ivareta dette. Me er godt i gang med å forbetre rutinar og prosessar knytt til opptak, og me er spesielt glad for å få på plass like rutinar for lokalt opptak for heile skulen.

Desember 2022 gjorde styret ved Fagskulen Vestland vedtak om å lyse ut 42 studiar i Samordna Opptak våren 2023. Det vart gjort nokre endringar i forhold til året før:

- Robotteknologi og digital produksjon vart flytta til Stord
- Boring vart lyst ut både som stadbasert og samlingsbasert
- Psykisk helsearbeid vart lyst ut i Førde.
- Velferdsteknologi vart lyst ut i Førde

Seneste studiumnavn	Studiestad	Studieplasser			Søkjarar			Søkjarar førstevalg			Søkere kvalifisert			takkett ja		Søkere møtt		Søkere møtt per studieplass
		2022	2023	2022	2023	%	2022	2023	%	2022	2023	%	2022	2023	2022	2023	2023	
Arborist	Hjeltnes	20	0	42	0	na	31	0	na	20	0	na	14	0	16	0	na	
Automatisering Heiltid	Nordnes	0	0	60	0	na	15	0	na	60	0	na	0	0	0	0	na	
Elkraft	Stord	20	0	55	0	na	34	0	na	52	na	na	20	0	24	0	na	
Klassisk bygningshåndverk og restaurering	Nordnes	0	20	0	30	na	0	20	na	0	22	na	0	15	16	12	0,60	
Maskinteknikk	Stord	0	0	5	0	na	0	0	na	5	0	na	0	0	0	0	na	
Rehabilitering, hverdagsmestring og velferdsteknologi netbasert	Nordnes	0	0	44	na	na	13	na	na	44	na	na	0	0	0	0	na	
Maskinteknikk med ISO-fag	Stord	30	0	37		na	28	0	na	36	na	na	28	0	20	0	na	
Boring (deltid over 3 år nytt 2023)	Bergen	0	0	0	60	na	0	19	na	0	60	na	0	0	0	0	na	
Sterilforsyning og smittevern i helsejsestesen	Bergen	0	20	0	46	na	0	31	na	0	24	na	0	16	0	17	0,85	
Psykisk helse- og rusarbeid	Førde	0	0	0	31	na	0	8	na	0	31	na	0	0	0	0	na	
Maskinteknikk heiltid	Førde	0	0	11	6	-45%	4	25	525%	11	0	na	0	0	0	0	na	
Dekksoffiser	Austevoll	30	30	76	95	25%	10	22	120%	64	81	27%	27	30	12	18	0,60	
Anlegg	Førde	30	30	42	56	33%	15	29	93%	36	51	42%	16	27	17	25	0,83	
Prosess	Nordnes	40	80	86	127	48%	46	71	54%	72	112	56%	38	66	26	53	0,66	
Robotteknologi og digital produksjon i industrien	Nordnes	30	30	70	43	-39%	23	34	48%	53	37	-30%	24	30	22	26	0,87	
Bygningsakkyndig for tilstandsanalyser	Førde	25	30	40	51	28%	27	39	44%	27	44	63%	22	33	26	28	0,93	
Velferdsteknologi for kommunene	Førde	0	0	29	23	-21%	10	13	30%	29	23	-21%	0	0	0	0	na	
Maskinteknikk deltid	Nordnes	40	40	103	115	12%	47	57	21%	98	99	1%	46	40	37	38	0,95	
Klima, energi og miljø (KEM)	Førde	30	30	31	28	-10%	10	12	20%	27	26	-4%	11	14	9	11	0,37	
Maskinteknikk	Førde	29	30	36	44	22%	15	18	20%	32	42	31%	21	22	19	19	0,63	
Ledelse i havbruksoperasjoner	Måløy	0	0	20	23	15%	5	6	20%	20	23	15%	0	0	0	0	na	
Maskinoffiser	Måløy	16	15	47	57	21%	11	13	18%	46	55	20%	12	15	10	12	0,80	
Bygg heiltid	Nordnes	30	30	99	111	12%	55	64	16%	85	101	19%	35	34	34	36	1,20	
Maskinoffiser	Nygård	30	30	115	106	-8%	45	52	16%	99	97	-2%	30	30	24	29	0,97	
Dekksoffiser	Nygård	30	30	197	207	5%	91	95	4%	162	177	9%	30	30	30	29	0,97	
Elkraft deltid	Nordnes	80	80	254	237	-7%	131	127	-3%	245	225	-8%	80	80	70	75	0,94	
Automatisering Deltid	Nordnes	40	80	155	169	9%	73	70	-4%	145	152	5%	43	80	37	56	0,70	
Elkraft	Førde	30	30	101	91	-10%	52	49	-6%	100	88	-12%	33	30	29	29	0,97	
BIM - teknikker	Førde	25	30	80	81	1%	39	36	-8%	61	56	-8%	27	27	24	24	0,80	
Elkraft Heiltid	Nordnes	30	30	149	134	-10%	82	71	-13%	143	124	-13%	30	30	27	32	1,07	
Mølkproduksjon ved bruk av robotteknologi	Førde	15	15	19	23	21%	13	11	-15%	18	17	-6%	14	5	7	4	0,27	
Bygg deltid	Nordnes	80	80	137	118	-14%	84	70	-17%	123	111	-10%	80	72	64	52	0,65	
Klima, energi og miljø i bygg (KEM)	Nordnes	40	40	105	91	-13%	58	48	-17%	94	77	-18%	40	40	35	34	0,85	
Anlegg	Voss	30	30	79	76	-4%	54	42	-22%	57	63	11%	30	30	21	26	0,87	
Rehabilitering, hverdagsmestring og velferdsteknologi netbasert	Nordnes	40	30	65	51	-22%	22	17	-23%	38	38	0%	19	16	11	6	0,20	
Boring	Nygård	40	40	60	59	-2%	33	24	-27%	44	41	-7%	27	28	20	24	0,60	
Bygg	Førde	30	30	48	38	-21%	24	17	-29%	42	34	-19%	21	17	19	18	0,60	
Handverksysting – verdiskaping i mjølkeforedling	Førde	15	14	56	34	-39%	51	32	-37%	42	14	-67%	17	13	17	14	1,00	
Vannkjemi, mikrobiologi og fiskehelse innen akvakultur	Austevoll	30	30	47	32	-32%	31	18	-42%	29	23	-21%	23	18	17	9	0,30	
Psykisk helse- og rusarbeid	Nordnes	30	30	109	68	-38%	68	38	-44%	60	35	-41%	30	22	16	17	1	
Automatisering	Førde	30	30	62	43	-31%	17	8	-53%	57	40	-30%	25	13	26	9	0,30	
Lokal matkultur	Hjeltnes	30	25	23	13	-43%	19	8	-58%	18	7	-61%	16	4	12	6	0,24	
Dekksoffiser	Måløy	16	15	78	44	-44%	25	10	-60%	67	42	-37%	15	14	16	11	0,73	
Bygg Heiltid	Førde	30	0	15	15	0%	3	1	-67%	12	15	25%	2	0	0	0	na	
Anlegg Heiltid	Førde	30	0	17	12	-29%	5	1	-80%	15	12	-20%	6	0	4	0	na	
Maskinteknikk heiltid	Nordnes	30	30	60	67	12%	33	0	-100%	53	58	9%	31	30	17	17	0,57	
<b>Total</b>	<b>Total</b>	<b>1 151</b>	<b>1 134</b>	<b>2 096</b>	<b>1 920</b>	<b>-8%</b>	<b>1 454</b>	<b>1 330</b>	<b>-9%</b>	<b>1 840</b>	<b>1 676</b>	<b>-9%</b>	<b>983</b>	<b>976</b>	<b>831</b>	<b>816</b>	<b>0,72</b>	

Tabell: oversikt over søkjarane

I forkant av at det vart opna for søknader i Samordna opptak kørde skulen ulike marknadsføringskampanjar på sosiale media. Det blei i august satt i gang ekstra kampanjar retta særleg mot utdanningane i Måløy grunna noko låge søkjartal.

Fagskulen Vestland lyste i 2023 ut 1134 studieplassar gjennom Samordna opptak og fekk 1920 søkjarar, av desse var det 1330 førsteprioritetssøkjarar. Skulen gav 976 tilbod som vart akseptert, og av desse møtte 816 til studiestart. Me fyller heller ikkje studieplassane våre. Det at så mange valte å ikkje møte til studiestart hos oss viser at det er viktig at me ser på korleis me dimensjonerer utdanningane våre. Om me må gjere endringar i fordeling av studieplassar, om me må gje fleire tilbod på enkelte utdanningar enn me har gjort til no osb. Tilbod frå hovudopptaket i Samordna opptak vart sendt ut 20. mai, med frist for å svare i slutten av mai. Skulen supplerte opptaket heilt fram til oktober.

Me ser vidare at skulen i siste hovudopptak har hatt ein reduksjon i søkjarar som utgjør 8%, samstundes som reduksjonen i førsteprioritetssøkjarar er på 9%. I 2022 var nedgangen i førsteprioritetssøkjarar 2%, medan han i 2021 var 6%. Fagskulen ynskjer å rekruttere studentar med høg motivasjon, og gjennomføringsevne, og vil i det vidare arbeidet forsøke å kartlegge kvifor del førsteprioritetssøkjarar går ned. Me vil begynne arbeidet med å sjå på dei utdanningane som har større fall i førsteprioritetssøkjarar enn i søkjartal. Eventuelt hente inn tal og samanlikne oss med andre skuler nasjonalt.

I tillegg til hovudopptaket i Samordna opptak lyser skulen ut kurs og kortare utdanningar innan Industrifagskulen, bransjeprogram med meir lokalt gjennom heile året. Følgande kurs og kortare utdanningar er lyst ut i 2023:

Kurs/utdanningar	Studiepoeng	Takka ja til tilbod
IoT	5	23
BIM Installasjon	5	11
PLS-programmering del 1	5	32
BIM 1 grunnleggande	5	20
Design og produktutvikling	10	13
Automatisering med hydraulikk/pneumatikk	10	21
PLS-programmering del 2	5	24
Plast og kompositt	10	14
PLS-programmering del 3	5	21
Solcelle og vindkraft	5	31
Isolasjonslære	10	9
*Robotteknologi og digital produksjon for industrien	10	38
Driftsinspektør NS415	0	14
Digitalt opplæringstilbud for sykemelding	0	11
Min arbeidsplass	10	24
**EX-elektriske installasjonar i eksplosjonsfarlege områder	10	46

\*Utdanninga blei lyst ut og gjennomført både vår og haust 2023

\*\* Utdanninga blei gjennomført med klasser både i Bergen og på Stord

Fagskulen er avhengig av å vere i tett dialog med arbeidslivet, som har etterspurt kompetansen og utdanningane. Marknadsføring og kommunikasjon rettar seg difor mykje direkte til bedriftene og bransjane som vi allereie er i dialog med når det gjeld å få studentar til utdanningane eller kursa våre.

Når det gjeld å realkompetansevurdere søkjarar som ikkje har formell utdanning ved både nasjonalt og lokalt opptak, oppleve me at det er aukande forventingar til utdanningsinstitusjonane om å utvide måtar å kartlegge uformell kompetanse på. Dette heng saman med Meld. St. 14 (2019-2020) – *Kompetansereformen – Lære hele livet* og at «ingen skal gå ut på dato som følgje av manglande kompetanse». Målet er at fleire skal få tilgang på den kompetansen dei har behov for, for å kunne stå lenger i arbeid, samt gje dei som ikkje er i arbeid nye moglegheiter i arbeidslivet.

Fagskulen har satt i gang tiltak for å auke kompetansen til tilsette innan realkompetansevurderingane i framtidige opptak. Skulen opplever ein aukande konkurranse med mange andre tilbydarar av tilsvarande utdanningstilbod, og me må arbeide meir systematisk med både kvaliteten og synlegheita av utdanningane våre for å nå måla våre.

---

**Saksnr:** 2022/486-105**Saksbehandlar:** Hege Aarethun

---

## Saksgang

Utval	Utv.saksnr.	Møtedato
Styret for Fagskulen Vestland	VS 17/23	07.12.2023

## Kvalitetsmelding for skuleåret 2022-2023

Forslag til vedtak:

1. På bakgrunn av resultatene i undersøkingane, arbeidet med kvalitetsmeldinga og fagskulen sin strategi vedtek styret følgjande KPI'ar for 2024:

1. Auke søkjartala med 5 %
2. Auke oppfyltingsgraden i eksisterande tilbod med 10 %
3. Strukturert og systematisk samarbeid med relevant arbeidsliv ved alle utdanningar
4. Utvikle minst ei utdanning innan grøn omstilling
5. Undervisning, yrkesrelevans og vurderingsformer i studiebarometeret skal ha ein skåre på fire i studiebarometeret
6. Overordna tilfredsheit med Fagskulen Vestland skal ha ein score på 4 i Studiebarometeret
7. Auka trafikken på heimesida vår med 20%
8. Oppnå ein svarprosent på minimum 60% i studiebarometeret

## Samandrag

I samsvar med årshjulet i kvalitetssystemet for Fagskulen Vestland vert kvalitetsmelding for skuleåret 2022/2023 lagt fram for handsaming. Kvalitetsmeldinga vert levert til styret årleg og er i år basert på resultatene frå studiebarometeret og lærarundersøkinga som er ein del av kvalitetssystemet. I tillegg inngår kvantitative data som søkjartal, gjennomføring og karakternivå.

Torbjørn Mjelstad  
rektor

Adeline Berntsen Landro  
prorektor

*Saksframlegget er godkjent elektronisk og har difor inga handskriven underskrift*



## Vedlegg

- 1 Kvalitetsmeldinga 22-23
- 2 Studiebarometeret Fagskulen totalt

## Saksutgreiing

### Bakgrunn for saka

I samsvar med årshjulet i kvalitetssystemet for Fagskulen Vestland vert kvalitetsmeldinga for skuleåret 2022/2023 lagt fram for sakshandsaming. Kvalitetsmeldinga vert levert til styret årleg og er i år basert på resultatata frå studiebarometeret og lærerundersøkinga, som er ein del av kvalitetssystemet. I tillegg inngår det kvantitative data som søkjartal, gjennomføring og karakternivå.

Resultata frå undersøkingane vert drøfta både i leiinga og fagmiljøa ved kvar avdeling. I tillegg drøfter utdanningsleiarane også resultatata frå studiebarometeret med dei studenttillitsvalde for å få meir informasjon om årsaka til resultatata dersom dette er uklårt. Vidare vert resultatata vurdert og analysert i tråd med dei 7 kvalitetsområda som er definert gjennom kvalitetssystemet:

- Opptakskvalitet
- Rammekvalitet
- Programkvalitet
- Undervisningskvalitet
- Resultatkvalitet
- Relevanskvalitet
- Styringskvalitet

Kvalitetsmeldinga for skuleåret 2022/2023 ligg som vedlegg 1 til saka. I tillegg ligg dei overordna resultatata frå studiebarometeret som vedlegg 2.

### Vedtakskompetanse

Etter fagskulelova §§ 9 og 15 er styret det øvste styringsorganet ved Fagskulen Vestland, og har ansvar for kvaliteten i utdanninga og læringsmiljøet.

### Konklusjon

På bakgrunn av resultatata i undersøkingane, arbeidet med kvalitetsmeldinga og fagskulen sin strategi vedtek styret følgjande KPI'ar for 2024:

- 1) Auke søkjartala med 5 %
- 2) Auke oppfylingsgraden i eksisterande tilbod med 10 %
- 3) Strukturert og systematisk samarbeid med relevant arbeidsliv ved alle utdanningar
- 4) Utvikle minst ei utdanning innan grøen omstilling
- 5) Undervisning, yrkesrelevans og vurderingsformer i studiebarometeret skal ha ein skåre på fire i studiebarometeret
- 6) Overordna tilfredsheit med Fagskulen Vestland skal ha ein score på 4 i Studiebarometeret
- 7) Auka trafikken på heimesida vår med 20%
- 8) Oppnå ein svarprosent på minimum 60% i studiebarometeret

# Kvalitetsmeldinga 2022/2023

# Innhold

Kvalitetsmeldinga 2022/2023.....	1
Innleiing.....	3
Opptakskvalitet.....	4
Rammekvalitet.....	7
Programkvalitet.....	8
Undervisningskvalitet.....	10
Resultatkvalitet.....	11
Relevanskvalitet.....	14
Styringskvalitet.....	17
6.2 Strategi.....	18
6.2.Arbeidstidsavtalar og Økonomi.....	20
6.3 Kvalitetsutvikling ved Fagskulen Vestland.....	22

# Innleiing

Fagskulen Vestland sitt kvalitetsutviklingssystem beskriv korleis fagskulen skal arbeide med kvaliteten i utdanninga. Systemet er vedteke av styret, og kvalitetsmeldinga er fagskulen sin melding til styret om korleis vi vurderer kvaliteten og korleis vi vil arbeide for å betre kvaliteten. Grunnlaget for å seie noko om kvalitet i utdanningane hentar vi frå det årlege studiebarometeret som NOKUT gjennomfører, og eigne undersøkingar mot tilsette og arbeidsliv.

Skuleåret 2022/23 er det første heile skuleåret som Fagskulen Vestland. Førre kvalitetsmelding synte resultata for Fagskulen Vestland, men for studentane var første semester anten ved Fagskulen i Sogn og Fjordane eller Fagskolen i Hordaland. Samanslåing av dei to fagskulane har vore både bra og krevjande på same tid. Vi dreg nytte av stordriftsfordelar, og kan tilby utdanning fleire stader med ei desentral struktur. Samtidig er fagskulen blitt ein kompleks organisasjon som har vekse fort. Når kvardagen vert meir kompleks og tilsette meir spreidd vert det meir krevjande å sikre god informasjon og kommunikasjon i organisasjonen. I ei omstilling er behovet for informasjon alltid stort, og det kan bli ein del usikkerheit i organisasjonen. Dette har også vore gjeldande for fagskulen, ikkje minst fordi fylkeskommunen samtidig med vår fusjon har innført fleire nye system som har leia til at vi har måtte arbeide annleis og tidvis tyngre enn før.

Studiebarometeret for 2021/22 synte ei generell nedgang med tilfredsheita frå studentane, og det er gledeleg at trenden har snudd noko i 2022/23. Samtidig ser vi at Fagskulen Vestland ofte ligg under landsgjennomsnittet, og dette er resultat som vi tek på alvor. Samtidig har vi god gjennomføring og høg studiepoengproduksjon, og vi ser at studentane i hovudsak meiner at utdanninga har høg yrkesrelevans. Resultata viser vidare at vi må arbeide med rammene til studentane, både i høve til informasjon og organisering av utdanninga. Arbeidet med dette har starta og vi vil tru at resultata vert forbetra ved neste studiebarometer.

Studiebarometeret er eit viktig verktøy for fagskulen i arbeidet med kvalitet i utdanninga. For skuleåret 2022/23 var svarprosenten berre på 26,4 %, noko som er svært lågt. Tidlegare har fagskulen hatt høg svarprosent på 75 %, og ved neste studiebarometer må det vere eit mål å få svarprosenten betrakteleg opp.

# Opptakskvalitet

Våren 2022 lyste Fagskulen Vestland ut totalt 43 utdanningar gjennom Samordna opptak, med totalt 1151 studieplassar. Prosjektstyret vedtok i desember 2022 å lyse ut samtlege studiar, for så å ta ein avgjerd på kva studiar som skulle starte på bakgrunn av søkjartala.

I forkant av utlysinga vart det køyrd ulike generelle marknadsføringskampanjar for å gjere den nye skulen kjent, og det vart køyrd egne kampanjar for lokal mat, mjølkeproduksjon og robotteknologi.

I opptaket for 2022 var det totalt 2096 søkjarar, kor 1452 hadde Fagskulen Vestland som førsteval.

For 2021 var tilsvarende tal 2090 og 1477. Av dette ser vi at tal søkjarar nærast er uendra mellom 2021 og 2022. Når det gjeld førsteprioritetssøkjalar er det ei nedgang på 2% mot 6% året før.

Skulen lyste ut 1151 plassar og gav tilbod til 983 studentar. Differansen skuldast dels at nokre studiar hadde færre søkjarar enn plassar, og del at nokre studiar vart bestemt kansellert grunna få søkjarar. Styret vedtok å kansellere Elkraft heiltid og Velferdsteknologi i Førde, Leining i havbruksoperasjonar i Måløy, og Automatisering heiltid på Nordnes. Samstundes vart det vedteke å behalde dekksoffiser på Austevoll, og Maskinoffiser i Måløy då desse studiane normalt har eit tilsig av studentar som ikkje har fått plass i hovudopptaket.

Fagskulen ønskjer å rekruttere studentar med høg motivasjon og gjennomføringsevne. Eit parameter som kan gje oss ein peikepinn på dette er førsteprioritetssøkjare.

Tabellen på neste side syner tal frå hovudopptaket etter søknadsfristen 15. april. Tabellen er sortert etter auke i førsteprioritetssøkjalar. Studiar som ikkje vart utlyst året før og ikkje har samanlikningsgrunnlag ligg nedst i tabellen og er merka med NA. Øvst finn vi ei rekkje studiar ved studiestad Førde.

Fleire studiar har nedgang i tal førsteprioritetssøkjalar, og vi finn studiar ved dei fleste studiestader representert. På Maskinteknikk deltid i Bergen går tal førsteprioritetssøkjalar ned frå 92 til 47, noko som utgjer ein reduksjon på 49%. Vi ser at Maskinteknikk heiltid Bergen har ein reduksjon på 25%, medan Maskinteknikk deltid i Førde har ei auke på 50%. På landsbasis var det ein reduksjon på 14% i førsteprioritetssøkjalar til maskinteknikk.

På Austevoll har dekksoffiser ei reduksjon frå 29 til 10 førsteprioritetssøkjalar, og det utgjer ei reduksjon på 66%. Skulen opplever at søkjartala svingar ved denne utdanninga utan at det er nokon openbar orsak. Skulen har likevel erfaring med at det kjem til nok søkjarar i suppleringsopptaket til at det er forsvarleg å starte opp utdanninga.

At eit studium har størst auke i tal førsteprioritetssøkjalar er ikkje det same som at det fyller alle studieplassane. 18 studiar har færre førsteprioritetssøkjalar enn tilbudde plassar, 5 studiar har færre kvalifiserte studentar enn studieplassar. Dette gjelder Lokal matkultur, vannkjemi, Bygg Førde heiltid, Anlegg Førde og Rehabilitering. For nokre av studiane gjeld det berre ein eller to plassar, medan det for andre studiar kan vere fleire.

Studiumnavn	Studeplasser			Søkjjarar		+/-	Søkjjarar førstevalg		+/-	Søkere kvalifisert		+/-	Søkere tilbud		+/-
	Stuedistad	2021	2022	2021	2022		2021	2022		2021	2022		2021	2022	
<b>SUM</b>		<b>1 109</b>	<b>1 151</b>	<b>2 090</b>	<b>2 096</b>		<b>1 477</b>	<b>1 452</b>		<b>1 803</b>	<b>1 840</b>		<b>979</b>	<b>983</b>	
Bygg Deltid	Førde	30	30	49	48	-2 %	14	24	71 %	45	42	-7 %	15	21	40 %
Elkraft Deltid	Førde	30	30	67	101	51 %	31	52	68 %	66	100	52 %	35	33	-6 %
BIM - tekniker	Førde	25	25	78	80	3 %	25	39	56 %	67	61	-9 %	31	27	-13 %
Maskinteknikk deltid	Førde	30	29	31	36	16 %	10	15	50 %	31	32	3 %	17	21	24 %
Anlegg deltid	Førde	30	30	40	42	5 %	11	15	36 %	31	36	16 %	12	16	33 %
Mjølkeproduksjon ved bruk av robotteknologi	Førde	15	15	18	19	6 %	10	13	30 %	15	18	20 %	12	14	17 %
Automatisering deltid	Bergen	40	40	130	155	19 %	57	73	28 %	115	145	26 %	40	43	8 %
Elkraft heiltid	Bergen	30	30	130	149	15 %	73	82	12 %	121	143	18 %	30	30	0 %
Velferdsteknologi for kommunene	Førde	25	0	21	29	38 %	9	10	11 %	16	29	81 %	7	NA	NA
Klima, energi og miljø (KEM)	Førde	30	30	19	31	63 %	9	10	11 %	16	27	69 %	9	11	22 %
Anlegg	Voss	30	30	93	79	-15 %	49	54	10 %	73	57	-22 %	32	30	-6 %
Dekksoffiser	Bergen	30	30	202	197	-2 %	84	91	8 %	163	162	-1 %	29	30	3 %
Elkraft deltid	Bergen	80	80	208	254	22 %	121	131	8 %	201	245	22 %	80	80	0 %
Klima, energi og miljø i bygg (KEM)	Bergen	40	40	102	105	3 %	54	58	7 %	79	94	19 %	40	40	0 %
Psykisk helse- og rusarbeid	Bergen	30	30	109	109	0 %	65	68	5 %	65	60	-8 %	30	30	0 %
Bygg heiltid	Bergen	30	30	112	99	-12 %	54	55	2 %	93	85	-9 %	30	35	17 %
Dekksoffiser	Måløy	16	16	79	78	-1 %	26	25	-4 %	64	67	5 %	16	15	-6 %
Maskinoffiser	Bergen	30	30	124	115	-7 %	47	45	-4 %	108	99	-8 %	30	30	0 %
Automatisering Heiltid	Bergen	0	0	68	60	-12 %	16	15	-6 %	68	60	-12 %	0	0	NA
Bygg deltid	Bergen	80	80	163	137	-16 %	94	84	-11 %	138	123	-11 %	80	80	0 %
Prosess	Bergen	40	40	100	86	-14 %	56	46	-18 %	76	72	-5 %	40	38	-5 %
Robotteknologi og digital produksjon i industrien	Stord	30	30	85	70	-18 %	29	23	-21 %	60	53	-12 %	30	24	-20 %
Maskinteknikk heiltid	Bergen	30	30	96	60	-38 %	44	33	-25 %	87	53	-39 %	30	31	3 %
Boring	Bergen	40	40	83	60	-28 %	45	33	-27 %	53	44	-17 %	32	27	-16 %
Bygningssakkyndig for tilstandsanalyser	Førde	25	25	48	40	-17 %	37	27	-27 %	38	27	-29 %	31	22	-29 %
Automatisering	Førde	30	30	49	62	27 %	24	17	-29 %	45	57	27 %	26	25	-4 %
Lokal matkultur	Hjeltnes	30	30	44	23	-48 %	27	19	-30 %	28	18	-36 %	21	16	-24 %
Vannkjemi, mikrobiologi og fiskehelse innen akvakultur	Austevoll	20	30	60	47	-22 %	49	31	-37 %	43	29	-33 %	30	23	-23 %
Maskinteknikk deltid	Bergen	40	40	170	103	-39 %	92	47	-49 %	158	98	-38 %	40	46	15 %
Bygg	Førde	30	30	25	15	-40 %	8	3	-63 %	21	12	-43 %	9	2	-78 %
Dekksoffiser	Austevoll	30	30	102	76	-25 %	29	10	-66 %	86	64	-26 %	30	27	-10 %
Arborist	Hjeltnes	NA	20	NA	42	NA	NA	31	NA	NA	20	NA	NA	14	NA
Klassisk bygningshåndverk og restaurering	Bergen	20	NA	55	NA	NA	45	NA	NA	26	NA	NA	20	NA	JNA
Maskinteknikk	Stord	30	NA	67	NA	NA	50	NA	NA	59	NA	NA	30	NA	NA
Maskinoffiser	Måløy	NA	16	NA	47	NA	NA	11	NA	NA	46	NA	NA	12	NA
Anlegg	Førde	30	30	23	17	-26 %	10	5	NA	18	15	-17 %	9	6	-33 %
Maskinteknikk	Førde	0	NA	25	11	-56 %	NA	4	NA	NA	11	NA	NA	NA	NA
Rehabilitering, hverdagsmestring og velferdsteknologi	Bergen	NA	0	NA	44	NA	NA	13	NA	NA	44	NA	NA	0	NA
Rehabilitering, hverdagsmestring og velferdsteknologi	Bergen	NA	40	NA	65	NA	NA	22	NA	NA	38	NA	NA	19	NA
Ledelse i havbruksoperasjoner	Måløy	NA	NA	NA	20	NA	NA	5	NA	NA	20	NA	NA	NA	NA
Maskinteknikk med ISO-fag	Stord	NA	30	NA	37	NA	NA	28	NA	NA	36	NA	NA	28	NA
Elkraft	Stord	NA	20	NA	55	NA	NA	34	NA	NA	52	NA	NA	20	NA
Handverksysteming – verdiskaping i mjølkeforedling	Førde	NA	15	NA	56	NA	NA	51	NA	NA	42	NA	NA	17	NA
Sterilforsyning	Bergen	18	NA	57	NA	NA	42	NA	NA	38	NA	NA	18	NA	NA
Havbunnsinnstallasjonar	Bergen	0	0	34	NA	NA	6	NA	NA	34	NA	NA	0	NA	NA
<b>SUM</b>		<b>1 076</b>	<b>1 151</b>	<b>1 704</b>	<b>2 096</b>		<b>1 135</b>	<b>1 454</b>		<b>1 462</b>	<b>1 840</b>		<b>979</b>	<b>983</b>	

Tabell 1: Søkertal 2021 og 2022.

Studiestad	Studienavn	Tal studenter	Kvinner	prosentandel kvinner	Realkompetanse-vurdert	Prosentandel realkompetanse
Nordnes	Rehabilitering, hverdagsmestring og velferdsteknologi	14	14	100 %	0	0 %
Nordnes	Psykisk helse- og rusarbeid	46	38	83 %	10	22 %
Hjeltnes	Lokal matkultur	18	14	78 %	7	39 %
Hjeltnes	Handverksystem – verdiskaping i mjølkeforedling	17	11	65 %	10	59 %
Nordnes	Sterilforsyning	16	10	63 %	11	69 %
Austevoll	Vannkjemi, mikrobiologi og fiskehelse innen akvaku	18	8	44 %	8	44 %
Førde	Mjølkeproduksjon ved bruk av robotteknologi	16	7	44 %	2	13 %
Hjeltnes	Arborist	16	5	31 %	9	56 %
Nordnes	Prosess	62	17	27 %	2	3 %
Stord	Maskinteknikk heltid	27	4	15 %	0	0 %
Nordnes	Maskinteknikk heltid	36	5	14 %	1	3 %
Nordnes	Maskinteknikk deltid	80	11	14 %	2	3 %
Førde	BIM - tekniker	37	5	14 %	4	11 %
Nygård	Dekksoffiser	50	6	12 %	0	0 %
Førde	Maskinteknikk deltid	41	4	10 %	1	2 %
Måløy	Dekksoffiser	31	3	10 %	1	3 %
Førde	Bygg deltid	42	4	10 %	4	10 %
Førde	Anlegg deltid	43	4	9 %	6	14 %
Førde	Elkraft deltid	78	7	9 %	0	0 %
Austevoll	Dekksoffiser	36	3	8 %	3	8 %
Nordnes	Automatisering deltid	85	7	8 %	1	1 %
Nordnes	Klima, energi og miljø i bygg (KEM)	85	7	8 %	3	4 %
Nordnes	Elkraft deltid	193	14	7 %	0	0 %
Nordnes	Klassisk bygg	14	1	7 %	3	21 %
Nygård	Maskinoffiser	46	3	7 %	1	2 %
Nygård	Boring	40	2	5 %	2	5 %
Førde	Automatisering deltid	65	3	5 %	2	3 %
Voss	Anlegg	69	3	4 %	13	19 %
Stord	Elkraft heltid	24	1	4 %	0	0 %
Måløy	Maskinoffiser	25	1	4 %	2	8 %
Førde	Klima, energi og miljø (KEM)	26	1	4 %	0	0 %
Førde	Bygningsakknyndig for tilstandsanalyser	53	2	4 %	3	6 %
Nordnes	Elkraft heltid	56	2	4 %	0	0 %
Nordnes	Robotteknologi og digital produksjon i industrien	31	1	3 %	3	10 %
Nordnes	Bygg deltid	155	4	3 %	6	4 %
Nordnes	Bygg Heiltid	59	1	2 %	0	0 %
Førde	Bygg Heiltid	5	0	0 %	0	0 %
Førde	Anlegg heiltid	10	0	0 %	0	0 %
Sum		1 765	233	13 %	120	7 %

Tabell 2: aktive studentar 01.10.22, tal kvinner og studentar med realkompetansebakgrunn.

Tabell to viser talet på studentar, kvinnelege studentar og talet på realkompetansevurderte studentar per 1. oktober 2022. Fleirtalet av studentane er menn. Rehabilitering, Psykisk helse og lokal matkultur er studiane med høgst del kvinnelege studentar. Talet på kvinnelege studentar brukar å vere høgt innanfor helsefaga, og dette harmonerer godt med dei nasjonale tala.

Opptakskravet til fagskoleutdanningane er anten fagbrev eller tilsvarande realkompetanse. Dei fleste utdanningane har søkjarar med fagbrev. Nokre utdanningar har høg del realkompetansesøkjarar. I 2022 gjaldt dette utdanningar innan Sterilforsyning, Handverksystem og Arborist. I den andre enden av skalaen finn vi Elkraft som ikkje har nokon studentar med realkompetansebakgrunn. Det er grunn til å tru at bransjespesifikke krav er orsak til at det er få søkjarar med denne bakgrunnen på elkraft, då dei i liten grad vil kunne skaffe seg erfaring utan dei rette sertifikatane.

Skulen fekk inga klagesaker på opptak i 2022.

# Rammekvalitet

I skuleåret 2022/2023 er det om lag 178 pedagogisk tilsette, og om lag 154 årsverk. I tillegg er det knytt eksterne førelesarar til dei fleste utdanningane og det er ei god lærardekning ved skulen. Lærarundersøkinga syner at om lag 80 % av faglærarane har pedagogisk utdanning. Rektor vurderer at det er høg kompetanse blant tilsette ved skulen, og at det er god variasjon i utdanningsnivå og erfaring frå yrkesfeltet.

I høve til overordna tilfredsheit gir studentane ei skåre på 3,8. Dette er 0,2 poeng over resultatet i 2021/2022, og syner såleis ei auke. Samtidig er det 0,2 poeng under landsgjennomsnittet. Når det gjeld rammekvalitet er det interessant å sjå på kor tilfreds studentane er med mellom anna det fysiske læringsmiljøet, samt bruk av utstyr ol. i undervisninga. I årets studiebarometer er det ikkje spørsmål om det fysiske læringsmiljøet, og vi har derfor sett til undervegsundersøkinga. Resultatet frå denne undersøkinga syner at studentane gir ei total skåre på 3,5 på kor tilfreds dei er med lokale for undervisning og anna studiearbeid. Ein ser at spesielt ved studiestad Nordnes og Nygård er det rapportert om dårleg ventilasjon. Dette er eit forhold som er meldt til eigar ved fleire høve. Ei anna problemstilling som vi veit er ei utfordring fleire stader er tilgang på grupperom for studentane. Dette er ei problemstilling som både er knytt til vekst ved fagskulen og vekst ved vidaregåande skular som fagskulen delar lokale med.

Fagskulen har dei siste åra investert i mykje godt utstyr til undervisning, både i klasseromma og i eigne spesialrom med nye, eller oppgradering av simulatorar og lab-ar. I studiebarometeret vert studentane spurt om i kva grad dei nyttar ulike undervisning- og arbeidsformer i studieprogrammet, og totalt for skulen vert det rapportert at det vert nytta lite simulering, men ein ser på dei utdanningane kor t.d. bruk av simulator er eit krav i undervisninga, så ser ein at skåren vert høgare. Det er ikkje alle utdanningar som er knytt opp til utstyr, men dei fleste utdanningane har tilgang til spesialrom med utstyr for studentane. Fagskulen vil gjere ei vurdering av om vi har effektiv bruk av det utstyret som er kjøpt inn, og sikre at utstyr vert nytta aktivt i undervisninga. Det er heller ikkje alle emne ved ei utdanning der utstyret er relevant, så ein må sjå nærare på om dette er med på å påverke skåren.

Korleis studentane får og kan innhente informasjon om studiet og aktivitetar gjennom året er ei viktig del av rammene til studentane. I studiebarometeret gir studentane ei skåre på 3,1 i høve til om dei fekk naudsynt informasjon før oppstart av studiet. På spørsmål om naudsynt informasjon om studiet er lett tilgjengeleg og om kvaliteten på informasjon om studiet er god, vert det gitt ei skåre på 3,3 for begge spørsmåla. Dette er 0,4 poeng under landsgjennomsnittet for begge. Ei del av tilbakemeldingane fagmiljøa får er at nettsidene kan vere vanskeleg å orientere seg i. Nettsidene er relativt nye då fylkeskommunen kom med nye nettsider omtrent på same tid som fagskulane vart slått saman. Nettsidene er laga ut i frå behovet til dei vidaregåande skulane og treff ikkje fagskulen sine behov like godt. Dette vert det arbeidd med, saman med innhaldet på nettsidene. Vi vil såleis kunne sjå ved neste gjennomføring av studiebarometeret om dette har hatt god effekt.

Ei anna problemstilling studentane gjev tilbakemelding på er bruk av læringsplattform. Studentane rapporterer i hovudsak at dei nyttar læringsplattforma ofte (63 %), samtidig er det 15 % som seier dei aldri nyttar den. På spørsmål om i kva grad læringsplattforma bidreg til god læring for studenten er det ei skåre på 2.1 av 3. 35 % svarar «i stor grad», 42 % svarar «i nokon grad», 17 % «i liten grad», og 6 % svarar «ikkje i det heile tatt». Alle studentane bør nytte læringsplattforma jamleg, og skulen vil vurdere om det vil vere naudsynt med noko meir opplæring i bruken, samt sjå på korleis vi nyttar læringsplattforma i dag og om dette kan gjerast på ei betre måte.

Kva bakgrunnskompetanse studentane kjem inn i studiet med er også ei del av rammene for studentane, og er viktig for å få eit godt utbytte av utdanninga. På spørsmål om utdanninga bygger vidare på den utdanninga studenten hadde ved studiestart gir studentane ei skåre på 3,9 og dette vert vurdert som eit godt resultat.



# Programkvalitet

Programkvalitet er knytt til design av sjølve studietilbudet – studie- og emneplanar, arbeids- og undervisningsformer, og vurderingsformane. Ein av kvalitetsindikatorane knytt til programkvalitet er studentane sin overordna tilfredsheit med utdanningstilbudet, og den gjennomsnittlege skåren frå studiebarometeret er på 3,8. Dette er ei forbetring på 0,2 samanlikna med fjoråret, men samanliknar vi med nasjonalt gjennomsnitt ligg skåren 0,2 poeng under. Det er stor variasjon mellom utdanningane. Det varierer mellom skåre på 2,7 til 4,9. Der studentane er mest tilfreds er på Spesialreinhold og sterilforsyning i helsetenesta, og Psykisk helsearbeid og rusarbeid. Dei studietilboda som vi får dårlegast tilbakemelding på er samlingsbasert maskinteknikk på Nordnes og dekksoffiser i Måløy.

Om vi ser på lærarane sin tilfredsheit med utdanningstilbudet syner lærerundersøkinga ein skåre på 3,7 på påstanden « Eg er, alt i alt, tilfreds med kvaliteten på utdanninga ». Går ein inn på korleis svara fordeler seg på kategoriar, svarer 11% av lærarane at dei i «liten grad» er nøgd med kvaliteten i utdanninga. Variasjonen mellom utdanningane er frå 3,1 til 4,3. Den svakaste skåren på kvalitet har vi frå dei tekniske utdanningane på Nordnes, og dei lærarane som er mest nøgd med kvaliteten i utdanningane er i Måløy og elektroavdelinga i Førde.

I lærerundersøkinga får «studieplan med læringsutbytte» ein skåre på 3,4. 17% av lærarane meiner at studieplanen med læringsutbytte er «lite god» eller «svært lite god». Dei tekniske utdanningane på Nordnes kjem dårlegast ut her med ein skåre på 3,1. Årsaka til dette kjem ikkje fram av undersøkinga, og det kan sjølvstøtt vere fleire faktorar som spelar inn. Ei mogleg forklaring kan vere at det er meir krevjande å kome til einigheit om innhald i eit stort fagmiljø, i motsetning til andre studiestader som har mindre fagmiljø. Vi vonar at det systematiske forbetningsarbeidet knytt til studieplanrevisjon vil ha positiv effekt på lærarane sin vurdering. Det har vore gjort tiltak på fleire avdelingar for å oppdatere studieplanar, og på Elkraft og Automasjon på Nordnes, er det no i gang med ein større revisjon av studieplanen.

Lærarane melder tilbake at dei stort sett er tilfreds med læringsutbyttet til studentane (3,8). Det vil sei at ein er stort sett fornøgd med kva læringsutbyttet til studentane er, og korleis læringsutbytte beskrivingane er.

Lærestoffet sett i høve til læringsutbyttet får ein skåre på 3,5. Dei maritime utdanningane kjem best ut her. Det kan ha samband med at dei maritime skulane har eit samarbeid, og økonomi til, utvikling av læreverv. På dei andre utdanningane har det ikkje vore same moglegheit til å søkje på midlar til utvikling av tilpassa fagstoff. Dei må difor velje mellom å nytte bøker som er tilpassa fagskulenivået, men til dels utdatert, eller bøker som er utvikla for eit anna utdanningsnivå. Utvikling av fagstoff for fagskuleutdanningar har ikkje vore like prioritert som utvikling av fagstoff retta mot høgskule og universitet.

Lærarane rapporterer at dei formidlar til studentane kva som er forventet læringsutbytte i emnet (skåre 4,2), studentane gir i studiebarometeret i større grad uttrykk for at dei ikkje har fått ei grundig innføring i LUB (skåre 3,2). For at studentane skal få «eigarskap» til læringsprosessen er det viktig å få god innføring i læringsutbyttet, og at vurderingsformer har ein samband som gir eit godt læringsutbytte. 25% av studentane svarer at innføring i LUB har vore mangelfull. Skulen må sjå på korleis ein kan sikre seg at studieplanen med læringsutbytte blir gjort godt kjent for studentane.

På spørsmål knytt til vurderingsform gjev studentane ein gjennomsnittleg skåre på 4,0 i høve til at eksamen, innleveringar og andre vurderingsformar har handla om sentrale deler av lærestoffet, og at dei har stilt krav til forståing og resonnement. Dette er ein god tilbakemelding på at studentane er nøgd med vurderingsformene som blir brukt. Lærarane meiner dei brukar vurderingsformer som er eigna for å måle læringsutbytte. 87% vurderer det som i «stor grad» eller «svært stor» grad er eigna for å måle oppnåing av læringsutbytte.

Når det gjeld læringsutbytte som studentane oppnår er det gitt ei gjennomsnittleg skåre på 3,9 i høve til at studentane får ei kompetanse som er viktig i arbeidslivet, og ein skår på 3,8 om at studentane får ei kompetanse som gjer at dei kan gå rett ut i arbeidslivet. Dette tyder på at skulen gir den kompetansen som arbeidslivet ønsker.

For å vere konkurransedyktig og møte studentanes behov har Fagskulen Vestland ei rekkje gjennomføringsmodellar. Vi har både heiltid, deltid, samlingsbasert og reine nettstudiar. Vi har lite tilbakemelding frå arbeidslivet og studentane på dei ulike modellane i seg sjølve, men vi jobbar fortløpande med studentrådene for å sikre god å relevant tilbakemelding på forhold som angår studentane. Vi har eit spesielt tett samarbeid med næringa når det gjeld bransjeprogram og industrifragaskulen, og v vi prøver å finne gode gjennomføringsmodellar som gjer at arbeidstakarane kan gjennomføre eit studium medan dei er i jobb, samstundes med at dei tek omsyn til behovet hos næringane og arbeidsplassane.

I følgje forskrifta til lov om høgare yrkesfagleg utdanning skal Fagskulen ha eit strukturert samarbeid med arbeidslivet. Fagskulen har komen eit stykke på veg, men det står framleis att eit stykke arbeid før vi kan si oss nøgd med involveringa.

# Undervisningskvalitet

Resultata frå Studiebarometeret syner at studentane i snitt er meir nøgd med undervisninga i år enn i fjor. Skulen får ein skåre på 3,5 noko som er ei forbetring på 0,1. I forhold til landsgjennomsnittet er skåren 0,3 poeng lågare.

I studiebarometeret er studentane minst nøgd med fagleg rettleiing frå lærarane, kor mange tilbakemeldingar dei får på arbeidet sitt, og i kva grad lærarane gir konstruktive tilbakemeldingar. Den høgste skåren som omhandlar undervisning er 3,8 og den gir studentane på spørsmålet om undervisninga dekkjer sentrale deler av studieplanen. I undervegsundersøkinga er studentane stort sett nøgde med vurdering og rettleiing. Studentane på samlingsbaserte tilbod gir låg skår på "tilrettelegging for samhandling mellom samlingane". 25 prosent av studentane er «ikkje einig», medan 29 prosent er «litt einig» i at skulen legg til rette for samhandling mellom samlingane.

Sjølv om studentane i stor grad er nøgd med undervisning og vurdering, så skårar informasjon om læringsutbytte og informasjon om vurderingsformer lågt. Våren 2023 tok skulen i bruk Edutorium, som eit prosesstøtteverktøy for studieplanendringar. Vi har no eit spesielt fokus på å sikre gode beskrivingar av vurdering og arbeidskrav, og vi vonar at dette saman med auka fokus på å informere studentane om studieplanar, samt systematisk forbetningsarbeid med skulens informasjonsregime, vil føre til at studentane opplever at kvaliteten på informasjonen dei får aukar. Det er og fokus på å beskrive oppfølging mellom samlingane for nett- og samlingsklassane i studieplanane.

Dei beste skårane på lærarundersøkinga er at læraren har naudsynt fagkunnskap, at det er viktig å ha relevante eksempel frå arbeidslivet, tydeleg på forventningane til studentane og at dei jobbar aktivt for å motivere studentane. Ein annan faktor som er viktig for vurdering er at ein reflekterer over at vurderingsforma er eigna for å måle læringsutbyttet. På dette spørsmålet skårar lærarane 4,1. Tilbakemeldingane i studiebarometeret støtter opp om at vurderingsformene er gode. Tilbakemeldingane er på om vurderingsformene har handla om sentrale deler av læringsutbyttet, og at vurderingsformene har kravd forståing for faget. Her har studentane dei beste skårane.

Andre sentrale element som har innverknad på undervisningskvaliteten er lærarane sitt samarbeid med samfunns- og arbeidsliv. Lærarane gir skår på 2,9 for dette, noko som er den svakaste skåren i lærerundersøkinga. I tillegg skårar dei 3,2 på at skulen legg til rette for samarbeid med næringslivet. For å sikre at utdanningane vert opplevd som relevant må vi ha løpande fokus på dette, og det vert omtala meir under relevanskvalitet.

For å sikre studentane kvalitet i undervisninga er vi oppteken av å ha lærarar som er fagleg oppdatert, og som har gode rammer for å utøve det pedagogiske virke. I lærarundersøkinga er skåren på kor vidt læraren sjølv opplever å ha «naudsynt fagkunnskap» 4,3, og «naudsynt digital kunnskap» 4,0. Samstundes gir dei ein skår på 3,3 på spørsmålet om dei får «naudsynt opplæring i digitale læremiddel». Sett opp i mot studentane sin tilbakemelding på bruk av læringsplattform, kor dei uttrykte ein del frustrasjon, kan det være ein del å hente på å vurdere å gi lærarane meir opplæring i ulik programvare.

Når vi ser på dei områda vi har størst framgang på frå 2022 så er det mengde og nytte studenten har av tilbakemelding frå lærar. Formidlinga av lærestoffet, studentaktivitet og fagleg rettleiing. Det tyder på at vi er på riktig veg med utdanningskvaliteten, men skåren er lågare enn landsgjennomsnittet på desse områda, og vi vil fortsette å jobbe systematisk med å heve kvaliteten.

# Resultatkvalitet

Våren 23 blei det gjennomført 4286 vurderingar mot 5296 våren 22. Dette skuldast at skulen, for å vere i tråd med regelverket, gjekk bort i frå trekkeksamenar. Fordelinga av karakterar er stabil frå år til år. Det har vore ei auke i vurderingar som nyttar bestått/ikkje bestått.

	vår 22							vår 23							
	Bestått	A	B	C	D	E	F		Bestått	A	B	C	D	E	F
<b>antall</b>	131	627	1587	1851	718	192	109	antall	294	503	1296	1446	537	120	90
<b>prosent</b>		12 %	31 %	36 %	14 %	4 %	2 %	prosent		13 %	32 %	36 %	13 %	3 %	2 %

Tabellen syner tal vurderingar og fordeling av karakterar.

Når det gjeld endring i studentmassen gjennom året ser vi at alle utdanningsstader med unntak av Måløy og Hjeltnes har hatt ein reduksjon. I prosentpoeng har reduksjonen vore lågare for skuleåret 22-23 enn for 21-22 ved dei fleste studiestadene.

Studiestad	Haust 21	Vår 22	Prosentvis endring	Haust 22	Vår23	Prosentvis endring
Austevoll		66	-8 %	54	51	-6 %
Førde	380	351	-8 %	434	403	-7 %
Hjeltnes	38	36	-5 %	34	34	0 %
Måløy	53	51	-4 %	56	56	0 %
Nordnes	980	810	-17 %	936	867	-7 %
Nygård	161	155	-4 %	136	129	-5 %
Voss	78	74	-5 %	69	61	-12 %
Stord	51	47	-8 %	76	69	-9 %
Sum	1807	1585	-12 %	1795	1670	-7 %

Tabellen syner fråfall mellom haust og vårsemester. Tabellen har ikkje med studentar på bransjeprogram.

Ved studiestad Hjeltnes og Måløy har det ikkje vore reduksjon i tal studentar mellom haust og vårsemester. Ved studiestad Nordnes og Førde er fråfallet forholdsvis jamt fordelt over studiane. Det er likevel eitt område kor det ikkje er fråfall i Førde og det er på Handverksysting og Mjølkeproduksjon. Hjeltnes har heller ikkje hatt fråfall, og det vil sei at vi ikkje har hatt noko fråfall på utdanningane som fell inn under fagområde «Grøne og gastronomiske utdanningar».

Det kan vere fleire årsaker til dette, og vi veit at fråfall ofte er mindre i små klassar enn i store. Det er vidare verdt å merke seg at desse studia har ein høg del kvinnelege studentar, samtidig som dei har en høg del realkompetansesøklarar.

Våren 2023 var det 531 studentar som fullførte ei utdanning ved fagskulen, mot 496 året før.

Studiestad	Vår 22	Vår 23
Nordnes	224	278
Austevoll	24	23
Nygård	78	51
Hjeltnes	23	
Voss	23	19
Stord	21	26
Førde	80	106
Måløy	23	27
Sum	496	531

Tabellen syner tal studentar som har bestått ei utdanning 2022-2023

Produserte studiepoeng	Vår 21	Haust 21	Vår 22	Høst 22	Vår 23
Austevoll	1423	0	2259	190	2065
Hjeltnes	554	276	1332	72	352
Nordnes	21477	11861	18992	11157	21018
Nygård	6226	7	9158	587	6234
Voss	498	1990	889	1775	689
Stord	4233	0	2808	20	3805
Førde	10039	30	11281	565	13262
Måløy	1676	10	2693	112	3284
Sum	46126	14174	49412	14478	50709

Tabellen syner produserte studiepoeng i skuleåra 2021-2022 og 2022-2023

Tabell studiepoeng pr heltidsekvivalent	Haust 21	Vår 22	Haust 22	Vår 23
Produserte studiepoeng:	14174,00	49412,00	14478,00	50709,00
Andel heltidsekvivalenter	1303,00	1227,00	1340,00	1287,00
Produserte studiepoeng per heltidsekvivalent	10,88	40,27	10,80	39,40

Tabellen syner produserte studiepoeng per heiltidsekvivalent

Dei fleste vurderingar gjerast i vårsemesteret og vi ser at det er ei auke frå 49 412 produserte studiepoeng våren 22 til 50 709 studiepoeng våren 23. Våren 22 hadde skulen 1670 studentar mot 1825 våren 23. Som forventa ser vi ei auke i produksjon av studiepoeng. Imidlertid må vi vurdere tala opp i mot at ikkje alle studentane er heiltidsstudentar. Viss vi ser på produksjon av studiepoeng per heiltidsekvivalent ser vi at det våren 22 vart produsert 40.27 studiepoeng per heiltidsekvivalent, medan dette fell til 39.4 per heiltidsekvivalent våren 23.

Andre fagskuler	Vår 22	Haust 22	Vår 23
Fagskolen Rogaland			
Produuerte studiepoeng	25039	8568	32637
Andel heiltidsekvivalenter	805,59	773,69	772
produuerte stp pr heiltidsekvivalen	31,08	11,07	42,28
Fagskolen viken			
Produuerte studiepoeng	40984	19580	47448
Andel heiltidsekvivalenter	1206	1431,94	1433,91
produuerte stp pr heiltidsekvivalen	33,98	13,67	33,09
Fagskolen Innlandet			
Heiltidsekvivalenter	1500	1480	1665
produuerte stp pr heiltidsekvivalen	29,49	3,39	26,36

Når vi samanliknar oss med andre fagskular, ser vi at vi ligger til dels betydeleg over Fagskolen i Viken og Fagskolen Innlandet, mens vi ligger meir på nivå med Fagskolen Rogaland.

# Relevansskvalitet

Relevansskvalitet skal seie noko om studentane sin kompetanse, etter slutført utdanning, er relevant for arbeidslivet. Fagskulane vert ofte omtala som arbeidslivet si skole og det ligg eit særleg krav til våre utdanningar at dei skal fylle eit gitt kompetansebehov i arbeidslivet. Arbeidslivs relevans er satt opp som eit av fire satsingsområde i strategien til Fagskolen Vestland. Dette er i tråd med forventningane om at ein kandidat frå fagskolen skal kunne gå rett ut i relevant arbeid utan meir utdanning.

Noko av det som Fagskolen gjer for å sikre denne relevansen er å gjennomføre hovudprosjekta ,som er kandidatane sin avsluttings oppgåve ved fagskolen, i tett samarbeid med aktuelt arbeidsliv. Fagskolen Vestland har samarbeid med mange verksemder om hovudprosjekt og utdanningane brukar dette som ein god av sjekk på relevansen. Equinor, Bybanen utbygging, Aker Kværner og FMC er nokon av dei bedriftene Fagskolen har jamt samarbeid med. Ikkje alle hovudprosjekt er gjennomført med samarbeidsbedrift, det varierer noko mellom utdanningane. Ved maskinavdelinga på Nordnes inviterast arbeidslivet kvart år inn og studentane stiller ut sine hovudprosjekt. Dette er eit viktig tiltak i å synleggjere for arbeidslivet kva Fagskolen Vestland sine utdanningar inneheld.

I 2023 har Fagskolen Vestland utvikla og starta utdanningar saman med arbeidslivet fleire stader i Vestland.

I Odda har fagskolen utvikla industri 4.0 og digitalisering for industrien. Studiet er ein del av robotisering og digitaliseringsstudiet til fagskolen. Dette studiet treffer veldig godt på behovet til arbeidslivet i Odda. Studiet var fullteikna både våren og hausten 23.

I Florø har vi saman med arbeidslivet utvikla studiet Min arbeidsplass, dette studiet treffer også veldig godt behovet til arbeidslivet i Florø, studiet er ein del av maskinutdanninga til Fagskolen. Studiet er fullteikna hausten 23.

På Stord har vi utvikla EX utdanning(arbeid med elektriske installasjonar i eksplosjons farlege omgjevnader). Utdanninga er ein heilt ny utdanning som Fagskolen Vestland har akkreditert. Det treffer veldig godt behovet til arbeidslivet i Vestland og var fullteikna både våren og hausten 2023. På Stord har Fagskolen også utvikla ein utdanning retta mot ISO faga og inspeksjon. Studiet er eit helt nytt studie som treffer behovet i arbeidslivet veldig godt, men som ikkje er fullteikna og treffer nok ikkje studentane like godt.

Alle desse prosjekta bidreg i stor grad til at Fagskolen Vestland samla sett har god yrkesrelevans ved fleire av dei store utdanningane. Desse nye utdanningane er finansiert gjennom diverse utviklingsutlysingar frå HK-DIR, og det vert viktig for Fagskolen Vestland at skulen har vidare kapasitet til å halde fram med denne utviklinga.

Når fagskolen samarbeider tett med arbeidslivet som desse prosjekta tek utgangspunkt i, så ser vi også at relevans i studia ofte er avhengig av kva bedriftene har av trong for av arbeidskraft. Det varierer både mellom fagområde og kvar dei ulike verksemdene er lokalisert. Det er forskjell på utdanningane vi har utvikla i Florø og dei vi har utvikla på Stord, sjølv om utviklinga går føre seg innan same fagområdet- mekanisk.

Saman med Aker Kværner gjennomførte Fagskolen ein pilot der studentar i Egersund vart kopla opp digitalt i lag med studiestaden og studentane på Stord. Dette var eit pilotprosjekt med Hybridundervisning. Gjennomføringa for studentane i Egersund vart god. Aker Kværner i Egersund vart særst nøgd med å kunne få sine tilsette med på studiet som Fagskolen Vestland gjennomførte på Stord, utan for stor reiseverksemd. Samtlege studentar frå Egersund gjennomførte og bestod studiet våren 23. Dette syner kva moglegheitsrom Fagskolen har på å kople saman studentar frå ulike lokasjonar. Det er samstundes ein del utfordringar som kjem fram gjennom denne piloten, nokre av dei var vi klar over ville komme, medan andre var vi ikkje like forberedt på.

Fleire utdanningar arrangerer i løpet av året fagdagar der arbeidslivet vert invitert inn til fagskulen og vi ser gjennom desse møta at Fagskulen Vestland sine uteksaminerte kandidatar er særst attraktive i dagens arbeidsmarknad. Elektro avdelinga gjennomførte i haust ein slik fagdag og store selskap som ABB og Odfjell ga klårt uttrykk for at dei trengte fleire med fagskule utdanning. Det som var veldig bra var at det var tidlegare studentar ved fagskulen som no er med i rekrutteringsarbeidet til verksemdene. Dei var klokkeklår på kva bedriftene treng.

Det er om lag 80% av studentane ved Fagskulen Vestland som er i relevant arbeid før dei startar på eit studiet. Det er berre dei maritime utdanningane som ikkje har eit fleksibelt løp men berre har heiltidsstudentar. Desse utdanningane er styrt av internasjonale konvensjonar og er jamleg revidert slik at myndigheitene sikrar seg at utdanningane ved Fagskulen Vestland er i tråd med desse.

Dei tekniske utdanningane har ein stor overvekt av studentar som er i full jobb. Ved studiestad Førde er det hausten 23 ingen heiltidsstudentar att. Dette er ein utvikling som går raskt og som gjer at attendemeldingar frå denne studentgruppa er viktig i høve til relevans. Studentane må svare på følgjande påstand: «*Eg får kompetanse som gjer at eg kan gå rett ut i arbeidslivet utan ytterlegare utdanning*». I 2022 svarte 65% at dei var einig eller særst einig. I 2023 har denne prosenten gått ned til 61%. Det er små variasjonar men likevel eit signal på at arbeidet med relevans og revisjonar av studieplanar må styrkast.

Vidare seier 68% av studentane at dei får ein kompetanse som er viktig for arbeidslivet, også på dette spørsmålet er det ein svak nedgang frå i fjor (70%). Dette er ikkje urovekkjande, talet er framleis høgt, men det støttar oppunder signalet om at dette arbeidet må styrkast.

I lærarundersøkinga svarar om lag 60 % at dei er samd i følgjande påstand: «Er pensum oppdatert og tilpassa utviklinga i samfunn og arbeidsliv?». Dette talet er på same nivå som i fjor. Samtidig svarar så mange som 92% at dei er samd i følgjande påstand: «Brukar eg oppgåver tilpassa utdanninga?». Dette er ein svak oppgang frå året før då resultatata var 89% på denne påstanden.

Forventningane til studentane om at fagskulen skal gje høve til å knytte kontakt med bedrifter og auke sjansane deira på arbeidsmarknaden, innfrir fagskulen ikkje godt nok. 25% av studentane er samd eller heilt samd i følgjande påstand: «Representantar for arbeidslivet bidrar på en god måte i undervisning, prosjektarbeid, praksis, ol». 45% seier at dei er usamd, eller litt usamd i same påstand. Utviklinga i svara på denne påstanden går i negativ retning. Det er ein nedgang i positive svar frå studentane frå 30% i 2022 og ein auke i negative svar frå 41% i 2022.

Speglar vi dette mot lærerundersøkinga så seier 28% seg heilt einig eller einig i påstanden om at dei samarbeider aktivt med arbeidslivet, 11% svarar heilt ueinig på dette. Dette er ein positiv utvikling i frå 2022 då 25% sa seg einig eller heilt einig i dette og 16% svarte heilt ueinig.

Spørsmåla om utdanningane til Fagskulen Vestland er relevante og om studentane opplever å gå direkte i relevant arbeid etter utdanningane, er ikkje gode nok til å belyse denne kvalitetsindikatoren. Til det trengs ein meir spesifikk kandidatundersøking. Fagskulen Vestland har hatt som mål at vi skal opprette ein alumni for fagskule studentar. Vi er ikkje klår med denne enda ,men det er noko vi trur vil gje oss betre svar på mellom anna relevansen. Utifrå svar vi har fått dei seinare åra er studentane, som hovudbilete trygg på at utdanningane Fagskulen tilbyr er arbeidslivsrelevante. Studentane er ikkje så nøgd med Fagskulen sin bruk av arbeidslivet anten i undervisning eller i andre samanhengar. Lærarane ved Fagskulen Vestland er meir positiv til dette bilete og meiner at samarbeidet er godt, men at det kan bli betre.

Fagskulen Vestland utviklar nye utdanningar med ulikt omfang som ein respons på arbeidslivets behov for kompetanse, og desse utdanningane er Fagskulen trygg på er relevante.

Fagskulen Vestland har hatt som satsingsområdet at det både skal etablerast meir strukturert samarbeid med arbeidslivet kring utdanningane og at det skal vere lokale studentråd etablert ved utdanningane. Begge desse arenaene for dialog vil kunne gje oss eit betre bilete av kva forventningar



både arbeidslivet og studentane våre har til utdanningane vi tilbyr. Det er ein klår forventning frå leiinga ved skulen at dette arbeidet prioriterast framover.

# Styringskvalitet

Fagskulesektoren har vore i ei omstilling over fleire år. Det har blitt gjennomført tydelege grep både i forhold til struktur, rammer, utvikling og kvalitet. I tillegg har også dei fleste fagskulane gjennomført samanslåingar som følgje av endra fylkesgrenser. Fagskolen Vestland er også ein ny konstruksjon i så måte. 2023 er andre året som ein stor fagskule i Vestland.

Gjennom skuleåret 22/23 har vi haldt fram med vekst og vi har om lag 1900 studentar som deltek på ein av dei mange utdanningar som skulen tilbyr.


Hausten 2023 er Fagskolen Vestland akkreditert til å drive utdanningar innan 63 forskjellige retningar, det er ikkje aktivitet i alle, men mange av dei. I forhold til andre fagskular vi gjerne samanliknar oss med er talet lågt. Fagskolen i Viken har 100 utdanningar, Fagskolen i Rogaland har 96 og Fagskolen Innlandet har 88. Tala er henta frå DBH (Database for høgare utdanning 2023).

Noko av forklaringa på dette ligg nok i at det for Fagskolen Vestland har vore viktig og tilby utdanningar retta mot det verdiskapande arbeidslivet i Vestland. Det er langt på veg denne kompetansen som etterspørjast gjennom mellom anna NHO sitt kompetansebarometer.

Ved Fagskolen Vestland er om lag 86% av produksjonen vår innan det tekniske område; 6% innan dei maritime faga, 4% innan helsefaga og 4% innan dei grønne faga.

Samanlikna med t.d Fagskolen i Rogaland er fordelinga av produksjonen vår overraskande forskjellig, då ein gjerne tenkjer at arbeidsmarknaden er ganske lik som i Vestland. Sjå tabell under.

**Tabell 1: Fagskuletilbod fordelt på utanningsområde**



Kjelde: DBH 2023

Samanlikna med dei andre store fagskulane i landet så har også Fagskolen Vestland hatt ein god vekst dei seinaste åra, særleg er veksten ved studiestaden Førde stor. Studiestaden har dei seinaste åra utvikla fleire utdanningar som treff marknaden godt. Bygningssakkunnig starta i 2020 og BIM utdanninga starta i 2021, handverksysting starta 2021 og Mjølkerobot starta i 2020. I tillegg har studiestaden vore aktiv innan industrifagskulen og desentral og fleksible utdanningar.

Samanliknar vi Fagskulen Vestland med dei tre andre store fagskulane så får vi følgjande tabell:

**Tabell 2: studentar og studiepoengs produksjon**

Fagskule	Tal studentar	Tal stp. produsert
Vestland	1909	50 709
Viken	2555	47 428
Innlandet	1665	32 627
Rogaland	1793	43 879

Kjelde: DBH 2023

Tabellen synar at Fagskulen Vestland er den institusjonen som produserer flest studiepoeng noko som igjen synar at Fagskulen Vestland har ein høg gjennomføringsgrad blant våre studentar.

### 6.1.1 Vidare vekst

Fagskulen Vestland søker om fagområde fullmakt innan helseområdet vårt. Det er eit stort potensiale for vekst innan området men det er også det området ein har størst konkurranse frå andre fagskular i Vestland. Det vert eit strategisk val om vi skal halde fram med å utvikle dette fagområdet. Dette er eit område som er eit av dei felte som har flest elevar og lærlingar i Vestland, ein god og framtidretta fagskuleutdanning innan helsefaga vil kunne bidra til at det vert meir attraktivt å utdanne seg den vegen.

Det kan også vere aktuelt å gå inn i andre fagområde. Det ser vi at dei andre store fagskulane gjer. Det bør utviklast ei utdanning innan IT sikkerheit og digitalisering, det vil gje Fagskulen Vestland tilgang på fleire søkjarar. Utdanninga vil kunne utviklast innan fagmiljøa i dei eksisterande utdanningane robotisering og automasjon.

Det er usikkerheit i fleire bransjar knytt til bygg og anleggsnæringa. I vår hadde fagskulen fleire søkjarar på bygg heiltid enn på samlingsbaserte tilsvarande utdanning ved studiestad Nordnes. Det er fleire år sidan dette var tilfellet sist, men det er eit signal om at det er usikre tider.

Ved studiestad Førde og studiestad Voss har vi berre samlingsbaserte utdanningar, desse veit vi ville kunne rammast om vi kjem i ein situasjon der arbeidsledigheit og permitteringar kjem til å prege dei næraste åra. Erfaringa vår frå tidlegare korrigeringar i arbeidsmarknaden er at studentane forsvinn. Det er framleis ein vanskeleg situasjon å vere arbeidsledig og studere samstundast, ein kan ikkje vere begge deler samstundast.

## 6.2 Strategi

I desember 2022 vedtok styret den nye strategien for Fagskulen Vestland 2023-2027. Effektmålet vårt for perioden er at Fagskulen Vestland skal bli den føretrekte tilbydaren av kompetanse for arbeidslivet i Vestland. Det er sett opp fire område som skal stette opp kring effektmålet.

- **Arbeidslivsrelevans**

Noko av det vi har slått fast er at det skal etablerast fagråd eller anna strukturert samarbeid med arbeidslivet. Dette tiltaket er viktig, då det er noko av det vi lagt fram og som NOKUT legg vekt på når vi søkjar om fullmakter. Nokre utdanningar har framleis ikkje dette på plass og rektor ser det naudsynt og ha dette som ein klår målsetting også i 2024.

- **Profesjonalisering**

Fagskulen Vestland er framleis inne i oppbygging av ein ny organisasjon. Vi vil også framover trengje å bygge kompetanse for å handtere vidare vekst og behalde og utvikle kvaliteten vår i alle ledd. Vi har i 2023 auka bemanninga noko mellom anna med kommunikasjonsrådgjevar og ein internasjonal koordinator.

Vi arbeidar vidare med åtte andre fagskular for å verte ISO sertifisert etter ein gitt standar. Dette arbeidet vert nok ikkje ferdig etter plan som var våren 2024. Og har 2025 som mål. Eit godt KS system vert avgjerande når fagskulane vert gitt mogelegheit til å verte institusjonsakkreditert.

I løpet av våren 2024 vil vi ha på plass ein person som skal vere KS leiar og akkrediteringsansvarleg. Vi vert revidert kvart år av DNV og kvart femte år av sjøfartsdirektoratet og DNV. Vi har også ambisjonar om å gjennomføre interne revisjonar på alle utdanningane våre.

- **Læringsmiljø**

Noko av det som bekymrar rektor er at svara vi får på studentundersøkinga som vi gjennomfører er låge. I årets undersøking var svarprosenten på 26,4% som er eit langt skritt tilbake frå undersøkinga i 2020 der Fagskolen i Hordaland oppnådde 75%. Rektor vil komme attende med ein sak til styret våren 2024 om kva og kor mange evalueringsundersøkingar Fagskulen Vestland skal ha. Det nasjonale studiebarometeret vert vår viktigaste kjelde til studentinformasjon og svarprosent må verte langt høgare i 2024.

Ei av dei viktige satsingane er også å etablere lokale studentråd kring utdanningane. Dette for å gjere attendemeldingar frå studentane meir strukturert. Dei fleste utdanningar har dette på plass, men rektor vil følgje dette nøye framover slik at vi sikrar oss at alle studentane har denne moglegheita. Studentane skal også ha god innføring i fagskulen sitt KS system og korleis rapportere avvik. Dette er også ei viktig kjelde til informasjon for skulen.

Studentassistentar er framleis brukt ved Fagskulen Vestland, tiltaket er godt i høve til å hindre at studentar fell frå studia. Dei bidreg også til skape gode læringsmiljø.

- **Vere synleg**

Fagskulen som skuleslag er lite kjent den er gjerne omtala som ein godt bevart hemmelegheit. Det har vore eit tydeleg ønskje frå førre styret om å gjere Fagskulen Vestland meir synleg. Ein del av dette arbeidet har vore å utvikle eigen logo og visuell profil som skil seg frå Vestland fylkeskommune si profilering. Vi har i 2023 arbeidet med dette og fagskolestyret vedtok i september 2023 den nye visuelle profilen og ny logo. Rektor har i heile prosessen vore tydeleg på at val av profilering som skil seg frå Vestland fylkeskommune kan vere kontroversielt, og bør handsamast politisk

Rektor er einig i at Fagskulen Vestland treng å skilje seg frå dei vidaregåande skulane og syner til at både Fagskolen i Viken og Fagskolen i Rogaland har eigne profilar og logoar. Fagskulen Vestland er i ein konkurransesituasjon med andre fagskular både lokalt og nasjonalt, og noko av utfordringa med å

kle seg i same drakta som ein vidaregåande skule er at vi vert assosiert med dei. Det kjem såleis på ingen måte fram at fagskulen er høgare yrkesfagleg utdanning.

Men rektor vil understreke at ein skal vere stolt av å arbeide i Vestland fylkeskommune og at å ha dei med på laget om å utvikle Fagskulen Vestland er viktig. Slik som saka no står så kan det tolkast at vi ikkje er det. Rektor vil anbefale at saka vert fremja politisk og at Fylkestinget avgjer dette

Vi held fram med marknadsføring av tilboda våre og har utvikla ein medieplattform for korleis vi skal bli betre i vår kommunikasjon framover. Vi treng å bli meir synleg! Det kan nemnast at både Fagskolen i Viken og Fagskolen Innlandet er inne i det som bør vere Fagskulen Vestland si marknad, og tilbyr utdanningar i Vestland. Fagskolen i Viken bruker om lag 10 mill. i året på marknadsføring og vi ser at det verkar.

## 6.2. Arbeidstidsavtalar og Økonomi.

Ved samanslåing av Fagskulen i Sogn og Fjordane og Fagskolen i Hordaland blei det satt i gang eit arbeid med ein harmonisering av både avtale som institusjonane hadde med studentane og arbeidsrammer som institusjonane hadde avtalt med lærarar, kjent som SFS 2213. Det er stor einigheit at SFS 2213 (som er ein avtale som regulerer arbeidstida i grunnutdanning) ikkje er formålstenleg for fagskulesektoren. Problemstillingar kring dette har vorte løfta til KS der fleire fylkeskommunar har tatt til ordet for ei ny arbeidstidsregulering og at KS bør ta på seg oppgåva. Styret for Fagskulen Vestland vedtok eit nytt undervisningstimetal til utdanningane våre i desember 2022. Det nye undervisningstimetalet vart for hovudtyngda av studiestadane ved fagskulen redusert med om lag 30% frå 1330 til maks 990. For ein av studiestadane vart undervisningstimetalet auka med om lag 10% frå 915 til 990 timar. Iverksetting av vedtaket vart sett til hausten 2023 og det vart i saka peika på at ein ny arbeidstidsavtale med utgangspunkt i det nye undervisningstalet måtte vere på plass i god tid før hausten, slik at Fagskulen Vestland kunne starte planlegginga. Den 18 mai blei det klart at den administrative skuleeigar ikkje hadde komen i hamn med drøftingar og forhandlingar, og rektor vart beden om å ta utgangspunkt i eksisterande avtalar og foreta ein justering innafor denne. Det vart utarbeidd ein felles avtale for heile skulen med dette som utgangspunkt. Årsramma vart justert noko og ein landa på 600 timar i årsramme for ein klasse i normalområdet 11-30 studentar. I det opphavelige utkastet frå eigar var denne ramma lagt til 620 timar. Dette satt fagskulen i ein nærast umogeleg situasjon der vi blei sett til å handtere noko som vi i utgangspunktet hadde bedt eigar om å ta hand om. Det er slik av og til at samarbeidstilhøva mellom tillitsvalde og leiing ikkje fungerer og våren 2022 vart dette på eit lågmål. Organisasjonen opplevde ein særskilt krevjande situasjon som gjekk utover helsa. Min avgjerd var å be administrativ eigar om hjelp til å løyse dette, og saka blei løfta ut av Fagskulen Vestland, men kom altså tilbake om lag eit år etter. Det vart også etter kvart stilt spørsmål om styrevedtaket var lovleg noko som igjen førde til spekulasjonar.

Dersom ein beheld same årsramma som ein hadde før reduksjonen i studenttimetal opplevde og meinte organisasjonane at ein då måtte arbeide 30% meir enn før reduksjonen. Organisasjonane ønskte eit årsverk målt i studiepoengproduksjon og då i utgangspunktet behalde 30 stp. Pr. lærar slik at det vart 2 lærarar pr. klasse. Eigar meinte at årsramma skulle vere utgangspunkt, difor stogga ting opp 18 mai 2023.

Slik det var før samanslåinga så produserte ein lærar ved studiestad Førde 50 stp. i året, ved resten av studiestadane var situasjonen i underkant av 30 stp.

I Førde har dei nye endringane leia til at ein lærar i dag produserer 40 stp., medan det ved resten av studiestadane er noko auka, men ikkje tilsvarende. Dette betyr at Fagskulen Vestland har auka bemanninga ved studiestad Førde som følgje av endringane, men det har ikkje blitt gjort tilsvarende reduksjon av bemanninga ved dei øvre studiestadane. Auken i tilsettingar utan auke i inntekter gjer dårleg utslag på botnlina.

### 6.2.1 Inntekter

Fagskulen sin hovudinntektskjelde finn vi att i årleg statsbudsjett knytt til løyvingar om nye studieplassar. Det er fylkeskommunane som får dei nye studieplassane, og så fordel dei tilskot til dei fagskulane som har søkt fylkeskommunen. Fagskulen Vestland har fleire konkurrentar om desse midlane. I 2022 fekk Vestland fylkeskommune 60 nye studieplassar, Fagskulen Vestland fekk om lag 30 av desse. I statsbudsjettet for 2024 er det også løyvd 500 nye plassar til fagskulesektoren, same nivå som i 2023, og det er å forventa at opptrappinga held fram.

I tillegg har også Fagskulen Vestland inntekter knytt til kursverksemd, som i hovudsak er lokalisert ved studiestad Nygård og er knytt til petroleumsnæringa. Potensialet for kursinntekter er stort. Næringa har behov for kurs, og dei betalar godt. Fagskulen sitt simulatoranlegg er blant dei beste i Norden, og vi har jamt og trutt utvikla anlegget. Vi kunne gjennomført langt fleire kurs, men dette er krevjande innimellom hovudproduksjonen vår som er studentar i utdanning.

### 6.2.2 Kva er studentvekst?

Grovt sett kan vekst i studenttal anten vere at du fyller opp tilbod ein har gåande eks aukar frå 17 studentar i eit tilbod til 25. Då utnyttar vi ressursane våre betre. Ein slik auke vil gi fagskulen ei ekstra inntekt på om lag 150 tusen litt avhengig av kva type studium dette er, men blir det produsert 60 stp. av kvar ekstra student så vert inntekta vår auka med 150 tusen. Denne finansieringa ligg to år på etterskot basert på rapportering av tal studentar fullført og bestått.

Når fagskulen startar nye tilbod eller utvidar eksisterande tilbod er vi avhengig av finansiering gjennom nye studieplassar. I dag er ein slik plass berekna å koste 80 000 uavhengig av studietilbod.

Denne omlegginga fant sted i 2016, då ein gikk frå ein stykkprisfinansiering etter teljing kvar haust, til ein rammefinansiering kombinert med stykkpris på nye studieplassar.

Tabellen under syner utviklinga av dei to fagskulane frå 2016-2021.

**Tabell: 3 Studentvekst og nye studieplassar 2016-2021 Heiltidsekvivalentar**

Fagskole	Student	Student	Auke	Finansierte plassar
	2016	2021	16-21	2016-2020
Fagskulen i Sogn og Fjordane	153	310	157	22
Fagskolen i Hordland	935	992	57	70

Kjelde: DBH

Som vi ser av tabellen så hadde Fagskulen i Sogn og Fjordane ein vekst godt utover tal tildelte studieplassar. Noko kan forklarast med auka oppfyllingsgrad men det blei også i denne perioden starta nye tilbod (BIM, Handverksysting, Bygningssakkunnig, Mjølkerobot) Desse tilboda er godt forankra i behovet i arbeidslivet og dei er populære studiar blant studentane. Forenkla kan vi si at dersom veksten i Sogn og Fjordane er 50% nytt og 50% oppfylling så utgjør det om lag en vekst på 5,5 mill. som ikkje er finansiert.

Fagskolen Hordaland erfarte ein for høg styringsfart våren 2020 og gjekk med 7 millionar i meirforbruk. Og det vart vedtatt av fagskolestyret våren 2020 å ta ned nokre utdanningar. Dette forklarar noko av den relativt sett lave veksten frå 2016-2021.

Fagskulen Vestland held fram veksten i både 2022 og i 2023, og det er i tråd både med nasjonale og regionale forventningar. Men når veksten kjem i form av nye utdanningar eller ekstra klassar i allereie

eksisterande utdanningar så må det framover sikrast at dette er finansiert anten gjennom eit aktivt eigarskap (fylkeskommunen) eller nye studieplassar gitt gjennom statsbudsjettet, elles så må fagskulen vri tilboda sine og det betyr å leggje ned noko for å bygge opp noko anna. Det er slik UH sektoren elles arbeidar. Når vi er blitt ein stor fagskule har vi større moglegheiter til å gjere slike grep ved dei store studiestadene. Dette er stordriftsfordelar, og det er mogelege å flytte nye studieplassar frå ein stad til ein anna og støtte opp der fagskulen har vekst.

Dette er overordna og forenkla tal og vi har fleire stader hatt store svingingar. Særleg har vi t.d. sett store utslag på petroleumsutdanninga ved studiestad Nygård, den er meir enn halvert frå 2016. Noko skuldast den store nedskalering som kom i bransjen i 2015/2016 og noko skuldast samfunnet sitt syn på denne type verksemd. I 2022 hadde vi fleire søkjarar til osteprduksjon enn petroleumsprduksjon.

### 6.3 Kvalitetsutvikling ved Fagskulen Vestland

Fagskulen Vestland er som den største maritime fagskulen i landet revidert ved jamne mellomrom frå DNV – Sjøfartsdirektoratet og eigne interne revisjonar. Grunnlaget for å drive desse sertifikatjevande utdanningane finn ein i standarden knytt til «Martime training provider» siste versjon i frå 2017. Når det gjeld dei øvre utdanningane ved Fagskulen Vestland er ikkje desse underlagt same krav. Fagskulen Vestland har likevel valt å ha eit kvalitetssystem som tek utgangpunkt i denne standarden, og har i gong eit arbeid med å verte ISO sertifisert etter ein gitt standar knytt til utdanning. Denne er ikkje ulik MTP, men er meir omfattande.

Dette er eit prosjekt som involverer åtte andre fagskular og der ein gjennom tett samarbeid utviklar eit felles kvalitetssikringssystem for alle skulane. Prosjektet har fleire gongar søkt HK-DIR om midlar men fått avslag grunna at midlane det søkjast om definerast som drift og ikkje utvikling.

I samband med arbeidet i prosjektet vart det klart for rektor våren 2023 at Fagskulen Vestland ikkje hadde ein tydeleg kvalitetspolitik og ikkje hadde tydeleg og målbare resultatmål Dette vart seinare også påpeika gjennom revisjonar hausten 2023. Rektor er delvis einig i dette, Fagskulen Vestland har desse tinga men i litt forskjellige dokument. Fagskulen har spissa opp resultatmåla i strategien kva vi ønsker å oppnå og har definert nokre klare KPI-ar slik at vi kan måle og sjekke av i forkant av utarbeiding av ny strategi.

#### 6.3.1 Resultatmål 2023-2027

Fagskulen Vestland med sine mange studiar og studiestadar er veldig forskjellig sett saman. Ulike delar av skulen handterer forskjellige studentgrupper og eit forskjellig arbeidsliv. Det er ei utfordring å utarbeida noko som er så generelt at det treff alle, samtidig som det også skal målast. Vi har hatt ein stor og involverande prosess med strategiarbeid og satsingsområde. Når det gjeld utarbeiding av KPI-ar er dette i hovudsak rektor sitt ansvar.

I strategien har vi sagt noko om kva og kor vi ønsker å vere i 2027, men vi har ikkje satt inn måltal for dette. Det følgjer her:

#### **Fagskulen Vestland skal:**

- A) Arbeide for vidare studentvekst i heile regionen og på fleire stader enn i dag, og utfordre oss sjølve på måten å organisere utdanningane på for å sikre fleksibilitet for studentar og arbeidsliv.**

*KPI 1: Ved utgangen av strategiperioden skal Fagskulen Vestland ha minst to nye fagområdefullmaktar.*

*KPI 2: Ved utgangen av strategiperioden skal tal studentar ved Fagskulen Vestland ha auka med 20%.*

*KPI 3: Ved utgangen av strategiperioda skal Fagskulen Vestland ha utvikla minst ti nye utdanningar som er fleksibelt organisert tilpassa studentane og arbeidslivet sitt behov.*

- A) vere ein trygg og god partner for arbeidslivet og samarbeide enda tettare om å utvikle utdanningar som styrkar arbeidskrafta, berekraft og grøen omstilling i regionen.**

*KPI 4: Ved utgangane av strategiperioden skal alle utdanningar ha eit strukturert samarbeid med aktuelt/ relevant arbeidsliv. Det skal haldast minimum to møter i året.*

*KPI 5: Ved utgangen av strategiperioden skal Fagskulen Vestland ha utvikla minst tre utdanningar som har fokus på grøen omstilling og berekraft.*

- B) styrke kvaliteten i undervisninga med fleire dyktige lærarar og nye undervisningsmetodar.**

*KPI 6: Ved utgangen av strategiperioden skal Fagskulen Vestland ha minst 70% av læraren som har nettpedagogisk kompetanse på minimum 30 stp.*

- C) vidareutvikle læringsmiljøet for studentane ved dei fleksible tilboda.**

*KPI 7: Ved utgangen av strategiperioden skal det saman med lokalt arbeidsliv, kommunar og næringshagar vere etablert minst fem nye studiestover/utdanningshubar.*

- D) vere meir synleg for samfunnet med ein heilskapleg profil og aktiv deltaking i det offentlege ordskiftet**

*KPI 8: Ved utgangen av strategiperioden skal ny logo og visuell profil vere ferdig og Fagskulen Vestland skal ha ein tydeleg medieplattform for kommunikasjon.*

Med desse åtte KPI ane er strategien for Fagskulen Vestland meir målbar enn den var ved vedtakstidspunktet desember 2022.

Desse punkta skal følgjast opp med KPI ar kvart år som skal vedtakast av styret gjennom kvalitetsmeldinga. Desse punkta vil bli revidert og rapportert gjennom kvalitetsmeldinga i 2024.

Forslag til vedtak av KPI ar i 2024:

1. Auke søkjartala med 5 %
2. Auke oppfyllingsgraden i eksisterande tilbod med 10 %
3. Strukturert og systematisk samarbeid med relevant arbeidsliv ved alle utdanningar
4. Utvikle minst ei utdanning innan grøen omstilling
5. Undervisning, yrkesrelevans og vurderingsformer i studiebarometeret skal ha ein skåre på fire i studiebarometeret
6. Overordna tilfredsheit med Fagskulen Vestland skal ha ein score på 4 i Studiebarometeret
7. Auka trafikken på heimesida vår med 20%
8. Oppnå ein svarprosent på minimum 60% i studiebarometeret

Gjennom denne endringa meiner Rektor at Styret for Fagskulen Vestland i større grad kan følgje med på utvikling over tid og alle desse punkta kan alle ved Fagskulen Vestland lese seg inn i og ta eigarskap til.





### Studiebarometeret for fagskolestudenter

Studiebarometeret er en årlig nasjonal spørreundersøkelse om fagskolestudentenes opplevde studiekvalitet. Undersøkelsen gjennomføres av NOKUT, på oppdrag fra Kunnskapsdepartementet. I denne rapporten inngår tall fra undersøkelsen som ble gjennomført i perioden april-mai 2023.

### Om rapporten

Rapporten er laget for å hjelpe institusjonene i kvalitetsarbeidet. Institusjonene får i tillegg anonymiserte rådata. Det utarbeides ikke rapporter eller vises data for program/enheter med færre enn 5 svarende. Noen få spørsmål fra undersøkelsen er ikke inkludert i rapporten. Data på alle spørsmålene vil finnes i rådataene.

### Hvnm inngår?

Undersøkelsen ble sendt til alle studenter som startet på studiet sitt før 1. januar 2023 på alle fagskoler i Norge. Studenter som startet på studiet sitt i 2021 fikk tilsendt undersøkelsen dersom utdanningstilbudet de gikk på var på 30 studiepoeng eller dersom fagskolen de gikk på ønsket at disse studentene skulle motta den. Undersøkelsen ble ikke sendt til studenter som det ikke var mulig å skaffe kontaktinformasjon til. Dette gjaldt kun et fåtall studenter. Undersøkelsen ble sendt til 22 883 studenter på 56 fagskoler.

### Om svarprosenten

Svarprosenten som vises i denne rapporten baserer seg på alle respondenter som har startet å besvare undersøkelsen. Frafallet i skjemautfyllingen blant disse, frem til spørsmålet om overordnet tilfredshet, er på cirka 10 prosent. De aller fleste respondentene fyller ut hele eller nesten hele skjemaet.

### Tema for undersøkelsen

Undersøkelsen tar for seg ulike sider av studiekvalitet. I tillegg finnes flere spørsmål om engasjement, motivasjon og tidsbruk. Studentene blir bedt om å svare med utgangspunkt i det utdanningstilbudet de er student ved når de mottar spørreskjemaet. I år er det i tillegg noen nye spørsmål som handler om bidrag fra arbeidslivet i utdanningen, bruk og bidrag av digitale verktøy til læring, og studentmedvirkning. På grunn av dette er de vanlige spørsmålene om digitalisering og studentmedvirkning fjernet fra årets undersøkelse. I tillegg er spørsmål om fysisk læringsmiljø og forventninger fra lærere tatt ut av undersøkelsen i år. Til slutt i skjemaet er det også lagt til noen spørsmål om hvor studentene fikk informasjon om undersøkelsen, og hvorfor de valgte å svare. I utgangspunktet får alle studentene de samme spørsmålene, uavhengig av type studium, men med noen få unntak. Det er for eksempel variasjon i hvilke spørsmål studentene får om fysisk læringsmiljø og infrastruktur, avhengig av om studiet de går på er nett-, samlings- eller campusbasert. De to siste spørsmålene under temaet «relevans for arbeidslivet» blir kun besvart av studenter på utdanningstilbud innenfor kreative fag. Spørsmålene i spørreskjemaet er utviklet med utgangspunkt i erfaringer fra Studiebarometeret for studenter på høyskolene og universitetene. I tillegg har vi mottatt innspill fra fagskolene, og en referansegruppe for undersøkelsen bestående av representanter for fagskolene, ONF, KD og NIFU. Vi bruker primært en 5-delt Likert-skala, der 5 er mest fornøyd / mest enig.

### HOVEDOMRÅDER

I denne rapporten presenteres resultatene fra Studiebarometeret for fagskolestudenter 2023. Resultatene presenteres tematisk, slik det fremgår av overskriften øverst på hver side. Informasjon om antall respondenter i undersøkelsen og svarprosent finnes på forsiden av rapporten.

Rapporten oppsummerer resultatene av undersøkelsens hovedområder. Indikatorene er beregnet ved å legge sammen vurderingen av alle enkeltspørsmålene innenfor hvert tema, og er gjennomsnittsverdier for studieprogrammet.



### TOPP OG BUNN

På side 4 vises de fem spørsmålene som skårer høyest og lavest i undersøkelsen. Grønt indikerer de mest positive resultatene, mens rødt indikerer de mest negative.




### RESULTATOVERSIKT


Hoveddelen av rapporten består av resultater på enkeltspørsmål. Øverst på hver side vises hvilket hovedområde spørsmålene tilhører. Resultatene blir presentert grafisk som frekvenser (dvs. svarfordeling).

Positive svar er markert med grønne farger, mens negative svar er markert med rødt/oransje. Svaralternativet «Vet ikke» er ikke inkludert i svarfordelingen, men denne andelen vises til høyre for figuren. Til høyre i figurene vises sammenlikninger med fjorårets resultater og nasjonale resultater.


På siste side av institusjonsrapporten vises utvalgte spørsmål fordelt på utdanningstilbudene.



Enkeltspørsmålene i undersøkelsen er gruppert i hovedområder. Hvert hovedområde består av flere enkeltspørsmål innenfor et overordnet tema.



Nedenfor vises de fem enkeltspørsmålene som blir vurdert høyest og lavest av studentene. Spørsmålene kan være en indikasjon på styrker og utfordringer.




Nedenfor vises de fem enkeltspørsmålene som avviker mest positivt og mest negativt sammenlignet med resultatet fra 2022. Hvis det vises færre enn fem søyler skyldes dette at det er færre enn fem spørsmål som avviker positivt/negativt.




Nedenfor vises de fem enkeltspørsmålene som avviker mest positivt og mest negativt sammenlignet med det nasjonale gjennomsnittet. Hvis det vises

færre enn fem søyler skyldes dette at det er færre enn fem spørsmål som avviker positivt/negativt.




## I hvilken grad opplevde/oplever du at:







## Hvor enig er du i følgende påstander:




## Hvor tilfreds er du med:



## Hvor enig er du i følgende påstander:




Hvor tilfreds er du med:




## Hvilke av de følgende formene for bidrag fra arbeidslivsrepresentanter har du opplevd på utdanningen din? (Flere svar mulig)


Sammenligningen i høyre kolonne er vist som prosentpoeng.




## Hvor enig er du i følgende påstander:



## I hvilken grad mener du at eksamen, innleveringer og andre vurderingsformer hittil i studiet ditt:




## I hvilken grad er du enig i de følgende påstandene:







## Hvor enig er du i følgende påstand:




## I hvilken grad brukes disse undervisnings- og arbeidsformene i studieprogrammet ditt?




I hvilken grad brukes disse undervisnings- og arbeidsformene i studieprogrammet ditt?



## Hvor ofte bruker du følgende typer digitale verktøy i undervisningen på ditt studieprogram?




## I hvilken grad bidrar undervisning med bruk av følgende typer digitale verktøy til god læring for deg?




Respondentene fikk bare opp svaralternativ i dette batteriet dersom de svarte "sjelden", "av og til" eller "ofte" på tilsvarende svaralternativ i forrige spørsmålsbatteri "Bruk av digitale verktøy".

## Deltar du i studentdemokratiet ved fagskolen din?




Her fikk studentene hjelpeteksten "Med 'deltagelse i studentdemokratiet' sikter vi her til verv som tillitsvalgt, eller deltagelse i utvalg, råd, og lignende studentorganisasjoner."


## Hva, om noe, hindrer deg i å engasjere deg i studentdemokratiet? (Flere svar mulig)



Her ba vi studentene fordele sin totale studieinnsats. De ble bedt om å anslå hvor mange timer per uke de i gjennomsnitt på studiet (ikke medregnet ferier) brukte på:




Gjennomsnittsverdiene på tidsbruk angis over. Tallene er gruppert i figuren under. I spørreskjemaet var det ikke mulig for studentene å skrive inn flere enn 80 timer for faglige aktiviteter eller flere enn 80 timer for betalt arbeid.






## Hvor fikk du informasjon om undersøkelsen? (Flere svar mulig)



## Hvorfor svarte du på denne undersøkelsen? (Flere svar mulig)



Tabellene viser kun underenheter med fem eller flere besvarelser.

TABELL	Anlegg Førde	Anlegg Voss	Aut Førde	Aut Nordnes	BIM-tekniker	Bygg Førde	Bygg H Nordnes	Bygg D Nordnes	Other	Total
Overordnet tilfredshet	3,6	4,2	3,9	3,6	4,3	4,0	3,3	3,8	4,4	3,8
Vurderingsformer	3,9	4,3	4,0	4,0	4,2	4,3	3,4	4,1	4,2	3,9
Organisering av studieprogrammet	3,4	3,8	3,4	3,7	4,2	3,9	2,7	3,2	3,8	3,4
Arbeidslivstilknytning	3,6	3,7	3,4	3,1	4,1	3,5	2,6	3,9	3,9	3,4
Startkompetanse og studiestart	3,6	3,8	3,5	3,8	4,0	4,0	3,3	3,2	3,9	3,6
Eget engasjement	3,3	3,9	3,5	3,6	4,0	3,8	3,8	4,0	4,1	3,9
Undervisning	3,4	3,9	3,6	3,5	4,1	4,0	3,2	3,2	4,1	3,5
Sosialt og faglig læringsmiljø	3,6	4,5	3,7	3,5	4,2	4,3	3,9	3,7	4,4	3,9

TABELL	Bygningss akyndig for tilstands analyser	Dekksoffis er Måløy	Dekksoffis Nygård	Elkraft Førde	Elkraft Heltid Nordnes	Elkraft deltid Nordnes	Elkraft Stord	Klassisk bygningsh åndverk og restaurerin g	Other	Total
Overordnet tilfredshet	3,2	2,8	3,9	3,3	3,6	3,5	3,1	4,0	4,4	3,8
Vurderingsformer	3,8	3,2	3,9	3,6	3,7	3,7	3,7	4,2	4,2	3,9
Organisering av studieprogrammet	3,2	2,7	3,4	3,2	3,5	3,4	3,4	3,9	3,8	3,4
Arbeidslivstilknytning	3,1	3,0	3,5	3,0	2,9	3,2	3,0	3,5	3,9	3,4
Startkompetanse og studiestart	3,4	3,1	3,6	3,4	3,5	3,3	3,5	4,1	3,9	3,6
Eget engasjement	4,0	4,1	3,8	3,7	4,0	3,7	3,9	4,0	4,1	3,9
Undervisning	3,2	2,8	3,4	3,3	3,3	3,1	3,4	4,2	4,1	3,5
Sosialt og faglig læringsmiljø	3,7	4,0	4,0	3,6	4,1	3,7	4,0	4,5	4,4	3,9

TABELL	Klima, energi og miljø	Klima, energi og miljø i bygg	Lokal matkultur	Maskinoffi Måløy	Maskinoffi Nygård	Maskintek Førde	Maskintek Nordnes H	Maskintek Nordnes deltid	Other	Total
Overordnet tilfredshet	3,8	4,2	4,4	4,1	3,8	3,8	3,8	2,7	4,4	3,8
Vurderingsformer	3,8	3,9	4,0	3,9	3,8	4,1	3,8	3,2	4,2	3,9
Organisering av studieprogrammet	3,2	3,3	3,4	3,8	3,6	3,6	3,1	2,6	3,8	3,4
Arbeidslivstilknytning	3,4	3,6	3,2	4,0	3,2	3,5	3,3	2,9	3,9	3,4
Startkompetanse og studiestart	3,3	3,3	3,7	4,3	3,4	3,8	3,1	2,8	3,9	3,6
Eget engasjement	4,2	4,1	4,1	3,5	3,7	3,9	3,9	3,6	4,1	3,9
Undervisning	3,7	3,5	4,3	3,9	3,8	3,8	3,5	2,8	4,1	3,5
Sosialt og faglig læringsmiljø	4,2	4,0	4,7	4,6	3,9	3,8	3,6	3,4	4,4	3,9

TABELL	Maskinteknikk Stord	Maskinteknikk med ISO-fag	Prosess	Psykisk helsearbeid og rusarbeid	Robotteknologi og digital produksjon i industrien	Spesialreinhald og sterilforsyning i helsetenes ta	Other	Total
Overordnet tilfredshet	4,0	3,8	3,1	4,6	3,5	4,9	4,4	3,8
Vurderingsformer	3,9	3,8	3,6	4,6	3,8	4,3	4,2	3,9
Organisering av studieprogrammet	3,8	3,5	3,2	4,1	3,4	4,6	3,8	3,4
Arbeidslivstilknytning	3,5	3,7	3,1	4,5	3,6	4,1	3,9	3,4
Startkompetanse og studiestart	3,7	3,6	3,3	4,3	3,6	4,6	3,9	3,6
Eget engasjement	3,7	4,1	3,8	4,6	3,9	4,4	4,1	3,9
Undervisning	3,7	3,6	2,8	4,3	3,4	4,9	4,1	3,5
Sosialt og faglig læringsmiljø	3,9	4,0	3,6	4,2	4,1	4,6	4,4	3,9

**Saksnr:** 2022/486-108

**Saksbehandlar:** Adeline Berntsen Landro

## Saksgang

Utval	Utv.saksnr.	Møtedato
Styret for Fagskulen Vestland	VS 18/23	07.12.2023

## Mellombels tilbudsstruktur 2024/25

Forslag til vedtak

1. Styret for Fagskulen Vestland vedtek å lyse ut følgjande tilbod og studenttal våren 2024:

	Fagskulen i Vestland	Nye studentar
<b>Nordnes</b>	Klima, energi og miljø i bygg FTB03N, 120 stp	40
<b>Nordnes</b>	Bygg FTB01H, 120 stp	30
<b>Nordnes</b>	Bygg FTB01N, 120 stp	80
<b>Nordnes</b>	Automatisering FTE01N, 120 stp	40
<b>Nordnes</b>	Elkraft FTE03H, 120 stp	30
<b>Nordnes</b>	Elkraft FTE03N, 120 stp	80
<b>Nordnes</b>	Maskinteknikk FTT04N, 120 stp	40
<b>Nordnes</b>	Prosessteknikk FTK01N, 120 stp	40
<b>Nordnes</b>	Demensomsorg og psykisk helsearbeid/eldre FHH47K, 30 stp	30
<b>Nordnes</b>	Psykisk helsearbeid og rusarbeid FHH56D, 60 stp	30
<b>Førde</b>	Anlegg FTB02N, 120 stp	40
<b>Førde</b>	Automatisering FTE01N, 120 stp	40
<b>Førde</b>	Bygg FTB01N, 120 stp	40
<b>Førde</b>	BIM-tekniker FTI53N, 60 stp	40
<b>Førde</b>	Bygningssakkyndig FTB58N, 120 stp	40
<b>Førde</b>	Elkraft FTE13N, 120 stp	40
<b>Førde</b>	Klima, energi og miljø FTB03N, 120 stp	40
<b>Førde</b>	Maskinteknikk FTT04N, 120 stp	40
<b>Førde</b>	Grøn omstilling i byggenæringa (under akkreditering), 60 stp	30
<b>Stord</b>	Maskinteknikk FTT04H, 120 stp	30
<b>Nygård</b>	Maskinoffiser FTM02H, 120 stp	30
<b>Nygård</b>	Dekksoffiser FTM01H, 120 stp	30
<b>Nygård</b>	Boring FTP01H, 120 stp	30
<b>Austevoll</b>	Dekksoffiser FTM01H, 120 stp	30
<b>Austevoll</b>	Vannkjemi, mikrobiologi og fiskehelse FPH05N, 30 stp	30
<b>Måløy</b>	Dekksoffiser FTM01H, 120 stp	15

<b>Måløy</b>	Maskinoffiser FTM02H, 120 stp	15
<b>Måløy</b>	Leiing i havbruksoperasjonar FPH06K, 60 stp	15
<b>Hjeltnes</b>	Arborist FPS01D, 60 stp	16
<b>Hjeltnes</b>	Lokal matkultur FTK51N, 120 stp	30
<b>Hjeltnes</b>	Pommelier FTK59K, 30 stp	30
<b>Voss</b>	Anlegg FTB02N, 120 stp	30
	<b>Totalt</b>	<b>1161</b>

### Samandrag

I denne saka vert det lagt fram forslag til kva tilbod som kan lysast ut gjennom Samordna opptak våren 2024. Styret vil få ei ny sak om tilbodsstruktur til handsaming etter at opptaket er gjennomført våren 2024, og på bakgrunn av dette vedta kva tilbod som skal starte opp hausten 2024.

Torbjørn Mjelstad  
rektor

Adeline Berntsen Landro  
prorektor

*Saksframlegget er godkjent elektronisk og har difor inga handskriven underskrift*



## Saksutgreiing

### Bakgrunn for saka

I denne saka vert det lagt fram forslag til kva tilbod som kan lysast ut gjennom Samordna opptak våren 2024. Fagskulane som er ein del av det samordna opptaket skal innan 5. desember 2023 ha klar ei oversikt over kva tilbod som skal lysast ut, fram til 15. desember kan ein framleis ta bort tilbod, men ikkje leggje til tilbod. Talet på tilgjengelege studentplassar i opptaket kan justerast til opptaket er ferdig gjennomført. Styret vil få ei ny sak om tilbodsstruktur til handsaming etter at opptaket er gjennomført våren 2024, og på bakgrunn av dette vedta kva tilbod som skal starte opp hausten 2024.

Vi legg i saka til grunn at fagskulen får tilført nye studieplassar som ein følge av statsbudsjettet 2024. Desse plassane vert lagt til ramma som ei forventning, men endeleg ramme for skuleåret 24/25 er ikkje kjent før vi veit kor mange nye studieplassar vi vil få. Tilskotet til studieplassar er 80 000 pr. heiltidsstudent samt eit resultatbasert tilskot på 19 500. På bakgrunn av dette vil rektor i denne saka legge fram ei oversikt over kva tilbod Fagskulen Vestland kan lyse ut gjennom Samordna opptak basert på forventa ramme.

### Statsbudsjettet 2024

I statsbudsjettet for 2024 vert det føreslått 500 nye studieplassar nasjonalt. Kvar fylkeskommune må søkje om nye studieplassar, og vidare fordele dette til fagskular med tilbod i fylket. Fagskulane søkjer om tilskot frå fylkeskommunane 15. desember kvart år.

I framlegg til statsbudsjett for 2024 vert det også føreslått å flytte om lag 22 mill. frå tilskotsordninga for fleksibel og desentralisert utdanning til styrking av driftstilskotet for høgare yrkesfagleg utdanning. Vestland fylkeskommune vil få om lag 3 mill. meir i driftstilskot dersom dette vert vedtek.

### Forventa ramme 2024

For å berekne forventa ramme for 2024 tek vi utgangspunkt i det statlege tilskotet i 2023, samt opptrapping av studieplassar som også vart tildelt i 2023. Vidare har vi i saka lagt til grunn at det fylkeskommunale driftstilskotet vert redusert med 3,5 mill. Til slutt er det lagt inn ei haustverknad av forventa nye studieplassar hausten 2024. I forslaget til mellombels tilbodsstruktur er det tre nye utdanningar som fagskulen vil søkje nye studieplassar til.

	Ramme 2023	Prisvekst	Endring	Forventet ramme 2024
Grunntilskot	94 085 744	3 293 001		97 378 745
Resultatbasert	26 517 884	928 126	1 156 050	28 602 060
Nye studieplassar opptrapping frå 2020	13 942 000	487 970	-	14 429 970
Nye studieplassar 2023	1 187 007	41 545	2 457 104	3 685 657
Nye studieplassar 2024			1 800 000	1 800 000
Studieavgift	7 000 000			7 000 000
VFK tilskot	21 464 000		-3 500 000	17 964 000
<b>Samla tilskot</b>	<b>164 196 635</b>	<b>4 750 642</b>	<b>1 913 154</b>	<b>170 860 432</b>

Tabell 1: Forventa ramme for Fagskulen Vestland 2024

Tabell 1 syner at det er forventa en ramme på om lag 170 mill. Ramma skal dekke alle kostnader skulen har, og for å rekne ut kva tilbod vi kan starte opp innanfor ramma vert administrative kostnader trekt ut. Den totale ramma til fordeling for skuleåret 24/25 vert då om lag kr 131 mill.

Tabell 1 syner også eit forventa nedtrekk på kr 3,5 mill. Dette er ikkje endeleg vedteke av fylkestinget, men handsama i fylkesutvalet. I dei politiske budsjettprosessane kjem det også fram at det er

forventa nedtrekk i 2025 og 2026 også. Dette gjer at det på dette tidspunktet er vanskeleg å gjere nøyaktige vurderingar i høve til kor mange tilbod som kan startast opp hausten 2024. Fordi dei fleste utdanningane går over fleire år, tek det tid å trekke ned forbruket, og skulen må allereie hausten 2024 ta omsyn til økonomien framover i tid. Vi vil arbeide med å få betre oversikt og gjere naudsynte justeringar gjennom tilbodsstrukturen, og gjennom administrative tiltak i høve til planlagde investeringar og innkjøp. Tilbodsstrukturen som vert føreslått i denne saka vil såleis kunne måtte bli justert ned når den vert lagt fram på nytt i månads-skiftet april – mai 2024.

### Forslag til mellombels tilbodsstruktur 2024/25

Vidare i saka vert det vist kva tilbod som vert føreslått lagt ut i Samordna opptak våren 2024, samt talet på klassar som fortsett er i utdanning ved fagskulen neste skuleår. Først vert det vist ei oversikt over heile skulen fordelt på studiestad, og deretter vert kvart studiestad omtalt i detalj i høve til kva som vert føreslått starta opp og kva som er endring frå inneverande skuleår.

SUMMERT	Nye studentar	1. klasse	2. klasse	3. klasse	Sum klassar	Budsjett
Nordnes	480,00	12,00	17,00	9,00	38,00	53 012 700,00
Førde	350,00	9,00	10,00	7,00	26,00	29 083 500,00
Stord	30,00	1,00	-	-	2,00	4 140 000,00
Nygård	90,00	3,00	3,00	-	6,00	14 135 666,67
Austevoll	60,00	2,00	1,00	-	3,00	6 417 000,00
Måløy	45,00	2,00	2,00	-	5,00	11 030 666,67
Hjeltnes	76,00	3,00	1,00	1,00	5,00	6 106 500,00
Voss	30,00	1,00	1,00	1,00	3,00	4 036 500,00
<b>Fagskulen i Vestland</b>	<b>1 161</b>	<b>33</b>	<b>35</b>	<b>18</b>	<b>88</b>	<b>127 962 533</b>

Tabell 2. Overordna tilbodsstruktur 24/25

Tabell 2 over syner at det er føreslått å starte opp med totalt 33 nye klassar hausten 2024 og til saman 1161 nye studentar. Vidare syner tabellen at det vil vere 35 klassar som er aktive på andre studieår, og 18 klassar tredje studieår. Totalt budsjett med dette forslaget vil vere på kr 127,9 mill. for heile skuleåret 24/25.

Når vi bereknar kva det er mogleg å starte opp innanfor ramma tek vi utgangspunkt i hausteffekten for 2024, og den vil vere på 63,9 mill. Våren 2024 forventar vi å bruke om lag 63,9 mill. Det vil sei at basert på forslaget vil det vere om lag 1,2 mill. som ikkje er disponert.

Vidare vert forslag til tilbodsstruktur vist i detalj for kvart studiestad. I tabellane er det markert med oransje og gult kva som er endringar frå skuleåret 23/24. Dei gule er også tilbod som er nye, eller som har eit avvikande starttidspunkt.

### Studiestad Nordnes

	Fagskulen i Vestland	Nye studentar	Tal klassar trinn 1	Tal klassar trinn 2	Tal klassar trinn 3	Sum Klassar	Budsjett
Nordnes	Klima, energi og miljø i bygg FTB03N, 120 stp	40	1	1	1	3	4 160 700
Nordnes	Bygg FTB01H, 120 stp	30	1	1		2	4 140 000
Nordnes	Bygg FTB01N, 120 stp	80	2	2	2	6	8 073 000
Nordnes	Automatisering FTE01N, 120 stp	40	1	2	1	4	5 382 000
Nordnes	Elkraft FTE03H, 120 stp	30	1	1		2	4 347 000
Nordnes	Elkraft FTE03N, 120 stp	80	2	2	2	6	8 073 000
Nordnes	Klassisk byggningshåndverk og restaurering FTB54D, 60 stp			1		1	1 035 000
Nordnes	Maskinteknikk FTT04H, 120 stp			1		1	2 173 500
Nordnes	Maskinteknikk FTT04N, 120 stp	40	1	1	1	3	4 036 500
Nordnes	Prosessteknikk FTK01N, 120 stp	40	1	2	1	4	5 382 000
Nordnes	Demensomsorg og psykisk helsearbeid/eldre FHH47K, 30 stp	30	1			1	1 035 000
Nordnes	Psykisk helsearbeid og rusarbeid FHH56D, 60 stp	30	1	1		2	2 070 000
Nordnes	Rehab., hverdagsmestr./veiferdsteknologi FHH83N, 60 stp			1		1	1 035 000
Nordnes	Robotteknologi og digital produksjon FTT57N, 120 stp				1	1	1 035 000
Nordnes	Sterilforsyning og smittevern i helsetenesta FHH96K, 60 stp			1		1	1 035 000

Tabell 3. Forslag til mellombels tilbodsstruktur ved studiestad Nordnes skuleåret 24/25

Tabell 3 syner følgjande endringar:

- Automatisering - ein klasse i staden for 2 klassar. Skuleåret 23/24 starta det opp to klassar første studieår fordi det var eit høgt tal med søkjarar, og det var andre tilbod som ikkje kom i gang pga. låge søkjartal.

- Maskinteknikk heiltid vert føreslått ikkje starta opp. Dette tilbodet har hatt låge søkjartal og det er derfor ønskjeleg å berre lyse ut tilbodet på deltid for å samla søkjarane der.
- Prosessteknikk vart også starta med to klassar skuleåret 23/24, med same årsak som Automatisering. Det vert no føreslått å gå tilbake til oppstart av ein klasse.
- Demensomsorg og psykisk helsearbeid til eldre er eit tilbod som er nytt. Det har vore tilbydd som eit bransjeprogram, men er no ønskjeleg å lysa ut gjennom Samordna opptak. Dette tilbodet vil vi søkje om nye studieplassar til.
- Rehabilitering, hverdagsmestring og velferdsteknologi har vorte tilbydd i to år, men det har vore låge søkjartal, og det vert derfor føreslått å ikkje lyse ut nytt tilbod våren 2024. Tilbodet kan lysast ut igjen våren 2025, slik at det kan vere oppstart annakvart år dersom det er nok søkjarar.

Dei øvre tilboda som ikkje vert føreslått starta opp skuleåret 24/25 er tilbod som er vanleg å starta annakvart år, og vart starta opp hausten 2023. Unntaket er Robotteknologi og digital produksjon som i fjor vart flytta til Stord. Dette vert omtala meir seinare under studiestad Stord.

### Studiestad Førde

	Fagskolen i Vestland	Nye studentar	Tal klassar trinn 1	Tal klassar trinn 2	Tal klassar trinn 3	Sum Klassar	Budsjett
Førde	Anlegg FTB02N, 120 stp	40	1	1	1	3	3 415 500
Førde	Automatisering FTE01N, 120 stp	40	1	1	1	3	3 415 500
Førde	Bygg FTB01N, 120 stp	40	1	1	1	3	3 415 500
Førde	BIM-tekniker FTI53N, 60 stp	40	1	1		2	2 070 000
Førde	Bygningssakkyndig FTB58N, 120 stp	40	1	1	1	3	3 415 500
Førde	Elkraft FTE 13N, 120 stp	40	1	1	1	3	3 415 500
Førde	Håndverksysting FPS15K, 60 stp			1		1	1 035 000
Førde	Klima, energi og miljø FTB03N, 120 stp	40	1	1	1	3	3 415 500
Førde	Maskinteknikk FTT04N, 120 stp	40	1	1	1	3	3 415 500
Førde	Mjølkeproduksjon m/robot FPS10N, 60 stp			1		1	1 035 000
Førde	Grøn omstilling i byggenæringa (under akkreditering), 60 stp	30	1			1	1 035 000

Tabell 4. Forslag til mellombels tilbodsstruktur ved studiestad Førde skuleåret 24/25

Ved studiestad Førde er alle tilbod på deltid. For skuleåret 24/25 vert det føreslått følgjande endringar:

- Handverksysting er eit tilbod som har små grupper fordi det ikkje kan vere meir enn 15 studentar i kvar klasse. Slike tilbod er dyrare å drifte, og det vert derfor føreslått at tilbodet berre vert starta annakvart år. Det vert såleis ikkje føreslått oppretta hausten 2024.
- Mjølkeproduksjon er også eit tilbod med små grupper, i tillegg har det vore låge søkjartal dei to siste åra, og dette tilbodet vert såleis heller ikkje føreslått oppretta hausten 2024. Tilbodet kan vurderast med oppstart skuleåret 25/26.
- Grøn omstilling i byggenæringa er eit nytt tilbod som er under akkreditering. Dette er eit tilbod som svarar til nasjonale og regionale kompetansebehov og satsingar, samt fagskolen sin strategi. Dette tilbodet vert føreslått oppretta og vi ønskjer å søkje nye studieplassar til det.

### Studiestad Stord

	Fagskolen i Vestland	Nye studentar	Tal klassar trinn 1	Tal klassar trinn 2	Tal klassar trinn 3	Sum Klassar	Budsjett
Stord	Maskinteknikk FTT04H, 120 stp	30	1			1	2 070 000
Stord	Elkraft FTE03H, 120 stp					0	-
Stord	Robotteknologi og digital produksjon FTT57N, 120 stp			1		1	2 070 000

Tabell 5. Forslag til mellombels tilbodsstruktur ved studiestad Stord skuleåret 24/25

Ved studiestad Stord har det vore vanleg å veksle mellom kva tilbod som vert starta opp i nær dialog med næringa. For skuleåret 24/25 ønskjer næringa at fagskolen tilbyr Maskinteknikk. Skuleåret 23/24 starta vi opp tilbodet Robotteknologi og digital produksjon, og det var svært gode søkjartal, betre enn vi har klart å få i Bergen. Det kan vere aktuelt å starte tilbodet på nytt hausten 2025.

Tilboda på Stord vert tilbydd som heiltidsstudium med samlingar.

### Stuedstad Nygård

	Fagskolen i Vestland	Nye studentar	Tal klassar trinn 1	Tal klassar trinn 2	Tal klassar trinn 3	Sum Klassar	Budsjett
Nygård	Maskinoffiser FTM02H, 120 stp	30	1	1		2	4 140 000
Nygård	Dekksoffiser FTM01H, 120 stp	30	1	1		2	5 855 667
Nygård	Boring FTP01H, 120 stp	30	1	1		2	4 140 000

Tabell 6. Forslag til mellombels tilbodsstruktur ved studiestad Nygård skuleåret 24/25

Ved studiestad Nygård er det ikkje føreslått endringar skuleåret 24/25.

### Stuedstad Austevoll

	Fagskolen i Vestland	Nye studentar	Tal klassar trinn 1	Tal klassar trinn 2	Tal klassar trinn 3	Sum Klassar	Budsjett
Austevoll	Dekksoffiser FTM01H, 120 stp	30	1	1		2	5 382 000
Austevoll	Vannkjemi, mikrobiologi og fiskehelse FPH05N, 30 stp	30	1			1	1 035 000

Tabell 7. Forslag til mellombels tilbodsstruktur ved studiestad Austevoll skuleåret 24/25

Ved studiestad Austevoll er det ikkje føreslått endringar skuleåret 24/25.

### Stuedstad Måløy

	Fagskolen i Vestland	Nye studentar	Tal klassar trinn 1	Tal klassar trinn 2	Tal klassar trinn 3	Sum Klassar	Budsjett
Måløy	Dekksoffiser FTM01H, 120 stp	15	1	1		2	5 589 000
Måløy	Maskinoffiser FTM02H, 120 stp	15	1	1		2	4 406 667
Måløy	Leing i havbruksoperasjonar FPH06K, 60 stp	15	1			1	1 035 000

Tabell 8. Forslag til mellombels tilbodsstruktur ved studiestad Måløy skuleåret 24/25

Ved studiestad Måløy fekk fagskolen nye studieplassar til Leing i havbruksoperasjonar hausten 2023. Det var ikkje nok søkjarar til å starte, og det vart vedteke av styret at utdanninga skulle lysast ut igjen gjennom lokalt opptak med opstart januar 2024. Tilbodet er lyst ut med søknadsfrist 1. januar 2024, og dersom det er nok søkjarar skal tilbodet gjennomførast i eit samarbeid mellom studiestad Måløy og Austevoll. Slik at eventuelle søkjarar frå sør kan følgje deler av utdanninga frå Austevoll.

### Stuedstad Hjeltnes

	Fagskolen i Vestland	Nye studentar	Tal klassar trinn 1	Tal klassar trinn 2	Tal klassar trinn 3	Sum Klassar	Budsjett
Hjeltnes	Arborist FPS01D, 60 stp	16	1			1	1 035 000
Hjeltnes	Lokal matkultur FTK51N, 120 stp	30	1	1	1	3	4 036 500
Hjeltnes	Pommelier FTK59K, 30 stp	30	1			1	1 035 000

Tabell 9. Forslag til mellombels tilbodsstruktur ved studiestad Hjeltnes skuleåret 24/25

Ved studiestad Hjeltnes er det akkreditert ei ny utdanning innan pommelier (siderproduksjon). Dette er eit tilbod som også er bestemt starta opp i januar 2024. Fagskolen har ikkje fått nye studieplassar til utdanninga, men ønskjer å søkje om nye studieplassar innan fristen 15. desember. Dersom vi får nye studieplassar til tilbodet vil skulen berre få ei haustverknad i 2024, så vårsemesteret må skulen dekke sjølv.

Fagskolen ønskjer å etablere fleire tilbod ved dei mindre studiestadene for å utvikle større fagmiljø, og denne utdanninga er ei del av dette. Tilbodet er også etterspurt i regionen.

### Stuedstad Voss

	Fagskolen i Vestland	Nye studentar	Tal klassar trinn 1	Tal klassar trinn 2	Tal klassar trinn 3	Sum Klassar	Budsjett
Voss	Anlegg FTB02N, 120 stp	30	1	1	1	3	4 036 500

Tabell 10. Forslag til mellombels tilbodsstruktur ved studiestad Voss skuleåret 24/25

Ved studiestad Voss er det ikkje føreslått endringar. Tilbodet Anlegg på Voss har gode søkjartal og gjennomføring.

## Vedtakskompetanse

Jf. Lov om høyere yrkesfaglig utdanning § 9 andre ledd er det styret for fagskulen som har kompetanse til å vedta tilbudsstruktur:

«Styret selv skal fatte vedtak om at det etter styrets skjønn er forsvarlig å ta opp nye studenter. Vedtaket skal fattes før studiestart.»

## Konklusjon

På bakgrunn av saksframlegget vil rektor tilrå å lyse ut følgjande tilbod våren 2024:

	<b>Fagskulen i Vestland</b>	<b>Nye studenter</b>
<b>Nordnes</b>	Klima, energi og miljø i bygg FTB03N, 120 stp	40
<b>Nordnes</b>	Bygg FTB01H, 120 stp	30
<b>Nordnes</b>	Bygg FTB01N, 120 stp	80
<b>Nordnes</b>	Automatisering FTE01N, 120 stp	40
<b>Nordnes</b>	Elkraft FTE03H, 120 stp	30
<b>Nordnes</b>	Elkraft FTE03N, 120 stp	80
<b>Nordnes</b>	Maskinteknikk FTT04N, 120 stp	40
<b>Nordnes</b>	Prosessteknikk FTK01N, 120 stp	40
<b>Nordnes</b>	Demensomsorg og psykisk helsearbeid/eldre FHH47K, 30 stp	30
<b>Nordnes</b>	Psykisk helsearbeid og rusarbeid FHH56D, 60 stp	30
<b>Førde</b>	Anlegg FTB02N, 120 stp	40
<b>Førde</b>	Automatisering FTE01N, 120 stp	40
<b>Førde</b>	Bygg FTB01N, 120 stp	40
<b>Førde</b>	BIM-tekniker FTI53N, 60 stp	40
<b>Førde</b>	Bygningssakkyndig FTB58N, 120 stp	40
<b>Førde</b>	Elkraft FTE13N, 120 stp	40
<b>Førde</b>	Klima, energi og miljø FTB03N, 120 stp	40
<b>Førde</b>	Maskinteknikk FTT04N, 120 stp	40
<b>Førde</b>	Grøn omstilling i byggenæringa (under akkreditering), 60 stp	30
<b>Stord</b>	Maskinteknikk FTT04H, 120 stp	30
<b>Nygård</b>	Maskinoffiser FTM02H, 120 stp	30
<b>Nygård</b>	Dekksoffiser FTM01H, 120 stp	30
<b>Nygård</b>	Boring FTP01H, 120 stp	30
<b>Austevoll</b>	Dekksoffiser FTM01H, 120 stp	30
<b>Austevoll</b>	Vannkjemi, mikrobiologi og fiskehelse FPH05N, 30 stp	30
<b>Måløy</b>	Dekksoffiser FTM01H, 120 stp	15
<b>Måløy</b>	Maskinoffiser FTM02H, 120 stp	15
<b>Måløy</b>	Leing i havbruksoperasjonar FPH06K, 60 stp	15
<b>Hjeltnes</b>	Arborist FPS01D, 60 stp	16
<b>Hjeltnes</b>	Lokal matkultur FTK51N, 120 stp	30
<b>Hjeltnes</b>	Pommelier FTK59K, 30 stp	30
<b>Voss</b>	Anlegg FTB02N, 120 stp	30
	<b>Totalt</b>	<b>1161</b>

---

**Saksnr:** 2022/486-106**Saksbehandlar:** Adeline Berntsen Landro

## Saksgang

Utval	Utv.saksnr.	Møtedato
Styret for Fagskulen Vestland	VS 19/23	07.12.2023

## Søknad til styret om akkreditering av utdanninga "Grøn omstilling i byggebransjen" 60 stp.

### Forslag til vedtak

1. Styret akkrediterer utdanninga «Grøn omstilling i byggebransjen» 60 stp., samlingsbasert med nettstøtte, studiestad Førde.
2. Fagskulen skal melde NOKUT om oppretting av tilbudet, når godkjenning frå styret ligg føre.

### Samandrag

Fagskulen har utvikla og gjennomført sakkunnig vurdering av utdanninga «Grøn omstilling i byggebransjen», 60 stp. Utdanninga er utarbeidd i tett samarbeid med næringslivet og andre fagmiljø, og det er vist stor interesse for utdanninga. Kompetansebygging innan grøn omstilling er også eit satsingsområde nasjonalt i høve til oppretting av nye utdanningar med nye studieplassar, og i høve til fagskulen si eiga strategi.

**Torbjørn Mjelstad**  
rektor

**Adeline Berntsen Landro**  
prorektor

*Saksframlegget er godkjent elektronisk og har difor inga handskriven underskrift*

### Vedlegg

- 1 Grøn omstilling i byggebransjen - justert etter sakkyndig komite
- 2 Skjema for arbeidet i sakkyndig komite
- 3 Prosjekt - 60 stp. Grøn omstilling i byggenæringa

## Saksutgreiing

### Bakgrunn for saka

Fagskulen har utvikla og gjennomført sakkunnig vurdering av utdanninga «Grøn omstilling i byggebransjen», 60 stp. (vedlegg 1). Utdanninga er utvikla gjennom eit prosjekt som fagskulen fekk tilskot til gjennom tilskotsordninga Bransjeprogram. Gjennom dette prosjektet fekk skulen midlar til både å utvikle utdanninga, og drifte einiskilde emne frå utdanninga som modular.

Utdanninga er utarbeidd i tett samarbeid med næringslivet og andre fagmiljø, og det er vist stor interesse for utdanninga. Kompetansebygging innan grøn omstilling er også eit satsingsområde nasjonalt i høve til oppretting av nye utdanningar med nye studieplassar, og i høve til fagskulen si eiga strategi.

### Sakkunnig komité

Sakkunnig komité har bestått av:

- Anne Sofie Handal Bjelland
  - Høgskulelektor og PhD. kandidat ved institutt for byggfag, Høgskulen på Vestlandet
  - Forskar på:
    - Energieffektivisering av bygg og verdistigning
    - Inn klimaet si effekt på vår fysiske helse og velvære
    - Berekraftig byggeri
- Hartvig Stafseth
  - Adjunkt m/tillegg, faglærer innan bygg, Fagskulen Vestland, studiestad Nordnes

Sakkunnig komité har i sin rapport (vedlegg 2) tilrådd å godkjenne utdanninga som den ligg føre. Komiteen har kome med nokre tilrådingar, og fleire av desse er følgt opp. Konklusjonen til komiteen er som følgjer:

«Sakkunnig komité godkjenner utdanninga, men fagskulen bør vurderer dei tilrådingane som komiteen har gitt i rapporten.»

Tilrådingane som komiteen har gitt er mellom anna at skulen kan vurdere om namnet er for breitt og gir nok informasjon om innhald til utanforståande. Samtidig vert namnet godkjent, og komiteen meiner at det syner godt kva målet med utdanninga er.

I høve til om faginnhaldet og strukturen i utdanninga er eigna til at studentane kan nå læringsutbyttet konkluderer komiteen med at krava er oppfylt, men gjev følgjande tilrådingar:

- Rette opp vekslinga mellom omgrepet Kommunikasjon og Yrkesretta kommunikasjon, og nytte det sistnemnte som namn på emnet då det gir meir informasjon om kva emnet inneheld.
- Namnet på emnet realfag bør endrast til «Matte og fysikk». Realfag består av mykje, men emnet består av matte og fysikk, og vert såleis eit meir presist namn.
- Emnet økonomi kan med fordel heite noko meir spesifikt, og emnet bør også gi kunnskap om nye forretningsmodellar som koplar ressursbruk bort frå lønsemd i verksemd. Dette er noko bransjen må endre i åra som kjem.

I høve til spørsmål om undervisnings-, lærings- og vurderingsformene konkluderer også komiteen med at kravet er oppfylt, men gjev følgjande tilråding:

«Komiteen vurderer at kravet i fagskuletilsynsforskrifta § 2-1 tredje ledd bokstav c er oppfylt men vil likevel tilrå at skulen vurderer meir testing undervegs i utdanninga for fleire av emna, slik at ein sikrar at læring i prosess vert fanga opp, noko som gjev eit breiare vurderingsgrunnlag. Komiteen vil også peike på at det er positivt med den variasjon av vurdering som er vist i studieplanen.»

Når det gjeld spørsmål om opptakskrava er dei rette for utdanninga skriv komiteen følgjande:

«Komiteen vurderer at krava i fagskulelova og fagskuleforskrifta om opptak og realkompetansevurdering er oppfylt, men skulen bør vurdere om det er andre fagbrev innan dei tekniske faga som også kan vere aktuelle for utdanninga. Til dømes meiner komiteen at fagbrev som røyrleggar vil vere relevant opptakskrav for utdanninga, og gjerne andre fagbrev innan det tekniske fagområdet. Komiteen meiner at utdanninga er tverrfagleg og det er ein fordel at utdanninga er tilgjengeleg for så mange som mogleg.»

Som nemnt tidlegare i saka, og som vist i rapporten til sakkunnig komité vert utdanninga godkjent og det vert såleis tilrådd at styret vedtek å akkreditere utdanninga.

Vidare vert det gjort greie for innhaldet i utdanninga, opptaksgrunnlag og organisering.

### Om utdanninga

“Grøn omstilling i byggebransjen” er ei sjølvstendig eittårig utdanning som byggjer på studentane si relevante kompetanse, anten fagbrev eller realkompetanse. Utdanninga har som mål å auke kompetanse relatert til det grønne skiftet, for byggenæringa og dei som utdannar kommande generasjonar med utøvande aktørar i bransjen.

Det blir stilt stadig strengare miljøkrav til næringa og utbyggjarar, og det kan være vanskeleg å få oversikt over dei ulike krava myndigheitene stiller og korleis innfri desse. Utdanninga skal derfor gje studentane oversikt over dei miljøkrav som føreligger, og gjere dei i stand til å følgje med i dei stadig nye krava som kjem. Studentane skal lære å bli innovative i høve til å stille krav til miljø i anbodsdokument, og korleis byggeprosjekt skal kunne gjennomførast på ei berekraftig måte.

Utdanninga tar sikte på å ruste aktørane i bransjen med grøn kompetanse som er målretta til næringa, og vil vere relevant for bygg- og anleggsbransjen i heile landet. Meir konkret vil tilbodet rette seg mot offentleg forvaltning, entreprenørar i bygg- og anleggsindustri, fagarbeidarar og lærlingar, i tillegg til yrkesfaglærarar i byggtekniske fag.

### Læringsutbytte

Gjennom studiet skal studentane oppnå følgjande overordna læringsutbytte:

#### Overordna LUB for studiet Grøn omstilling i byggebransjen

##### Kunnskapar

Studenten:

- har kunnskap om prinsippa bak grøn omstilling og berekraftig utvikling i byggebransjen
- har innsikt i dei ulike fasane av livsløpet til ein bygning, og kva parameter i livsløpet som har spesielt stor påverknad når det gjeld ressursbruk og berekraft
- har kunnskap om dei ulike rollane i eit byggeprosjekt, og kva ansvar/oppgåver som ligg til dei ulike rollane
- har innsikt i ulike byggematerial og -metodar med låg miljøpåverknad, og veit korleis ein held seg oppdatert på nyheiter innan dette
- har innsikt i sirkulær økonomi og ombruk innan byggebransjen
- har kunnskap om energieffektive teknologiar og løysingar innan bygg og infrastruktur
- har innsikt i energiflyt i bygg
- har forståing for konsekvensane av klimaendringar, og kan identifisere tiltak innan byggebransjen for å møte desse utfordringane
- har innsikt i relevante lover, reglar og standardar knytt til miljø og berekraft i byggebransjen



**Ferdigheiter**

Studenten:

- kan kartlegge miljøpåverknaden til ulike materiale og byggemetodar, og velje dei mest berekraftige alternativa
- kan delta i planlegging og gjennomføring av energieffektive design og konstruksjonar
- kan kartlegge livssyklusen for eit byggeprosjekt med omsyn til energiforbruk, klimagassutslepp og ressursbruk
- kan anvende kunnskap om grønne og berekraftige løysingar for avfallshandtering, resirkulering og gjenvinning i byggeprosessar
- kan kartlegge potensielle utfordringar og barrierar for grøn omstilling i byggebransjen, og utvikle strategiar for å handtere desse
- kan finne relevant fagstoff for å halde seg oppdatert på utvikling innan grøn omstilling i byggebransjen
- kan anvende relevante verktøy, materialar og teknikkar som Simien, OneClick LCA og plusshus konsept

**Generell kompetanse**

Studenten:

- har forståing for samanhengen mellom menneskeleg aktivitet, byggebransjen og miljøet
- kan utvikle prosessar for planlegging av nybygg og renovering, der ein tidleg legg føringar for berekraft
- kan bygge relasjonar, kommunisere og arbeide effektivt i tverrfaglege miljø for å oppnå grønne målsetjingar i byggebransjen
- kan gjere vurderingar og gje råd i byggjeprojekt for å fremje den grønne omstillinga i bransjen

**Opptaksgrunnlag**

Opptaksgrunnlaget til utdanninga vil vere fagbrev innan følgjande programområde frå vidaregåande utdanning:

- Bygg- og anleggsteknikk

**Organisering av studiet**

Utdanninga er ei eittårig utdanning fordelt over to år som nettbasert studium med samlingar.

Utdanninga er bygd opp av 9 emne, og kvart emne består av fleire tema. Emna i utdanninga er som følgjer:

Kode	Emnenamn	Studie-poeng	1. år	2. år
	E1: Realfag	5	x	
	E2: Yrkesretta kommunikasjon	5	x	
	E3: Økonomi	5	x	
	E4: Innføring i bærekraft, miljø og klima	7,5	x	
	E5: Materialkunnskap	5	x	
	E6: FDVU, livsløp og levetid til bygg	7,5		x
	E7: Energirådgjevar	10		x
	E8: Sirkulær økonomi og ombruk	10		x
	E9: Prosjektleiing og sertifisering	5		x
			27,5	32,5

**Studiestad og utdanningsform**

Utdanninga er utvikla av fagmiljøet ved studiestad Førde, og det er ønskjeleg at utdanninga vert akkreditert der som samlingsbasert utdanning.

**Vedtakskompetanse**

Fagskular som har akkreditering for fagområde, kan sjølv akkreditere nye fagskuleutdanningar innan det akkreditere fagområdet, jf. fagskuleforskrifta § 48 (3). Styret ved fagskulen skal fastsetje plan for innhaldet i utdanninga, og bestemme korleis planen skal verte gjennomført, jf. fagskulelova § 17 første ledd.

**Konklusjon**

Rektor vil tilrå at styret akkrediterer utdanninga «Grøn omstilling i byggebransjen», 60 studiepoeng ved studiestad Førde. Det vert også tilrådd at utdanninga vert akkreditert som nettbasert utdanning med samlingar.



Fagskolen Vestland  
Vestland fylkeskommune

# Studieplan for eittårig teknisk fagskule

## Grøn omstilling i byggebransjen 2024

Studieplanen gjeld for:

- Eittårig utdanning fordelt over to år som nettbasert studium med samling

# Innhold

<b>1 Innleiing</b>	3
<b>2 Skildring av utdanninga Grøn omstilling i byggebransjen</b>	3
<b>3 Læringsutbyttebeskriving (LUB)</b>	4
Overordna LUB for studiet Grøn omstilling i byggebransjen	4
<b>4 Opptakskrav</b>	4
<b>5 Organisering av studiet</b>	5
<b>6 Undervisningsformer og læringsaktivitetar</b>	5
6.1 Læringsmåtar	6
6.2 Vurdering	6
6.3 Arbeidskrav	7
<b>7 Sluttvurdering og eksamen</b>	7
7.1 Sluttvurdering	7
7.2 Eksamen	7
7.3 Kvalitativ forklaring av karaktertrinn	8
<b>8 Sluttdokumentasjon</b>	8
<b>9 Emneoversikt</b>	9
9.1 Gjennomføring	9
9.2 Emneoversikt med læringsutbyttebeskriving	10
E1 Realfag	10
E2 Yrkesretta kommunikasjon	10
E3 Økonomi	12
E4 Innføring i berekraft, miljø og klima	13
E5 Materialkunnskap	14
E6 FDVU, livsløp og levetid til bygg	15
E7 Energirådgevar	16
E8 Sirkulær økonomi og ombruk	17
E9 Prosjektleiing og sertifisering	18
<b>10 Litteraturliste</b>	19

## 1 Innleiing

Noreg har lange tradisjonar innan fagskuleutdanning. Dei første fagskulane starta allereie på 1850-tallet. Fagskulane har utvikla seg ut i frå behov i samfunnet og i takt med den generelle skule- og samfunnsutviklinga. I dei seinare åra har fagskulen blitt plassert inn i utdanningssystemet som ein av utdanningsvegane ein student kan velje. Lov om høgare yrkesfagleg utdanning definerer fagskuleutdanninga slik:

«Fagskuleutdanning er høgere yrkesfaglig utdanning og ligger på nivå over videregående opplæring. Fagskuleutdanning gir kompetanse som kan tas i bruk i arbeidslivet uten ytterligere opplæringstiltak».

Sjølv om fagskuleutdanninga gir kompetanse som kan takast direkte i bruk i arbeidslivet, gir den òg kompetanse til å studere vidare på høgskule og universitet. Fagskuleutdanning gir generell studiekompetanse og rett til å søke høgare studium som krev generell studiekompetanse.

Kompetansen fagskulen gir er spesiell fordi den bygger på praktisk kompetanse frå fagbrev i vidaregåande skule. Fagskulen si oppgåve er å tilføre studentane teoretisk kunnskap som bygger på den praktiske kompetansen frå vidaregåande skule. Etterspurnaden etter arbeidskraft med denne kompetansen er allereie stor. Prognosane tilseier at etterspurnaden vil auke i framtida.

Lov om høgare yrkesfagleg utdanning seier at fagskulen skal legge til rette for at fagskuleutdanninga har høg kvalitet. Studietilboda må difor godkjennast av Nasjonalt organ for kvalitet i utdanninga (NOKUT) før den einskilde fagskulen kan tilby utdanninga til studentane. I tillegg må fagskulane til ein kvar tid revidere grunnleggjande system og studieplanar. Dette sikrar at utdanningane er på eit nasjonalt nivå.

Fagskulen Vestland har studietilbod som er godkjent og vi har eit system for revidering av grunnleggjande føresetnader. På denne måten kan vi til ei kvar tid tilby studentane høg kvalitet i studiet. Vi vektlegg i tillegg eit nært samarbeid med arbeids- og næringsliv i regionen. Dette sikrar at fagskuleutdanninga er oppdatert og at studentane har den kunnskapen arbeids- og næringsliv etterspør.

## 2 Skildring av utdanninga grøen omstilling i byggebransjen

Omstilling i byggebransjen er viktig for å nå målsetjingar om redusert utslepp av klimagassar og meir berekraftig forbruk av ressursar. Noreg har som mål å bli lågutsleppssamfunn innan 2050 (Klimaloven, 2017, § 4), og regjeringa har kome med tydelege signal om at byggebransjen skal bidra i omstillinga.

Nye lovkrav, forskrifter og retningslinjer vil bli innført i stort tempo framover, og ein del er allereie innført. Eit døme er EUs krav om 70 % ombruk eller materialgjenvinning av avfall frå bygg- og anlegg som Noreg har forplikta seg til. Men tal frå SSB viser at andel materialgjenvinning framleis ligg godt under 50 % (Chaudary, 2019).

Studiet Grøen omstilling i byggebransjen er ei sjølvstendig eittårig utdanning som byggjer på studentane sin relevante kompetanse, enten realkompetanse, fagbrev, tidlegare fagskuleutdanning eller høgare utdanning innan bygg og anlegg.

Studiet har som mål å utvikle ei berekraftig byggenæring for kommande generasjonar med utøvande aktørar i bransjen.

### 3 Læringsutbyttebeskriving (LUB)

Kunnskapsdepartementet har fastsett "Nasjonalt kvalifikasjonsrammeverk for livslang læring" (NKR). Ei eittårig utdanning på fagskulenivå skal vere på nivå 5.1 i NKR. For alle utdanningar vert det utarbeidd læringsutbyttebeskrivingar (LUB) for utdanninga som heilskap og for kvart emne. Ein brukar då omgrepa overordna LUB og emne LUB.

Læringsutbyttebeskrivinga viser dei kvalifikasjonane studenten minst skal ha etter fullført utdanning.

**Tabell 1: Overordna LUB for studiet**

Overordna LUB for studiet Grøn omstilling i byggebransjen
<p><b>Kunnskapar</b></p> <p>Studenten:</p> <ul style="list-style-type: none"><li>• har kunnskap om prinsippa bak grøn omstilling og berekraftig utvikling i byggebransjen</li><li>• har innsikt i dei ulike fasane av livsløpet til ein bygning, og kva parameter i livsløpet som har spesielt stor påverknad når det gjeld ressursbruk og berekraft</li><li>• har kunnskap om dei ulike rollane i eit byggeprosjekt, og kva ansvar/oppgåver som ligg til dei ulike rollane</li><li>• har innsikt i ulike byggematerial og -metodar med låg miljøpåverknad, og veit korleis ein held seg oppdatert på nyheiter innan dette</li><li>• har innsikt i sirkulær økonomi og ombruk innan byggebransjen</li><li>• har kunnskap om energieffektive teknologiar og løysingar innan bygg og infrastruktur</li><li>• har innsikt i energiflyt i bygg</li><li>• har forståing for konsekvensane av klimaendringar, og kan identifisere tiltak innan byggebransjen for å møte desse utfordringane</li><li>• har innsikt i relevante lover, reglar og standardar knytt til miljø og berekraft i byggebransjen</li></ul>
<p><b>Ferdigheiter</b></p> <p>Studenten:</p> <ul style="list-style-type: none"><li>• kan kartlegge miljøpåverknaden til ulike materiale og byggemetodar, og velje dei mest berekraftige alternativa</li><li>• kan delta i planlegging og gjennomføring av energieffektive design og konstruksjonar</li><li>• kan kartlegge livssyklusen for eit byggeprosjekt med omsyn til energiforbruk, klimagassutslepp og ressursbruk</li><li>• kan anvende kunnskap om grønne og berekraftige løysingar for avfallshandtering, resirkulering og gjenvinning i byggeprosessar</li><li>• kan kartlegge potensielle utfordringar og barrierar for grøn omstilling i byggebransjen, og utvikle strategiar for å handtere desse</li><li>• kan finne relevant fagstoff for å halde seg oppdatert på utvikling innan grøn omstilling i byggebransjen</li><li>• kan anvende relevante verktøy, materialar og teknikkar som Simien, OneClick LCA og plusshus konsept</li></ul>
<p><b>Generell kompetanse</b></p> <p>Studenten:</p>

- har forståing for samanhengen mellom menneskeleg aktivitet, byggebransjen og miljøet
- kan utvikle prosessar for planlegging av nybygg og renovering, der ein tidleg legg føringar for berekraft
- kan bygge relasjonar, kommunisere og arbeide effektivt i tverrfaglege miljø for å oppnå grønne målsetjingar i byggebransjen
- kan gjere vurderingar og gje råd i byggjeprosjekt for å fremje den grønne omstillinga i bransjen

## 4 Opptakskrav

Det generelle grunnlaget for opptak til studium ved Fagskulen Vestland er at søkjar skal ha fullført og bestått vidaregåande opplæring med relevant fagbrev/sveinebrev.

Søkjarar som kan dokumentere at dei skal gjennomføre fagprøve etter opptaksfristen, kan tildelast plass på vilkår om bestått prøve.

For studiet Bygg gjeld relevante fagbrev/sveinebrev frå utdanningsprogrammet Bygg- og anleggsteknikk.

### Opptak på grunnlag av realkompetanse

Søkjarar som ikkje fyller dei generelle opptakskrava, og som har fylt 23 år, kan søkje om opptak på grunnlag av realkompetanse.

Realkompetanse er all den kompetansen ein person har skaffa seg gjennom utdanning, praktisk yrkeserfaring og deltaking i organisasjonar m.m.

Sjå Forskrift om opptak ved Fagskulen Vestland, 2022, §2 på [www.lovddata.no](http://www.lovddata.no) for utfyllande informasjon om opptak.

## 5 Organisering av studiet

Utdanninga har ein gjennomføringsmodell:

- eittårig utdanning fordelt over to år som nettbasert studium med samling

Utdanninga er bygd opp av emne. Emna består av fleire tema. Kvart emne vert tildelt studiepoeng etter den relative vektinga det har i arbeidsbelastning for studentane og læringsutbytte i utdanninga. Det vert gitt 30 studiepoeng for læringsutbytte oppnådd på bakgrunn av eitt års bestått nettstudium med samling. Ved gjennomført nettbasert studium med samling, vert det totalt 60 studiepoeng.

Microsoft Teams vert brukt som læringsplattform for å administrere studiet, og til å formidle oppgåver og prosjekt til studentane. Studentane leverer oppgåver og får tilbakemeldingar på Teams. Teams vert òg brukt til rettleiing av ein eller fleire studentar. Vi nyttar funksjonar som chat, deling av dokument, kommunikasjon gjennom samtale eller video og samtale. Rettleiinga kan vere samtale om kva studenten skal gjere for å utvikle seg vidare.

## 6 Undervisningsformer og læringsaktivitetar

Undervisninga ved Fagskulen Vestland tek utgangspunkt i nyare pedagogisk forskning. Våre lærarar har fokus på å vere læringsleiarar og på den måten gjennomføre effektiv læring for studentane. Å vere læringsleiar er i hovudsak å legge til rette for at studentane vert aktivisert i læringsarbeidet. Vi vel å aktivisere studentane samstundes som vi kortar ned einvegsdialog der lærar føreles i lengre periodar. Sentrale element i vår pedagogikk er læraren sin relasjon og dialog med studentane og studentane sin eigenaktivitet og eigenvurdering.

Læringsaktivitetane skal vere relevante og målretta i høve til læringsutbyttebeskrivingane for utdanninga. I det pedagogiske arbeidet vektlegg vi i tillegg til fagleg utvikling, at studentane utviklar evne til sjølvstendig arbeid, kommunikasjon, samarbeid og praktisk yrkesutøving. Vi vel òg å legge vekt på at studentane skal utvikle evne til å sjå teknologien i eit breiare samfunns- og miljøperspektiv og at dei skal kunne foreta etiske refleksjonar.

Vi ser det som vesentleg å nytte tovegs dialog i undervisninga. Når fagstoff vert presentert av læraren kan han nytte studentane sine praktiske erfaringar. Erfaringane er gode å knytte til teorien, og det skapar gode diskusjonar i klassen. Vi bygger på denne måten opp det som er særprega ved fagskuleutdanninga.

## 6.1 Læringsmåtar

I vårt arbeid som læringsleiar vil mange undervisningsformer og læringsaktivitetar verte brukte. Prinsippet om variasjon i undervisninga gjer at vi nyttar mange læringsaktivitetar. Studentane får høve til å medverke når læringsaktivitetane vert bestemt. Det faglege innhaldet i undervisninga vil i mange høve styre læringsaktiviteten.

I nettstudie med samling nyttar vi dei pedagogiske prinsippa vi har skissert over. Vi nyttar digital kommunikasjon for å gjennomføre læringsaktivitetane i periodane utanom samling. Det vert lagt vekt på rettleiing og oppfølging gjennom dialog.

Aktuelle undervisningsformer og læringsaktivitetar er:

- Førelesingar
- Dialogprega undervisning med erfaringsdeling
- Praksisorientert undervisning med arrangerte og tilrettelagde øvingar
- Gruppeoppgåver og individuelle oppgåver med rettleiing i grupper og individuelt
- Munnleg framlegg
- Presentasjonar
- Prosjektarbeid med tverrfagleg fokus
- Ekskursjonar/studieturar
- Praktisk arbeid
- Mappemetodikk (utviklingsmappe, resultatmappe)
- Logg
- Observasjon og refleksjon
- Refleksjon over eige/andre sitt arbeid
- Refleksjonsnotat
- Medstudentvurdering
- Vurdering som læring
- Vurdering for læring
- Fagsamtalar
- Sjølvstudium
- Nettstøtta læring med videosnuttar.
- Digitalt støtta læring og rettleiing
- Ulike former for arbeid i grupper



## 6.2 Vurdering

Vurdering ved Fagskulen Vestland har fleire mål. Vurderinga skal kunne måle kompetansen til studentane og fremje læring.

Når vurderinga skal måle kompetanse vert omgrepet sluttvurdering nytta. Sluttvurderinga skal måle kompetansen på slutten av undervisning av eit emne. For å måle kompetanse nyttar vi mellom anna eksamen (skriftleg og munnleg), heildagsprøve, vurderingsmappe, prosjektoppgåver, gruppeoppgåver, innleveringar og liknande.

Når vurdering vert nytta som reiskap for at studentane skal lære meir, er det ei formativ vurdering eller ei undervegsvurdering. Denne vurderinga skal vere slik at studentane kan nytte vurderingane til å oppdatere seg og arbeide med dei områda der dei har manglande kompetanse. Vurderinga skal vere retta mot kva studenten kan gjere betre. På denne måten vert vurdering ei rettleiing for studentane. Denne forma for vurdering vert nytta mellom anna i vurderingssituasjonar som tradisjonelle prøver, oppgåver, prosjektarbeid, gruppeoppgåver, innleveringar, fagsamtalar, framføringar, læringsnotat og refleksjonsnotat. Vurderinga kan vere både skriftleg og munnleg. I mange samanhengar gir det godt utbytte for studenten at det vert nytta skriftleg tilbakemelding som vert følgd opp munnleg.

Når vurdering skal vere ein læringsmetode vert omgrepet «vurdering som læring» nytta. Typisk for denne vurderinga er at studentane vurderer sitt eige arbeid eller medstudentar sitt arbeid. Noko av dei mest effektive læringsmetodane er når studentar skal sette seg inn i andre studentar sitt arbeid og gi vurdering av dette arbeidet. Når studenten skal forklare medstudentane sitt arbeid oppstår det ofte gode drøftingar og refleksjonar.

Ved å nytte vurdering som metode ønskjer vi at studentane skal kunne lære like mykje av kvarandre som av læraren. Vi ønskjer med dette å fremme ein aktivitet som gjer studenten medviten om sin eigen kompetanse. På denne måten vert læringa meir effektiv.

## 6.3 Arbeidskrav

Fagskulen Vestland nyttar arbeidskrav i dei fleste emne. Føremål med arbeidskrav er å sikre progresjonen i læringa og ein jamn arbeidsinnsats gjennom studiet. Arbeidskrav inngår i den formative delen av læreprosessen.

Arbeidskrav kan bestå av ulike læringsaktivitetar og kan vere individuelle eller i gruppe. Dei mest vanlege er innleveringar, munnlege framlegg/presentasjonar, refleksjonsnotat og medstudentvurdering av refleksjonsnotat.

Faglærer vurderer arbeidskrava. For å få sluttvurdering må studenten ha utført dei arbeidskrav som vert kravd i emnet og arbeidskrava må vere godkjende.

Dersom studenten ikkje har levert arbeidskravet innan fristen for innlevering, vert arbeidskravet ikkje godkjent. Studentane har høve til å kontakte lærar før innleveringsfristen. Lærar kan i slike tilfelle lage avtalar med studentane. Til vanleg vert det gitt fleire oppgåver enn det som er arbeidskrav. På denne måten kan studenten oppnå det tal arbeidskrav som vert kravd i emnet.

## 7 Sluttvurdering og eksamen

Studentane får ein karakter for kvart emne. Emnekarakter gir uttrykk for kompetanse som er oppnådd i ulike vurderingssituasjonar i emnet.

## 7.1 Sluttvurdering

I kvart emne skal det gjerast ei sluttvurdering av studenten i høve læringsutbyttet i emnet. Vurderingsgrunnlag og -kriterium er beskrevet i den enkelte studieplanen. Det skal vere ei heilskapsvurdering av kunnskapane, ferdigheitene og den generelle kompetansen til studenten i alle tema i emnet.

Det er lærarane i emnet som gjer sluttvurderinga. Om vurderingsforma i emnet er ein eksamen, vert det i tillegg oppnemnde ein medsensor (sjå kapittel 7.2 Eksamen).

Arbeidskrav må vere godkjende før studenten kan få endeleg karakter i eit emne.

Sjå Forskrift om studium ved Fagskulen Vestland, 2022, §5-3 på [www.lovdato.no](http://www.lovdato.no) for utfyllande informasjon om klage på emnekarakter.

## 7.2 Eksamen

Eksamen kan brukast som vurderingsform inn mot ein emnekarakter. Studentane skal sikrast ei upartisk vurdering av kunnskapar og ferdigheiter. Ein fagkyndig person vert oppnemnd som medsensor.

Sjå Forskrift om studium ved Fagskulen Vestland, 2022, §5-4 på [www.lovdato.no](http://www.lovdato.no) for utfyllande informasjon om klage på eksamensvurdering.

## 7.3 Kvalitativ forklaring av karaktertrinn

Vurdering vert gjennomført slik at fagskulen kan vurdere på eit sikkert grunnlag om studenten har nådd læringsutbyttet i studieplanen for utdanninga, jf. fagskoleloven § 21 første ledd.

Det skal nyttast bokstavkaraktar frå A til F. Karakteren A er beste karakter, og F inneber at emnet eller eksamen ikkje er bestått.

Karakterskala for Fagskulen Vestland:

Tabell 2: Kvalitativ forklaring av karaktertrinna

Symbol	Nemning	Generell, ikkje fagspesifikk omtale av vurderingskriteria
A	Framifrå	Framifrå prestasjon som skil seg klart ut. Studenten syner særst god vurderingsevne og stor grad av sjølvstende.
B	Mykje god	Mykje god prestasjon. Studenten syner mykje god vurderingsevne og sjølvstende.
C	God	Jamt god prestasjon som er tilfredsstillande på dei fleste områda. Studenten syner god vurderingsevne og sjølvstende på dei viktigaste områda.
D	Nokså god	Akseptabel prestasjon med nokre vesentlege manglar. Studenten syner ei viss grad av vurderingsevne og sjølvstende.
E	Tilstrekkeleg	Prestasjonen tilfredsstillar minimumskrava, men heller ikkje meir. Studenten syner lita vurderingsevne og lite sjølvstende.
F	Ikkje bestått	Prestasjon som ikkje tilfredsstillar dei faglege minimumskrava. Studenten syner både manglande vurderingsevne og sjølvstende.

Sjå Forskrift om studium ved Fagskulen Vestland, 2022, §3 på [www.lovdato.no](http://www.lovdato.no) for utfyllande informasjon om vurdering og eksamen.

## 8 Sluttdokumentasjon

Studentane som fullfører og består fagskuleutdanning, får eit vitnemål som dokumentasjon. På vitnemålet står utdanning, eventuell fordjuping og tittel på hovudprosjektet. Vitnemålet inneheld dei emna som inngår i utdanninga. Toårig utdanning nettbasert med samling utgjer 60 studiepoeng. I kvart emne står det omfang i form av studiepoeng og oppnådd karakter. For at det skal kunne skrivast ut vitnemål, må heile studiet vere fullført, og eksamen må vere avlagt og bestått.

Etter avbroten utdanning eller ikkje bestått utdanning, vert det skrive ut ei karakterutskrift som dokumentasjon på kva enkeltemne som er bestått.

Vitnemålet vert merka med *Vocational Diploma VC*, med tanke på internasjonalt bruk. Vitnemålet vil i tillegg innehalde overordna læringsutbyttebeskriving.

## 9 Emneoversikt

### 9.1 Gjennomføring

Tabell 3 og 4 gir informasjon om emne, studiepoeng, arbeidsbelastning og gjennomføring av nettbasert studium med samling.

Tabell 3 viser estimert arbeidsmengde for deltidsstudiet.

Tabell 4 viser korleis emna vert fordelt over semestera.

Tabell 3: Emneoversikt og arbeidsbelastning (arbeidstimar) for studiet. Timar i einingar på 60 minutt.

Emne	Studiepoeng	Timer fysisk samling	Timer digital samling	Timer sjølvstudium	Timer gruppearbeid	Timer totalt i emne
E1 Real FAG	5	8	15	77	25	125
E2 Kommunikasjon	5	8	15	77	25	125
E3 Økonomi	5	8	15	77	25	125
E4 Innføring i bærekraft, miljø og klima	7,5	12	22	118	38	190
E5 Material - kunnskap	5	8	15	77	25	125
E6 FDVU, livsløp og levetid til bygg	7,5	12	22	118	38	190
E7 Energirådgjevar	10	16	30	164	50	260
E8 Sirkulær økonomi og ombruk	10	16	30	164	50	260
E9 Prosjektleiing og sertifisering	5	8	15	77	25	125
Totalt	60	96	179	949	301	1525

Tabell 4: Gjennomføringsmodell nettbasert studium med samling, studiepoeng pr. semester

Kode	Emnenamn	Studie-poeng	1. år	2. år
	E1: Real FAG	5	x	
	E2: Yrkesretta kommunikasjon	5	x	
	E3: Økonomi	5	x	
	E4: Innføring i bærekraft, miljø og klima	7,5	x	
	E5: Materialkunnskap	5	x	
	E6: FDVU, livsløp og levetid til bygg	7,5		x
	E7: Energirådgjevar	10		x
	E8: Sirkulær økonomi og ombruk	10		x
	E9: Prosjektleiing og sertifisering	5		x
			27,5	32,5

## 9.2 Emneoversikt med læringsutbyttebeskriving

<b>E1 Realfag</b>	<b>Tema</b>
5 studiepoeng	Matematikk Fysikk
<b>Læringsutbytte (LUB)</b>	
<b>Kunnskapar</b> Studenten: <ul style="list-style-type: none"><li>• kan det matematiske uttrykket for lineære- og andregradsfunksjonar</li><li>• kan grunneiningane i SI-systemet</li><li>• veit samanhengen mellom volum og massetetleik</li><li>• kan samanhengen mellom varme, varmekapasitet og indre energi</li><li>• har kunnskap om molekyl i fast form, væske og gass</li><li>• kan løyse likningar av første og andre grad, to ukjente og ikkje oppstilte likningar</li></ul>	
<b>Ferdigheiter</b> Studenten: <ul style="list-style-type: none"><li>• kan tilpasse og omforma formeluttrykk</li><li>• kan rekne med forskjellige måleiningar</li><li>• kan rekne areal, overflate, omkrins og volum av geometriske figurar</li><li>• kan berekne energi, effekt og verknadsgrad</li></ul>	
<b>Generell kompetanse</b> Studenten: <ul style="list-style-type: none"><li>• kan bruke realfag på aktuelle tekniske område</li></ul>	
<b>Fagressursar</b>	
Lærebøker, sjå litteraturliste.	
<b>Arbeidskrav i emnet</b>	
<b>Matematikk</b> Ein innlevering.	
<b>Fysikk</b> Ein innlevering.	
<b>Vurdering emnekarakter</b>	
Vurderingsmappe som inneheld: <ul style="list-style-type: none"><li>• To innleveringar og ein kortvideo</li></ul>	

E2 Yrkesretta kommunikasjon	<i>Tema</i>
5 studiepoeng	Norsk (3 sp) Engelsk (2 sp)
<b>Læringsutbytte (LUB)</b>	
<p><b>Kunnskapar</b> Studenten:</p> <ul style="list-style-type: none"> <li>• har kunnskap om språket som verktøy for god kommunikasjon, og kjenner til norsk og engelsk fagterminologi innanfor fagområdet sitt</li> <li>• har kunnskap om relevante dataverktøy og medium som vert nytta i kommunikasjon</li> <li>• kjenner til ulike former for prosjektdokumentasjon, avtalar og kontraktar</li> </ul> <p><b>Ferdigheiter</b> Studenten:</p> <ul style="list-style-type: none"> <li>• kan bruke engelsk og norsk skriftleg og munnleg i yrkesretta sjangrar</li> <li>• kan bruke relevante kommunikasjonsverktøy og medium i kommunikasjonsprosessen</li> <li>• kan halde presentasjonar og delta med innlegg i diskusjonar, og tilpasse innhaldet til situasjonen</li> <li>• kan finne, vurdere, bruke og vise til informasjon og fagstoff, og reflektere rundt ulike problemstillingar</li> </ul> <p><b>Generell kompetanse</b> Studenten:</p> <ul style="list-style-type: none"> <li>• kan kommunisere skriftleg og munnleg på ein tydeleg og forståeleg måte både i faglege og personlege samanhengar</li> <li>• kan tilpasse budskapet til mottakaren</li> <li>• har kompetanse i effektiv bruk av IKT og korrekt kjeldebruk</li> </ul>	
<b>Fagressursar</b>	
Lærebøker, sjå litteraturliste.	
<b>Arbeidskrav i emnet</b>	
<p><b>Norsk:</b></p> <ul style="list-style-type: none"> <li>• ein langtekst</li> <li>• debatt deltaking</li> </ul>	<p><b>Engelsk:</b></p> <ul style="list-style-type: none"> <li>• ein langtekst</li> </ul>
<b>Vurdering emnekarakter</b>	
<p>Vurderingsmappe som inneheld:</p> <p><b>Norsk:</b></p> <ul style="list-style-type: none"> <li>• ein korttekst</li> <li>• ein presentasjon</li> </ul> <p><b>Engelsk:</b></p> <ul style="list-style-type: none"> <li>• ein korttekst</li> <li>• ein presentasjon</li> </ul> <p>Karakteren vert sett etter ei heilskapleg vurdering av mappeinnhaldet.</p>	

E3 Økonomi	Tema
5 studiepoeng	Bedriftsøkonomi
Læringsutbytte (LUB)	
<p><b>Kunnskapar</b> Studenten:</p> <ul style="list-style-type: none"> <li>• har kunnskap om organisasjonsteori, organisasjonskultur, leiingsteori og motivasjonsteori</li> <li>• har kunnskap om livsløpsøkonomi (LCC) for ein bygning</li> <li>• kjenner til forretningsmodellar for sirkularitet</li> <li>• har innsikt i aktuelle lover innan fagfeltet og forstår kva betyding desse har for bedrifta sine arbeidskrav</li> <li>• har kunnskap om kjøpsåtfærd og marknadsplanlegging</li> <li>• har kunnskap om sentrale økonomiomgrep, bedriftsetablering, enkle kalkylar, betraktningar av lønsemd, budsjettering og rekneskapsanalyse</li> <li>• har kunnskap om bransjens økonomiske utvikling og bransjens utfordringar innan leiing</li> <li>• har kunnskap om anskaffing og å gjere innkjøp</li> <li>• kjenner til moglegheiter og avgrensingar i offentleg anskaffing</li> </ul> <p><b>Ferdigheiter</b> Studenten:</p> <ul style="list-style-type: none"> <li>• kan forstå og analysere eit rekneskap, og kan bruke denne informasjon for setje i verk tiltak</li> <li>• kan utarbeide eit budsjett og setje opp enkle kalkylar</li> <li>• kan utarbeide ein marknadsplan</li> <li>• kan gjere greie for og vurdere utfordringar for menneske, arbeidsmiljø, etikk og økonomi i lys av lovkrav og bedrifta og bransjen sine behov</li> <li>• kan kartlegge ei bedrift sine arbeidskrav, identifisere faglege problemstillingar, utarbeide mål og setje i gang grunnjevne tiltak</li> <li>• kan innhente, formidle og presentere fagleg informasjon, idear og løysingar både munnleg og skriftleg</li> <li>• har grunnleggande forståing av kost-nytte-analysar</li> </ul> <p><b>Generell kompetanse</b> Studenten:</p> <ul style="list-style-type: none"> <li>• kan innan gitte tidsfristar, åleine og i samarbeid med andre planlegge, gjennomføre, dokumentere og levere arbeidsoppgåver og prosjekt innanfor LØM-emnet</li> <li>• kan kommunisere på ein tydeleg og forståeleg måte, og kan utveksle faglege synspunkt med medarbeidarar, kundar og andre interessentar</li> <li>• har kompetanse i effektiv bruk av IT og kan bruke rekneark til å løyse oppgåver innanfor økonomistyring</li> <li>• kan utarbeide og følgje opp planar</li> <li>• kan utøve personalleiing og leie medarbeidarar</li> <li>• kan behandle medarbeidarar, kundar og andre med respekt</li> <li>• kan utøve samfunnsansvar og bidra til organisasjonsutvikling</li> </ul>	

**Fagressursar**

Lærebøker, sjå litteraturliste.

**Arbeidskrav i emnet**

Ei innlevering

**Vurdering emnekarakter**

Vurderingsmappe som inneheld:

Ei innlevering og ei munnleg prøve

**E4 Innføring i berekraft, miljø og klima****Tema**

7,5 studiepoeng

Klima, miljø, landskap, berekraft

**Læringsutbytte (LUB)****Kunnskapar**

Studenten:

- har kunnskap om kva parameter innan berekraft ein har stor påverknadskraft på i byggenæringa, og korleis ein kan arbeide med dette i praksis
- har kunnskap om omgrepet berekraft innan ulike område og forstår samanhengen mellom sosial, økonomisk og økologisk berekraft gjennom bruk av ulike modellar
- har kunnskap om kva ein legg i omgrep som ombruk, gjenbruk, gjenvinning og bevaring
- har kunnskap om grunnleggande miljøetik og kan argumentere for kvifor ein skal ta vare på natur og miljø frå ulike perspektiv
- har kunnskap om global oppvarming og klimaendringar, og korleis byggebransjen har ei rolle i dette.
- kjenner til viktige «økosystemtjenester»
- har kunnskap om kvifor berekraft kan kallast eit gjenstridig problem
- har kunnskap om berekraftig materialbruk og forstår korleis ein tek omsyn til naturen sitt naturlege kretsløp
- har kunnskap om berekraftig arealforvaltning, inkludert jordvern, vatnhandtering og vegetasjonsrestaurering i planleggingsprosessen
- er kjent med relevante lover, forskrifter og retningslinjer knytt til landskapsplanlegging og økologisk bevaring

**Ferdigheiter**

Studenten:



- kan reflektere over sammenhengen mellom klima- og miljøpåverknad og aktivitetar i byggeprosjekt
- kan vurdere konsekvensane av klimaendringar for byggdesign, energiforbruk og drift, og foreslå strategiar for tilpassing og reduksjon av påverknad
- kan reflektere over sammenhengen mellom arealbruk, landskapsdesign og økologisk berekraft
- a. faglig ansvarlig som har ansvar for utviklingen og gjennomføringen av utdanningen. Den faglig ansvarlige skal ha utdanning som er relevant for utdanningens innhold og egenart, og være ansatt i minst 50 prosent stilling ved fagskolen.
- b. utdanningsfaglig ansvarlig med utdanningsfaglig utdanning som har ansvar for å legge til rette for studentenes læring».

Etter tredje ledd skal fagskolen «fastsette egne krav til fagmiljøets størrelse, kompetanse og sammensetning». Fagmiljø er definert i fagskoletilsynsforskriften § 1-2 bokstav a som «de som regelmessig og direkte bidrar til å gjennomføre, organisere eller utvikle utdanningen eller fagområdet». Fagmiljøet kan bestå av fast ansatte, midlertidige ansatte og timelærere, og de ansatte kan være i heltids- eller deltidsstillinger.

**Om fagskoletilsynsforskriften § 2-3 første ledd:**

Fagskoletilsynsforskriften § 2-3 første ledd første punktum beskriver et overordnet krav om at fagmiljøets størrelse og kompetanse skal stå i forhold til utdanningens innhold og egenart og til hvor mange studenter som til enhver tid tar utdanningen. Det er ikke stilt noen absolutte krav til hvor mange personer som må være en del av fagmiljøet. Det sentrale er at fagmiljøet består av nok personer til at det er mulig å gjennomføre alle aktiviteter knyttet til planlegging, undervisning, tilbakemelding, vurdering og liknende.

Det stilles konkrete krav til hva slags kompetanse det samlede fagmiljøet skal ha. Hvilken kompetanse som skal finnes i et konkret fagmiljø, krever en konkret vurdering av blant annet den enkelte utdanningens faginnhold og undervisningsform. Fagmiljøet må ha rett faglig kompetanse til å kunne gjennomføre opplæring og vurdering i tråd med studieplanen. Utdanningsformen vil kunne påvirke hvilken kompetanse som er nødvendig i fagmiljøet. Også sammensetningen av studentene, og studentenes startkompetanse, vil kunne påvirke hva som kreves av fagmiljøet.

I tillegg til det overordnede kravet om at fagmiljøets kompetanse skal stå i forhold til utdanningens studenter og utdanningens egenart, er det også et krav i bestemmelsens første ledd andre punktum om at det må finnes noen i fagmiljøet med utdanning minst på fagskolenivå, utdanningsfaglig kompetanse (kompetanse i å fremme studenters læring, kan bestå av pedagogisk, didaktisk, digital eller annen relevant kompetanse, jf. fagskoletilsynsforskriften § 1-2 bokstav b) og oppdatert yrkeserfaring. Disse kravene er relative og må stå i forhold til utdanningens type og målgruppe. Ettersom det ikke er stilt krav om et bestemt antall personer i fagmiljøet, kan alle de tre kompetansekravene i teorien dekkes av én person. For at fagmiljøet skal oppfylle formålet med forskriftskravet, må fagmiljøet likevel ha en viss størrelse og stabilitet. Det er derfor vanskelig å se for seg at et fagmiljø på én person vil kunne være tilstrekkelig.

**Om fagskoletilsynsforskriften § 2-3 andre ledd:**

Etter fagskoletilsynsforskriften § 2-3 andre ledd bokstav a skal utdanningen ha en faglig ansvarlig, som skal ha et særlig ansvar for utviklingen og gjennomføringen av utdanningen. Den faglig ansvarlige skal ha en utdanning som er «relevant for den aktuelle fagskoleutdanningen» og være ansatt ved fagskolen «i minst 50 prosent stilling». Det er ikke et krav om fast eller full stilling. Den faglig ansvarlige må ha kompetanse til å hente inn og kvalitetssikre bidrag fra fagmiljøet og/eller samarbeidsaktørene, slik at hen kan sikre at utdanningen utvikles og gjennomføres på en måte som er egnet til at studentene kan oppnå læringsutbyttet.

Etter fagskoletilsynsforskriften § 2-3 andre ledd bokstav b skal utdanningen ha en utdanningsfaglig ansvarlig, som skal ha et særlig ansvar for å legge til rette for studentenes læring. Den utdanningsfaglig ansvarlige skal ha «utdanningsfaglig utdanning». Hensikten med kravet er å sikre at det for hver utdanning finnes minst én person som har et særskilt ansvar for å ivareta studentenes læring, og et spesielt blikk på det pedagogiske opplegget i utdanningen. I det ligger det å følge opp at utdanningen pedagogisk og didaktisk legges opp slik at studentene kan oppnå læringsutbyttet. Med «utdanningsfaglig utdanning» menes pedagogisk utdanning, for eksempel lektorutdanning eller yrkesfaglærerutdanning. Ettersom fagskoleutdanninger er utdanning for voksne, forutsettes det at det trengs utdanningsfaglig utdanning rettet mot læring minst på nivå med videregående opplæring. Det er ikke tilstrekkelig med bare utdanningsfaglig kompetanse fra relevant undervisningsarbeid eller lignende (kompetanse i å fremme studenters læring, kan bestå av pedagogisk, didaktisk, digital eller annen relevant kompetanse, jf. fagskoletilsynsforskriften § 1-2 bokstav b). For å oppfylle kravet er det nok at den utdanningsfaglig ansvarlige har en «generell» pedagogisk utdanning. Det er altså ikke et absolutt krav at personens utdanning er tilpasset undervisningsformen på den aktuelle utdanningen. Hvis den utdanningsfaglig ansvarlige ikke har utdanning knyttet til undervisningsformen, må denne kompetansen være dekket i fagmiljøet ellers, enten som formell eller uformell kompetanse.

**Om fagskoletilsynsforskriften § 2-3 tredje ledd:**

Etter fagskoletilsynsforskriften § 2-3 tredje ledd skal fagskolen fastsette egne krav til fagmiljøets størrelse, kompetanse og sammensetning (kravspesifikasjon). Tredje ledd gir uttrykk for at kravene i § 2-3 første og andre ledd er både minimumskrav og generiske (ikke fagspesifikke) krav, og at fagskolen derfor skal fastsette egne lokale krav til hvilket fagmiljø den enkelte utdanning skal ha. Disse lokale kravene skal dekke fagmiljøets størrelse, kompetanse og sammensetning.

**Svar:**

Komiteen vurderer at fagskoletilsynsforskrifta § 2-3 er oppfylt og at det er god erfaring frå yrket og god utdanningsfagleg kompetanse i kjernemiljøet som organiserer og driftar utdanninga. Vidare vil fagmiljøet sin kompetanse sikre at ein finn rett kompetanse gjennom gjesteførelesarar til ulike delar av utdanninga der det er behov.

**Konklusjon**

Komiteen vurderer at fagskoletilsynsforskrifta § 2-3 er oppfylt.

**Har fagskolen sensorer med kompetanse til å vurdere om læringsutbyttet er nådd?**

Det følger av fagskoletilsynsforskriften § 2-5 at sensor «skal ha kompetanse til å vurdere om studenten har oppnådd læringsutbyttet for emnet eller utdanningen». Studentenes kunnskap, ferdigheter og generelle kompetanse skal prøves på en upartisk og faglig betryggende måte, og vurderingen skal sikre det faglige nivået ved den aktuelle utdanningen, jf. fagskoleloven § 21 første ledd.

Det er ikke et krav at sensor må være ekstern, men fagskoleloven krever enten en ekstern evaluering av vurderingen eller vurderingsordningene, jf. fagskoleloven § 21 første ledd siste punktum. Sensors kompetanse må vurderes opp mot hvilken oppgave sensor skal ha. Det betyr at det kan være forskjell i kravet til sensors kompetanse avhengig av om sensuren gjelder et enkeltemne eller utdanningen som helhet. For å kunne vurdere om studentene har oppnådd læringsutbyttet må sensor ha god kjennskap til læringsutbyttebeskrivelsene, og gjerne også pedagogisk kompetanse. Sensor må videre ha oppdatert fagkunnskap, og kunnskap og kompetanse om yrkesfeltet tilpasset det sensoroppdraget hen skal utføre.

Det er fagskolens ansvar å sørge for at sensor har rett kompetanse. Det kan sikres gjennom for eksempel kurs eller veiledningsmateriale til sensorene. Kvalitetssikring av sensuren er alltid fagskolens ansvar.

**Svar:**

Sakkunnig komité meiner at fagskulen har dokumentert at sensorar sin kompetanse oppfyller kravet.

**Konklusjon**

Komiteen konkluderer med at fagskuletilsynsforskrifta § 2-5 er oppfylt.

## 2 Eventuelle premisser for opprettingen av studiet

Er det nødvendig å sette premisser for opprettingen av studiet?

**Svar:**

Komiteen har ingen premisser for oppretting av studiet.

## 3 Konklusjon

Hva er den sakkyndige komité sin konklusjon?

Den sakkyndige komité skal vurdere om studieplanen er godkjent eller ikke. Dersom komiteen ikke godkjenner studieplanen skal planen sendes tilbake til prosjektgruppen, sammen med en rapport om mangler og feil. Prosjektgruppen må deretter gjøre de nødvendige endringene for at den sakkyndige komité skal kunne behandle saken videre.

**Svar:**

Sakkunnig komité godkjenner utdanninga, men fagskulen bør vurderer dei tilrådingane som komiteen har gitt i rapporten.

**Oppsummert konklusjon**

- Komiteen konkluderer med at kravet i fagskuletilsynsforskrifta § 2-1 første ledd og fagskulelova § 4 første ledd andre punktum er oppfylt.
- Komiteen konkluderer med at kravet i fagskuletilsynsforskrifta § 2-1 andre ledd er oppfylt og at læringsutbyttet i utdanninga er utforma i tråd med NKR
- Komiteen konkluderer med at kravet i fagskuletilsynsforskrifta § 2-1 andre ledd og fagskulelova § 4 første ledd andre punktum er oppfylt, og at læringsutbyttet er tilstrekkeleg for å utøve yrket og for å løyse oppgåver utan ytterlegare opplæringstiltak.
- Komiteen konkluderer med at fagskuletilsynsforskrifta § 2-1 fyste ledd og fagskulelova § 4 fyste ledd andre punktum er oppfylt. Utdanninga er relevant for eitt eller fleire yrkesfelt og er yrkesretta. Utdanninga svarar også på behov i arbeidsmarknaden.
- Komiteen konkluderer med at kravet i fagskuletilsynsforskrifta § 2-1 tredje ledd bokstav a er oppfylt.
- Komiteen konkluderer med at fagskulelova § 4a første ledd første punktum og fagskuletilsynsforskrifta § 2-1 tredje ledd bokstav b er oppfylt.
- Komiteen konkluderer med at fagskuletilsynsforskrifta § 2-1 tredje ledd bokstav c er oppfylt.
- Komiteen konkluderer med at krava til opptak er oppfylt etter følgjande føresegn:
  - fagskuleforskrifta § 7 første ledd
  - fagskuleforskrifta § 7 fjerde ledd første punktum
  - føresegn om realkompetansevurdering i tråd med fagskulelova § 16 og fagskuleforskrifta § 7.
- Komiteen konkluderer med at kravet i fagskulelova § 15 er oppfylt.
- Komiteen vurderer at fagskuletilsynsforskrifta § 2-3 er oppfylt.
- Komiteen konkluderer med at fagskuletilsynsforskrifta § 2-5 er oppfylt.
- Komiteen har ingen premisser for oppretting av studiet.



## Skjema for arbeid i prosjektgruppe ved utvikling av ny utdanning innenfor akkreditert fagområde

Utvikling av ny utdanning skal gjennomføres i en prosjektgruppe. Prosjektgruppen skal utarbeide en kortfattet rapport, som skal belyse sentrale tema og vurderinger. Prosjektgruppen utfører sitt arbeid ved å fylle ut skjemaet under.

Videre skal prosjektgruppen gi en tilråding om utvikling og etablering av utdanningen. Basert på prosjektgruppen sin rapport, og en vurdering av samsvaret med fagskolens strategi, behov og ressurser, vil rektoratet avgjøre om utdanningen skal utvikles.

### 1 Om utdanningen

Navn:	Grøn omstilling i byggebransjen
Stuedsted:	Førde
Utdanningsform:	Eitt-årig utdanning fordelt over to år som nettbasert studium med samling
Studiepoeng:	60 stp.

### 2 Om kompetansen og utdanningen

Hvilken kompetanse er det utdanningen skal gi?

Svar:

“Grøn omstilling i byggebransjen” er ei sjølvstendig eittårig utdanning som byggjer på studentane si relevante kompetanse, enten fagbrev eller realkompetanse. Utdanninga har som mål å auke kompetanse relatert til det grønne skiftet, for byggenæringa og dei som utdannar kommande generasjonar med utøvande aktørar i bransjen.

Det blir stilt stadig strengare miljøkrav til næringa og utbyggjarar, og det kan være vanskeleg å få oversikt over dei ulike krava myndighetene stiller og korleis innfri desse. Utdanninga skal derfor gje studentane oversikt over dei miljøkrav som føreligger, og gjere dei i stand til å følgje med i dei stadig nye krava som kjem. Studentane skal lære å bli innovative i høve til å stille krav til miljø i anbudsdokument, og korleis byggeprosjekt skal kunne gjennomførast på ei berekraftig måte.

Utdanninga tar sikte på å ruste aktørane i bransjen med grøn kompetanse som er målretta til næringa, og vil vere relevant for bygg- og anleggsbransjen i heile landet. Meir konkret vil tilbodet rette seg mot offentleg forvaltning, entreprenørar i bygg- og anleggsindustri, fagarbeidarar og lærlingar, i tillegg til yrkesfaglærarar i byggtekniske fag.

**Hvilket omfang (antall studiepoeng) vil utdanningen ha? Prosjektgruppen må begrunne hvorfor det oppgitte omfanget er rett for utdanningen.**

*Det følger av fagskoleloven § 4a første ledd første punktum at en fagskoleutdanning skal ha et innhold og omfang som tilsvarer «inntil to års utdanning på fulltid». Etter fagskoleloven § 17 andre ledd andre punktum er et fullt studieår normert til 60 studiepoeng. En fagskoleutdanning skal som hovedregel være på mellom 30 og 120 studiepoeng, jf. fagskoletilsynsforskriften § 2-2 første ledd.*

*Fagskolen Vestland kan med hjemmel i fagskoleloven § 4 a andre ledd få akkreditert og selv akkreditere utdanninger på mindre enn et halvt års omfang (30 studiepoeng).*

*Fagskolen Vestland må søke NOKUT om unntak for å etablere utdanninger på mellom 120 og 180 studiepoeng, jf. fagskoleloven § 4 a første ledd andre punktum og fagskoleforskriften § 42. Dersom fagskolen skal etablere utdanninger på mer enn 120 studiepoeng, må prosjektgruppen dokumentere at det er spesielle sertifiseringskrav, internasjonale krav til yrkesutøvelse, krav om autorisasjon e.l. som gjør det nødvendig med en utdanning av et større omfang. Det må også dokumenteres at det er etterspørsel etter denne typen kompetanse, jf. fagskoleforskriften § 42 andre ledd.*

**Svar:**

Utdanninga i Grøn omstilling i byggebransjen vil ha eit omfang på 60 stp. Det er ein eitt-årig utdanning fordelt over to år, organisert som eit nettbasert studium med fysiske samlingar.

Følgande emnar vil inngå i utdanninga:

Realfag (5 stp), Kommunikasjon (5 stp.), Økonomi (5 stp.), Innføring i berekraft, miljø og klima (7,5 stp.), Materialkunnskap (5 stp.), FDVU, livsløp og levetid i bygg (7,5 stp.), Energirådgjevar (10 stp.), Sirkulær økonomi og ombruk (10 stp.), og Prosjektleiing og sertifisering (5 stp.).

To av modulane; Energirådgjevar(10 stp.), Sirkulær økonomi og ombruk (10 stp.), vil bli tilbudd som kortare utdanning gjennom Bransjeprogrammet, med planlagt oppstart våren 2024.

På den måten vil det være mogleg for studentane å ta anten deler av utdanninga eller heile utdanninga.

Sjå vedlagte studieplan for nærare omtale av emna.

**Hvordan passer utdanningen med fagskolen sin strategiplan? Fagskolen sin strategiplan finner du her: ([lenke til strategiplanen kommer seinere](#))**

**Svar:**

Utdanninga er i tråd med Fagskolen sin strategi, som mellom anna stadfestar at skulen skal:

- halde fram med vekst innan utdanningar som arbeidslivet har behov for
- ha nye måtar å organisere utdanningane på. Stikkord her vert fleksibilitet og desentraliserte tilbod
- samarbeide enda tettare med arbeidslivet om å utvikle utdanningar tilpassa deira behov.
- ha tydeleg fokus på berekraft og grøn omstilling innan alle fagområda
- Vi skal ta inn det grønne skiftet som tydeleg tema i utdanningane våre

- Vi skal vere aktive i satsinga innan karbonnøytrale energikjelder, sirkulærøkonomi og berekraft.

### 3 Behovet i markedet og bærekraft

Hva er behovet og etterspørselen i arbeidslivet for kompetansen som utdanningen skal gi?

*Det følger av fagskoleloven § 4 andre ledd at en fagskoleutdanning skal imøtekomme «behovet for kvalifisert arbeidskraft i samfunnet». I dette ligger det både et krav om at fagskoleutdanningene skal lede til oppdatert kompetanse på riktig nivå, slik at kandidatene anses kvalifisert, men også at kompetansen skal være etterspurt i arbeidslivet. Det er fagskolens ansvar å sørge for at fagskoleutdanningen som tilbys har et arbeidsmarked.*

*Videre er det et krav i fagskoletilsynsforskriften § 2-1 første ledd om at utdanningen skal gi en kompetanse som er «relevant for ett eller flere yrkesfelt». Dette kravet må ses i sammenheng med fagskoleloven § 4 første ledd andre punktum, som sier at fagskoleutdanninger skal gi kompetanse som kan tas i bruk i arbeidslivet. I forarbeidene til loven er det lagt tydelig vekt på at fagskoleutdanninger skal svare på behovet i arbeidsmarkedet.*

*Behovet og etterspørselen i arbeidslivet blir kartlagt gjennom dialog og samarbeid med relevante virksomheter og bransjeorganisasjoner innenfor fagområdet.*

Svar:

Bygg- og anleggsbransjen er ei av dei mest forureinande industriane i Norge og står for store mengder klimagassutslepp, samt høg energi-, ressurs- og materialbruk. Berekraftig omstilling får eit stadig aukande fokus i bransjen og det trengs opplæring for prosjektleiararar, fagarbeidararar, lærarar og lærlingar i emne som tek for seg grøn omstilling i byggenæringa, til dømes berekraftige materialval, energieffektivisering, kunnskap om klimaendringar, kunnskap om lover og reglar knytt til miljø, og sirkulær økonomi og ombruk.

Myndigheitene har satt som mål at Norge skal bli eit lågutsleppssamfunn innan 2050, og regjeringa har kome med tydelege signal om at bygg- og anleggsbransjen er særskilt viktige i omstillinga og for å nå målet. Gjennom Treparts bransjeprogram for kompetanseutvikling har myndigheitene oppmoda fagskular og høgare utdanningsinstitusjonar om å utvikle utdanningar innan bygg og anlegg som møter nye kompetansebehov knytt til det grønne skiftet.

Fagskulen har derfor inngått eit samarbeid med Kunnskapsparken Vestland og Byggopp Vestland med å utvikle ein utdanning i tråd med myndigheitenes oppmoding. I utviklingsprosessen har vi mellom anna gjennomført ei spørjeundersøking som har gått ut til næringslivet og yrkesfaglege vidaregåande skular i Vestland fylke. Her har tilsette i verksemdar og yrkesfaglærarar fått høve til å svare på spørsmål om behov for auka grøn kompetanse, kva emne dei ønskjer å lære meir om og kva format dei føretrekk på kurs. Svara frå respondentane vil nyttas for å sikre at utdanninga møter behovet i arbeidslivet.

Hva er behovet for den relevante kompetansen på kort og lang sikt?

Svar:

Studietilbudet rettar seg mot ei brei målgruppe innan bransjen, i tillegg til dei som utdannar framtidens bygge- og anleggsarbeidarar. Det kan og vere aktuelt for arkitektar og tekniske konsulentar. Kandidatar vil rekrutterast frå større og mindre entreprenørar og private verksemder, direkte og via bransjeorganisasjonar, og frå offentlege verksemder som kommunar og fylkeskommunar.

To viktige målgrupper:

Fagarbeidaren er i førstelinja når det gjelder å gjennomføre den grønne omstillinga i bransjen, og sysselsettingsbehovet knytt til omstillinga er betydeleg. Som lærling vert ein følgt opp av instruktør og opplæringskontor, men etter utført utdanning er det lite tilbod om kompetanseheving for fagarbeidaren. Det er eit etterutdanningsgap frå ein er ferdig som lærling til ein eventuelt går over i ei leiande stilling.

Det er og eit stort behov for kompetanseheving blant yrkesfaglærarar i den vidaregåande skulen. I dei nye læreplanane for bygg- og anleggsteknikk på vidaregåande skule, som kom som følgje av Kunnskapsløftet, er det grønne skiftet tatt tungt inn. Det er eit gjennomgåande tema i opplæringa at det er yrkesutøving i skjæringspunktet mellom miljøomsyn, ressursutnytting og berekraft. Elevane skal lære om produkt, material og arbeidsmetodar som bevarer naturressursar og som gir lite miljøavtrykk. Det er mange lærarar i vidaregåande skular som manglar kompetansen til å undervise det dei er pålagde i den nye fagplanen, og som derfor sjølv treng opplæring innan grøn omstilling.

For begge desse målgruppene vil det planlagde studietilbudet vere særskilt aktuelt.

#### Er det knyttet usikkerhet til behovet for den relevante kompetansen på lang sikt?

Svar:

Fagskulekompetanse, kor studentane får teoretisk kompetanse bygga på praktisk kompetanse frå vidaregåande skule og arbeidserfaring, er forventa å auke i framtida. Det er forventa at kunnskap om berekraft, miljøkrav og sirkulær økonomi vil være særskilt viktig og naudsynt kompetanse i byggenæringa i uoverskodesleg framtid.

## 4 Arbeidsplasser etter utdanning

Gir utdanningen kompetanse som kan tas i bruk i arbeidslivet uten ytterligere opplæringstiltak?

*Det følger av fagskoleloven § 4 første ledd andre punktum at en fagskoleutdanning skal gi kompetanse «som kan tas i bruk for å løse oppgaver i arbeidslivet uten ytterligere opplæringstiltak». I forarbeidene til fagskoleloven er det presisert at en fagskoleutdanning skal være en avsluttet og selvstendig utdanning med opplæring i spesifikke ferdigheter. Videre studier eller formell opplæring skal ikke være en nødvendig forutsetning for å kunne bruke kompetansen i arbeid. Kravet i fagskoleloven § 4 første ledd må ses i sammenheng med fagskoletilsynsforskriften § 2-1 andre ledd, som sier at utdanningen skal gi studentene en kompetanse som er «tilstrekkelig for å utøve yrket».*

Svar:

Målgruppa for utdanninga er studentar som har fagbrev eller aktuell realkompetanse

Den kunnskap og kompetanse dei tileignar seg gjennom studiet er det stor etterspurnad etter i bransjen og antakeleg i skuleverket. Det er forventa at utdanninga gjer dei kompetanse innan energirådgjeving, prosjektleiing innan sirkulær ombruk med meir, som kan nyttast direkte i bedrift etter endt utdanning. Det er og forventa at mange studentar vil vere i jobb medan dei studerer og såleis nytta kompetansen umiddelbart.

#### Har utdanningen yrkestitler eller liknende knyttet til seg som er beskyttet?

**Svar:**

Utdanninga er ikkje knytt til beskytta yrkestitlar, men for nokre av studentane kan det vere aktuelt å søke godkjenning/registrera seg som energirådgivar (ENOVA).

#### Er det knyttet sertifikatkrav til utdanningen?

**Svar:**

Nei

#### Er samfunnsutviklingen slik at det er forventet at det er et behov for utdanningen i fremtiden?

**Svar:**

Ja, i takt med større fokus på grøn omstilling og berekraftige val kommer det stadig større miljøkrav i samband med utlysingar og anbudsrundar, til dømes kriteriesett for berekraftige bygg. Verksemdar som har kompetanse og erfaring til å innfri krava vil derfor ha eit konkurransefortrinn, og tilsette med utdanninga vil tenke å tilby, vil vere meir attraktive arbeidstakarar for bedrifter som skal oppfylle og etterleve miljøkrav.

Behovet for kompetanseheving blant lærarar er forventa å holde seg høgt så lenge fleire elevar søkjar seg til yrkesfag.

#### Hvor stor andel av studentene ser en for seg vil være i relevant arbeid innen tre måneder etter fullført utdanning?

**Svar:**

Studentar vil hovudsakleg rekrutterast frå verksemdar i byggenæringa og til dels frå vidaregåande skuler (lærarar), og det er grunn til å anta at alle studentar er i/vil vere i relevant arbeid etter fullført utdanning.

## 5 Finansiering

Hva er forventet kostnad for gjennomføringen av et utdanningsløp ved dette studiet? Hvor store lærerressurser krever utdanningen, og hvor mange studenter kan det være i hver klasse?

Svar:

Forventa kostnad for gjennomføring:

Størrelse på lærerressurs: 2,2 årsverk.

Tall på studenter per klasse: 30

Forventa kostnader for lærerressursar, inkludert gjesteforelesarar er ca. 2,8 millionar kr per gjennomføring. I tillegg kjem evt. reise og opphald for gjesteforelesarar. Reknestykket omfattar ikkje kostnader til utvikling, akkreditering og utvikling av undervisningsmateriell.

Hvordan kan utdanningen finansieres?

*Eksempel: offentlig tilskudd, studentbetaling uten offentlig tilskudd eller annet.*

Svar:

Fagskulen har søkt om og fått finansiering frå HK-dir til utvikling av 60 stp. utdanninga (kr. 2 422 400, Utviklingsmidlar) og til utvikling og tre gjennomføringar av dei to emna «Energirådgivar» og «Praktisk ombruk og sirkulær økonomi» (kr. 3 157 000, Bransjeprogrammet), til saman kr. 5 579 400.

Myndighetene satsar på fagskoleutdanning og regjeringa har lovd at talet på studieplassar i fagskular skal aukast kraftig framover. Fagskulen Vestland vil søke om nye studieplassar etterkvart som de blir lagt ut.

Vil utdanningen gi inntekter eller kostnader knyttet til investeringer?

Svar:

Utdanninga vil ikkje føre med seg kostnadar knytt til investeringar. Skulen har allereie lab'ar som kan brukas. Ved behov for utvikling eller oppgradering av laboratorium, vil Fagskulen kunne søke HK-dir om midlar.

## 6 Samarbeid med arbeidslivet

Samarbeider fagmiljøet med aktører i yrkesfeltet/deltar i faglige nettverk som sikrer at utdanningen er relevant for yrkesfeltet? Beskriv samarbeidet med yrkesfeltet og eventuell deltaking i faglige nettverk.

*Det følger av fagskoletilsynsforordningen § 2-1 første ledd at fagskolen skal samarbeide med aktører i arbeidslivet «for å sikre at utdanningens læringsutbytte er relevant for ett eller flere yrkesfelt».*

*Ordlyden tilsier at utdanningen skal være yrkesrettet, og stiller krav til formålet med samarbeidet mellom fagskolen og aktører i arbeidslivet. Kravet må tolkes i lys av fagskoleloven § 4 første ledd andre punktum, som sier at en fagskoleutdanning skal gi kompetanse som kan tas i bruk i*

arbeidslivet. I forarbeidene til loven er det lagt vekt på at fagskoleutdanninger skal svare på behov i arbeidsmarkedet.

Samarbeidspartnerne må være relevante for å sikre at utdanningen kan tas i bruk i arbeidslivet, og fagskolen må kunne vise til planer om regelmessig og systematisk samarbeid med arbeidslivet. Det sentrale er at samarbeidet bidrar til at utdanningen er relevant for minst ett yrkesfelt. Det er ikke tilstrekkelig at enkeltpersoner i fagmiljøet har uformell kontakt med representanter fra yrkesfeltet. Samarbeidet med arbeidslivet bør handle om utvikling, gjennomføring og evaluering av utdanningen.

#### Svar:

Fagskulen har inngått samarbeid med ei rekke aktører og verksemder i utviklinga av utdanninga.

Prosjektgruppa har bestått av representantar frå Fagskulen, og:

- **Kunnskapsparken Vestland**, som har hatt ein koordinerande rolle i prosjektutviklingsfasen. Dei har kompetanse på berekraft og vil bidra med å etablere fagråd og gi faglege innspel til utvikling av studieplan. Dei vil og vere kontaktpunkt ut mot næringslivet.
- **Byggopp Vestland** har og deltatt har tett kontakt både med utdanningsinstitusjonane og bedrifter som har lærlingar og er vår kontakt ut mot både bransjen og vidaregåande opplæring. Dei deltar i arbeidet med å utarbeide studieplan.
- **Høgskulen på Vestlandet** har deltatt i prosjektutforminga og er aktivt med i utarbeiding av studieplan. I tillegg vil HVL bidra med undervisningskompetanse.

Det er etablert eit Fagråd for utdanninga, som i tillegg til Prosjektgruppa består av representantar frå:

- **Eigedomsavdelinga i Vestland Fylkeskommune** - dei er ei naturleg samarbeidspartnar for prosjektet, og vil bidra med både faglege innspel til utvikling av prosjektet og med deltakarar til gjennomføring av utdanninga.
- **Veidekke AS**, som vil bidra i utforming av det planlagde studietilbodet. Mange av deira tilsette vil ha behov for opplæring i grøn omstilling og verksemda vil derfor vere ei viktig målgruppe for utdanninga.
- Gründerbedrifta **Sirken**, som arbeider med å gjere avfall frå byggjebansjen om til gjenbruk. Dei vil bidra med innspel til ombruksdelen av fagplanen og er aktuelle som gjesteførelsarar.
- **Høegh Eigedom**, som har praktisk kompetanse på større byggeprosjekt kor ombruk og sirkulære løysningar tas i bruk.
- **Bygg og Bevar**, som er eit samarbeidsprosjekt mellom Klima- og Miljødepartementet og Byggenæringens Landsforeining, og som bidrar med fagkompetanse rundt bevaring og berekraftig bygningsforvaltning .
- I tillegg er det oppnemnt ein **studentrepresentant** som skal ivareta studentanes røyst i utviklinga og gjennomføringa av utdanninga.

Fagrådet har vore samla til ein workshop i Førde for å diskutere og gje innspel til studieplanen. Fagrådet vil har fleire møter undervegs i gjennomføringa av utdanning og i evalueringsarbeidet.

Fagskulen Vestland har og vore vertskap for eit møte initiert av Byggenæringens Landsforeining (BNL). Fleire fagskular som hadde fått midlar gjennom Bransjeprogrammet til grøn omstilling i byggenæringa vart samla for å diskutere innhald til studieplan. I møtet deltok og Fellesforbundet, Parat og Bygg og Bevar. Det er planlagt fleire møter for dette nettverket.

## 7 Nødvendig kompetanse innen fagfeltet

Har fagskolen, eller kan fagskolen skaffe, nødvendig kompetanse til å dekke behovet som utdanningen vil ha, både på kort og lang sikt? Prosjektgruppen må fylle ut skjemaene «Oversikt over fagmiljø» og «Kravspesifikasjon for fagmiljø».

**Fagmiljøet som er tilknyttet utdanningen:**

I fagskoletilsynsforskriften § 2-3 første ledd står det følgende om fagmiljøet som er tilknyttet utdanningen: «Fagmiljøets størrelse og kompetanse skal stå i forhold til antallet studenter og utdanningens innhold og egenart. I fagmiljøet skal det finnes personer med utdanning minst på fagskolenivå, utdanningsfaglig kompetanse og oppdatert yrkeserfaring».

I andre ledd står det videre: «Utdanningen skal ha en

- a. faglig ansvarlig som har ansvar for utviklingen og gjennomføringen av utdanningen. Den faglig ansvarlige skal ha utdanning som er relevant for utdanningens innhold og egenart, og være ansatt i minst 50 prosent stilling ved fagskolen.
- b. utdanningsfaglig ansvarlig med utdanningsfaglig utdanning som har ansvar for å legge til rette for studentenes læring».

Etter tredje ledd skal fagskolen «fastsette egne krav til fagmiljøets størrelse, kompetanse og sammensetning».

Fagmiljø er definert i fagskoletilsynsforskriften § 1-2 bokstav a som «de som regelmessig og direkte bidrar til å gjennomføre, organisere eller utvikle utdanningen eller fagområdet». Fagmiljøet kan bestå av fast ansatte, midlertidige ansatte og timelærere, og de ansatte kan være i heltids- eller deltidsstillinger.

Fagskoletilsynsforskriften § 2-3 første ledd første punktum beskriver et overordnet krav om at fagmiljøets størrelse og kompetanse skal stå i forhold til utdanningens innhold og egenart og til hvor mange studenter som til enhver tid tar utdanningen. Det er ikke stilt noen absolutte krav til hvor mange personer som må være en del av fagmiljøet. Det sentrale er at fagmiljøet består av nok personer til at det er mulig å gjennomføre alle aktivitetene knyttet til planlegging, undervisning, tilbakemelding, vurdering og liknende.

Det stilles konkrete krav til hva slags kompetanse det samlede fagmiljøet har. Hvilken kompetanse som skal finnes i et konkret fagmiljø, krever en konkret vurdering av blant annet den enkelte utdanningens faginnhold og undervisningsform. Fagmiljøet må ha rett faglig kompetanse til å kunne gjennomføre opplæring og vurdering i tråd med studieplanen. Utdanningsformen vil kunne påvirke hvilken kompetanse som er nødvendig i fagmiljøet. Også sammensetningen av studentene, og studentenes startkompetanse, vil kunne påvirke hva som kreves av fagmiljøet.

I tillegg til det overordnede kravet om at fagmiljøets kompetanse skal stå i forhold til utdanningens studenter og utdanningens egenart, er det også et krav i bestemmelsens første ledd andre punktum om at det må finnes noen i fagmiljøet med utdanning minst på fagskolenivå, utdanningsfaglig kompetanse (kompetanse i å fremme studenters læring, kan bestå av pedagogisk, didaktisk, digital eller annen relevant kompetanse) og oppdatert yrkeserfaring. Disse kravene er relative og må stå i forhold til utdanningens type og målgruppe. Ettersom det ikke er stilt krav om et bestemt antall personer i fagmiljøet, kan alle de tre kompetansekravene i teorien dekkes av én person. For at fagmiljøet skal oppfylle formålet med forskriftskravet, må fagmiljøet likevel ha en viss størrelse og stabilitet. Det er derfor vanskelig å se for seg at et fagmiljø på én person vil kunne være tilstrekkelig.

Etter fagskoletilsynsforskriften § 2-3 andre ledd bokstav a skal utdanningen ha en **faglig ansvarlig**, som skal ha et særlig ansvar for utviklingen og gjennomføringen av utdanningen. Den faglig ansvarlige skal ha en utdanning som er «relevant for den aktuelle fagskoleutdanningen» og være ansatt ved fagskolen «i minst 50 prosent stilling». Det er ikke et krav om fast eller full stilling. Den faglig ansvarlige må ha kompetanse til å hente inn og kvalitetssikre bidrag fra fagmiljøet og/eller



samarbeidsaktørene, slik at hen kan sikre at utdanningen utvikles og gjennomføres på en måte som er egnet til at studentene kan oppnå læringsutbyttet.

Etter fagskoletilsynsforskriften § 2-3 andre ledd bokstav b skal utdanningen ha en **utdanningsfaglig ansvarlig**, som skal ha et særlig ansvar for å legge til rette for studentenes læring. Den utdanningsfaglig ansvarlige skal ha «utdanningsfaglig utdanning». Hensikten med kravet er å sikre at det for hver utdanning finnes minst én person som har et særskilt ansvar for å ivareta studentenes læring, og et spesielt blikk på det pedagogiske opplegget i utdanningen. Idet ligger det å følge opp at utdanningen pedagogisk og didaktisk legges opp slik at studentene kan oppnå læringsutbyttet. Med «utdanningsfaglig utdanning» menes pedagogisk utdanning, for eksempel lektorutdanning eller yrkesfaglærerutdanning. Ettersom fagskoleutdanning er utdanning for voksne, forutsettes det at det trengs utdanningsfaglig utdanning rettet mot læring minst på nivå med videregående opplæring. Det er ikke tilstrekkelig med bare utdanningsfaglig kompetanse fra relevant undervisningsarbeid eller lignende. For å oppfylle kravet er det nok at den utdanningsfaglig ansvarlige har en «generell» pedagogisk utdanning. Det er altså ikke et absolutt krav at personens utdanning er tilpasset undervisningsformen på den aktuelle utdanningen. Hvis den utdanningsfaglig ansvarlige ikke har utdanning knyttet til undervisningsformen, må denne kompetansen være dekket i fagmiljøet ellers, enten som formell eller uformell kompetanse.

Etter fagskoletilsynsforskriften § 2-3 tredje ledd skal fagskolen fastsette egne krav til fagmiljøets størrelse, kompetanse og sammensetning (kravspesifikasjon). Tredje ledd gir uttrykk for at kravene i § 2-3 første og andre ledd er både minimumskrav og generiske (ikke fagspesifikke) krav, og at fagskolen derfor skal fastsette egne lokale krav til hvilket fagmiljø den enkelte utdanning skal ha. Disse lokale kravene skal dekke fagmiljøets størrelse, kompetanse og sammensetning.

#### Svar:

Brukargruppenes behov for relevant undervisning sikrer vi gjennom lærarkrefter tilsett i Fagskolen Vestland og Høgskulen på Vestlandet. I tillegg til lærarar frå fagskulen og frå HVL, vil representantar frå byggherre, entreprenør, akademia og eigedomsutvikling inviterast til å gjesteforelese.

Sjå vedlegget «Kravspesifikasjon for fagmiljø» for beskriving av fagskulens samla kompetansebehov, krav til fagmiljøets kompetanse, og oppgaver og ansvar for den einsskild stilling.

Sjå vedlegget «Oversikt over fagmiljø» for nærare omtale av lærarressursar som vert knytt til denne utdanninga.

## 8 Konklusjon

#### Hva er prosjektgruppen sin tilråding?

Prosjektgruppen skal gi en tilråding om utvikling og etablering av utdanningen. Basert på prosjektgruppen sin rapport, og en vurdering av samsvaret med fagskolens strategi, behov og ressurser, vil rektoratet avgjøre om utdanningen skal utvikles.

#### Svar:

Prosjektgruppa, som består av Jytte Eikenes (utdanningsleiar, FAV), Hege Fjeld (seniorrådgjevar, FAV), Jøril Hovland (Kunnskapsparken), Lea Myklebust (Kunnskapsparken), Frode Trælnes (Byggopp) og Anders-Johan Almåsk (HVL), tilrår at Grøn omstilling i byggebransjen (60 stp) blir akkreditert og oppretta med planlagt oppstart hausten 2024. To av modulane vert pilotert våren 2024, planlagt oppstart medio januar.

## 9 Eventuelle vedlegg

- Studieplan - Grøn omstilling i byggebransjen
- Kravspesifikasjon for fagmiljø – Grøn omstilling i byggebransjen
- Oversikt over fagmiljø – Grøn omstilling i byggebransjen

---

**Saksnr:** 2022/486-104**Saksbehandlar:** Ingrid Fagerheim Sættem

---

## Saksgang

Utval	Utv.saksnr.	Møtedato
Styret for Fagskulen Vestland	VS 20/23	07.12.2023

## Møteplan for 2024

### Forslag til vedtak

1. Styret for Fagskulen Vestland vedtek følgjande møteplan for 2024:

Januar	Februar	Mars	April	Mai	Juni
Tysdag 16.		Torsdag 21.	Fredag 26.		
Juli	August	September	Oktober	November	Desember
	Tysdag 27.		Torsdag 17.		Onsdag 4.

### Samandrag

I denne saka vert det lagt fram møteplan for 2024 for Styret for Fagskulen Vestland.

**Torbjørn Mjelstad**  
rektor

**Adeline Berntsen Landro**  
prorektor organisasjon og samhandling

*Saksframlegget er godkjent elektronisk og har difor inga handskriven underskrift*

Vedlegg

1 Politisk møteplan 2024

## Saksutgreiing

### Bakgrunn for saka

I denne saka vert det lagt fram møteplan for 2024 for Styret for Fagskulen Vestland.

Møteplanen er som følgjer:

<b>Januar</b>	<b>Februar</b>	<b>Mars</b>	<b>April</b>	<b>Mai</b>	<b>Juni</b>
Tysdag 16.		Torsdag 21.	Fredag 26.		
<b>Juli</b>	<b>August</b>	<b>September</b>	<b>Oktober</b>	<b>November</b>	<b>Desember</b>
	Tysdag 27.		Torsdag 17.		Onsdag 4.

Det er sett opp totalt seks møte i 2024. Møta er tilpassa politisk møteverksemd, og tek omsyn til fristar hjå NOKUT og Samordna opptak. Politisk møteplan for 2024 ligg som vedlegg til saka.

Styremøta i 2024 vil i utgangspunktet vere digitale møte, med unntak av møtet i desember som vil gjennomførast fysisk.

Ved behov kan det kallast inn til ekstraordinære styremøte. Eit møte kan avlysast eller utsetjast når det ikkje ligg føre saker som treng handsaming i styret.

# Samla møteplan 2024 for folkevalde organ

Møte	Jan	Feb	Mars	April	Mai	Juni	Juli	Aug	Sept	Okt	Nov	Des
Fylkestinget			19/20			18/19				01/02		11/12
Fylkesutvalet		08 (D)	06	04	02 (D)	05/06			19	23 (D)	13 26/27	
Finansutvalet			06			05				23 (D)	13	
Fylkesvalstyre												
HU SAMO	17	14	14	24	22			29		15	19	
HU KULII	18	14	13	25	22	19		28		16	20	
HU OPPKO	23	15	07	18	23			28		16	20	
HU NÆRIN	24	15	14	23	23	20		29		15	19	
Adm.utvalet			12		14				10		21	
Valnemnda			15			14			26			05
Politikardag*		07 (D)							18 (D)			
Kontrollutvalet		12	11		13	10/11			2	7	11	16
Arbeidsutval delegerings- reglement	Møteplan blir fastsett etter behov											
Klagenemnda	17	14	20		08	12		21	25		13	11
Fylkesting for ungdom				05/07								
Vestland ungdomsutval		05	04	26	31				06	18	22	
Trafikksikrings- utvalet	Møteplan blir fastsett i møte 26.09.23											
Fylkeseldrerådet	25		14 (D)		07	13		28 (D)	26		13 (D)	09
Rådet for menneske med nedsett funksjonsevne	16 (D)	09 (D)	15	19 (D)	20 (D)	14		23 (D)	27		15 (D)	06
Yrkesopplærings- nemnda		13	7	9	21			28		10	13	
Vestlandsrådet	Møteplan blir fastsett i møte 16.11.23											

D er digitalt møte  
\*ikkje folkevald organ

---

**Saksnr:** 2022/486-107**Saksbehandlar:** Adeline Berntsen Landro

## Saksgang

Utval	Utv.saksnr.	Møtedato
Styret for Fagskulen Vestland	VS 21/23	07.12.2023

## Endring av namn på utdanninga "Driftsinspeksjon innan isolering"

### Forslag til vedtak

1. Namnet på utdanninga «Driftsinspeksjon innan isolering» vert endra til «Industriell isolering».

### Samandrag

Fagskulen Vestland har i samarbeid med Aker Solutions Stord utvikla eit 30 studiepoengs utdanningstilbod innan isoleringsfaget. Arbeidsgruppa som utarbeida studieplanen for studiet valde å kalle det «Fagforsterket operatør isolering. Namnet kunne ikkje godkjennast av sakkunnig komité og styret akkrediterte utdanninga med namnet «Driftsinspeksjon innan isolering» etter tilråding frå komiteen. Aker Solutions og fagmiljøet ved skulen har i etterkant føreslått å endre namnet til «Industriell isolering».

**Torbjørn Mjelstad**  
rektor

**Adeline Berntsen Landro**  
prorektor

*Saksframlegget er godkjent elektronisk og har difor inga handskriven underskrift*

## Saksutgreiing

### Bakgrunn for saka

Fagskulen Vestland har i samarbeid med Aker Solutions Stord utvikla eit 30 stp. utdanningstilbod innan isoleringsfaget. Arbeidsgruppa som utarbeidde studieplanen valde å kalle utdanninga «Fagforsterket operatør isolering». Under sakkunnig vurdering vart ikkje namnet godkjent, og det var føreslått å kalle utdanninga «Driftsinspeksjon innan isolering». Val av dette namnet var ikkje eit måkrav i seg sjølve, men eit forslag. Namnet Fagforsterket operatør isolering kunne ikkje godkjennast. Etter handsaming i sakkunnig komité vart utdanninga akkreditert av styret i møte 30.10.23, og tilrådinga til komiteen vart følgt.

I etterkant har miljøet på Stord ønskt å nytte eit anna namn, fordi dei meiner at namnet ikkje heilt treffer den kompetansen dei vil utvikle. Vidare vert det føreslått å endre namnet til «Industriell isolering». Forslag til namn har vore diskutert saman med fagmiljøet på skulen som har arbeidd med studieplanen, og dei er samde med forslag til endring.

Aker Solutions Stord skriv i sin grunngjeving for endring av namn følgjande:

«Aker Solutions ønskjer å gjennomføre utdanninga for å få fram kvalifisert personell som skal jobbe på fabrikkasjonsengineering og levere fabrikkasjons- og installasjonsunderlag til isolatørane ute. Personellet vil overordna sett arbeide som tilretteleggjarar for desse. Me i Aker Solutions, som jo tok initiativet til studiet, opplever at namnet dei sakkunnige valde ikkje er dekkande for det dei som skal gjennomgå kurset skal driva med i etterkant av kurset. Kandidatane skal tilrettelegge for bygging av installasjonar både for olje- og gassmarknaden og fornybarmarknaden. Som verft har me i liten grad oppdrag som går i retning av driftsinspeksjon – her bygger me installasjonar som seinare vert sett i drift av kunde. Inspeksjon vert i stor grad knytt til seinare faser i prosjektene enn det me som byggeverft er involvert i. Det gjer at namnet vert misvisande og noko me ønskjer å endra. Det nye namnet Industriell isolering meiner me – faglærarar og bedrift - rammer inn kompetansen til kandidatane betre enn det gamle namnet. Det knytter utdanninga til industrien og til faget – ein kombinasjon me meiner både kommuniserer med deltakarane og industrien.»

Rektor vurderer at forslag til namn, «Industriell isolering», gjev ei god forståing av kva utdanninga inneheld, og kan støtte forslaget til å endre namn. Namnet er også i tråd med dei generelle krava til namn for ei fagskuleutdanning. Vidare vurderer rektor at det ikkje er naudsynt med ei ny sakkunnig vurdering av namnet, då det er semje mellom både fagmiljøet og arbeidslivet, og namnet gjev ei forståing av kva kandidaten skal kunne når utdanninga er gjennomført.

### Vedtakskompetanse

Fagskular som har akkreditering for fagområde, kan sjølv akkreditere nye fagskuleutdanningar innan det akkreditere fagområdet, jf. fagskuleforskrifta § 48 (3). Styret ved fagskulen skal fastsetje plan for innhaldet i utdanninga, og bestemme korleis planen skal verte gjennomført, jf. fagskulelova § 17 første ledd.

### Konklusjon

På bakgrunn av saksframlegget vil rektor tilrå at utdanninga «Driftsinspeksjon innan isolering» endrar namn til «Industriell isolering».